

Ein Attraktiv Ørken

Ein analyse av Han-riket sin ekspansjon inn i Tarimbekkenet



Svein-Ingvar Elvik

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Universitet i Bergen

Ei masteravhandling i historie

Vår 2016

Forord

Det er mange som fortener ein stor takk i hjelpa med å fullføre denne masteravhandlinga. Fyrst og fremst så må eg seie tusen takk til min rettleiar, Jørgen Christian Meyer, som har vore ei utruleg kjelde til diskusjon, inspirasjon og støtte, samt eit auge for detaljar. Eg må og takke Thomas Larsen Høisæter, for gode råd og innspel undervegs og tips til litteratur og kjelder. Vidare vil eg og takke Eivind Heldaas Seeland og Ingvar Mæhle, og resten av antikk seminaret, som har vore til stor hjelp og gitt meg mange gode idear og kommentarar undervegs.

Eg vil gjerne og takke min familie, som alltid har støtta meg, og mine venner, som har holde ut med meg, og støtta meg mykje, spesielt dei siste månadane, tusen takk. Ein spesiell takk går her til Inge Helland Eliassen og Hilde Kristine Moe, som også har lese og kommentert på teksten min. Må og takke Siri Sofie Ovesen og Kjetil Andreas Nydal for absolutt nødvendige kaffipausar.

Svein-Ingvar Elvik

16.05.16

Abstract

This thesis will be dealing with the Han-dynasty (206BC-220AC) and the expansion of the empire into the area called Tarim Basin. The goal of this thesis will to analyse the motives behind the expansion and occupation of the Tarim Basin, by the Han-dynasty. In order to explore these motives there is also a need to explore different aspects regarding the relationship between the Han-dynasty and the Tarim Basin. First, an understanding of the Tarim Basin in itself, is needed, in order to understand the relationship between these two areas. Secondly, an understanding of the interaction between the Han-dynasty and the Xiongnu, a nomadic people, is also required. This has to do with the conflict between these two powers, early in the history of the Han-dynasty. The Xiongnu were also in control of the Tarim Basin at this point.

In order to determine the motivation behind the expansion of the Han-dynasty this thesis has narrowed its analysis down to three motivational factors. First, there is the defensive-strategy, which includes security issues of the Han and the possibility of establishing a better defence. With regard to this, the strategic importance of the Tarim Basin, will also be analysed. Secondly, the aspect regarding the Han empires sense of itself, as the centre of the world. The thesis will here explore how this was important for Han and how this worldview, was challenged. The importance of prestige to the empire is also a part of this discussion. Thirdly, the economic factor will be analysed. Here the thesis will explore the resources that existed in the Tarim Basin and around. The thesis will then discuss what resources that were of interest to Han, in the Tarim Basin. The thesis will also analyse the measures that Han took, in order to secure access to these resources.

This thesis will also borrow some theories, regarding imperialism, from research done, concerning, the Roman Empire. Here we will use the defensive and offensive approach to imperialism. This will be a helpful tool in the process of analysing the expansion of the Han Empire. The timeperiod, this thesis will be discussing, will mainly be the period from the start of the empire, in 206BC, and until Han established control over the Tarim Basin in 59BC. The thesis will also somewhat, draw on and discuss, the later Han-period (25-220AD)

INNHALDSLISTE

1.Introduksjon	1
1.1 Innleiing	1
1.2 Litteratur og forskning rundt Tarimbekkenet, Han-riket og Xiongnu-folket	1
1.2.1 Forsking på Tarimbekkenet	2
1.2.2 Han-riket sin relasjon til Xiongnu-folket	4
1.2.3 Ekspansjon inn i Tarimbekkenet	5
1.3 Problemstilling, avgrensing og struktur	8
1.4 Metodisk modell	9
1.5 Kjelder	11
1.5.1 Dei kinesiske historiske verka	11
1.5.2.1 Kharoshti-dokumenta	17
1.5.2.2 Dei sogdianske breva	17
1.5.2.3 Kjelder frå forskingslitteraturen	18
1.5.3 Arkeologisk materiale	19
1.6 Struktur på avhandlinga	20
Kapittel 2. Ekspansjon: Forsvars-strategisk	21
2.1 Utanrikspolitikk og Xiongnu-folket	22
2.2 Zhang Qian og jakta på allierte	30
2.3 Den forsvars-strategiske fordelen av ekspansjonen	34
2.3.1 Militære styrker	34
2.3.2 Utbygging og forsterking av forsvarsverk	39
2.3.3 Viktigheita av Tarimbekkenet	40
2.4 Kapittelkonklusjon	43
Kapittel 3. Ekspansjon: Verdsoppfatning	45
3.1 Han-riket si verdsoppfatning	45
3.2 Ideologisk forandring	47
3.3 Stadfestning av Han-riket si verdsoppfatning	50

3.4 Utvikling vidare inn i Tarimbekkenet	52
3.5 Prestisje	56
3.6 Kapittelkonklusjon	59
Kapittel 4. Ekspansjon: Økonomisk motivasjon	60
4.1 Ressursar i og rundt Tarimbekkenet	60
4.2 Ressursar av interesse for Han-riket	65
4.3 Khotan som sentral aktør	70
4.4 Utveksling av ressursar	74
4.5 Tilrettelegging for handel og sikring av ressursar	78
4.6 Kapittelkonklusjon	85
Kapittel 5. Konklusjon	86
Bibliografi	90
Appendiks	94

1. Introduksjon

1.1 Innleiing

Han-riket (206 fvt-220 evt) blir ofte omtala som ein gullalder i kinesiske historie. Dette var blant anna ein periode i kinesisk historie, der riket strekte sine grenser utover i alle retningar. Det meste av denne ekspansjonen skjedde under keisar Wu, som var keisar i perioden mellom 140-87 fvt. Den mest ekstensive og det som utgjorde den største delen av denne ekspansjonen skjedde vestover og inn i Sentral-Asia. Eit av områda som Han-riket ekspanderte inn i var Tarimbekkenet. Tarimbekkenet er i dag ein del av den kinesiske provinsen Xinjiang, nord-vest i landet. Geografisk er Tarimbekkenet avgrensa av Pamir-fjella i vest, som deler seg opp i, Tian Shan fjella Kunlun fjella. Desse fjella strekker seg vidare austover og dannar den henholdsvis nordlege og sørlege grensa for Tarimbekkenet. Ein stor del av området består av ørken, og både Taklamakan-ørkenen og Lop ørkenen er å finne i dette området. Dette er derfor eit av dei mest ugjestmilde områda ein kan finne på jorda. Kva var det så som gjorde Tarimbekkenet interessant for Han-riket å ekspandera inn i?

I perioden Han-riket sin periode, så var Tarimbekkenet omringa av, blant anna Xiongnu-folket, eit nomadisk folkeslag, i nord/nord aust, Han-riket i aust og det Kushanske riket til vest. I tillegg til dette så var det og fleire politiske einheitar i Tarimbekkenet, som Han-riket måtte forholde seg til. For å forstå Han-riket sin relasjon til Tarimbekkenet, så må ein også opparbeide seg ein forståing av dei andre politiske aktørane i området.

Det som er målet for avhandlinga er å analysera Han-riket sin ekspansjon inn i Tarimbekkenet. I denne samanheng så er det nokre tema i forskingslitteraturen som er meir relevant enn andre. Det kjem her til å bli presentert forskning, som er gjort rundt tema Tarimbekkenet, Han-riket og Tarimbekkenet og Han-riket sin relasjon til Xiongnu-folket. Det kjem her til å bli påpeikt manglar innanfor denne forskinga, som igjen kjem til å forklare problemstillinga til avhandlinga. Det fyrste som kjem til å bli presentert er tidleg utforsking og forskning rundt Tarimbekkenet, sidan dette er basis for all nyare forskning rundt temaet.

1.2 Litteratur og forskning rundt Tarimbekkenet, Han-riket og Xiongnu-folket

Når det kjem til pioner forskning rundt Tarimbekkenet, så er det verd å merke seg Sven Heidin. Han var tidleg ute med å utforske området og leia tre ekspedisjonar til området mellom 1893-1908. Han hadde også ein fjerde ekspedisjon mellom 1927 og 35. Basert på desse ekspedisjonane så laga han ei oversikt over geografien til områda han utforska. I tillegg tok

han også geologiske prøver og la fram skildringar av dei utfordringane han støtte gjennom ekspedisjonane sine. Andre tidlegare forskarar, som er verdt å nemne i den tidlege utforskinga av den austlege silkevegen er Paul Pelliot, Albert von Le Coq og Otani Kozui. Alle desse forskarane dreiv med pioner arbeid, som har vore viktig for å drive med nyare forskning rundt temaet. Nyare forskning skylder desse pionerane ein stor takk for arbeidet dei la ned og mogleikane dei gav andre.

Framstillinga av nyare forskingslitteratur kjem til å bli gjort tematisk. Fyrst kjem litteratur, som omhandlar Tarimbekkenet til å bli diskutert. Vidare kjem litteratur som drøfter relasjonen mellom Han-riket og Xiongnu-folket. Til slutt kjem den litteraturen som tar for seg Han-riket sin ekspansjon inn i Tarimbekkenet. Det kjem her til å vere noko overlapping i temaet, som den forskjellige litteraturen tar for seg.

1.2.1 Forsking på Tarimbekkenet

Det er derimot ein av pioner forskarane som står meir sentralt enn desse, nemleg Sir Aurel Stein. Stein er framleis utruleg relevant for dei, som skal arbeide med, Tarimbekkenet. Stein gjennomførte fire ekspedisjonar, til Sentral-Asia, gjennom si karriere, i 1900-01, 1906-08, 1913-16 og i 1930. Gjennom desse ekspedisjonane openberra han nye arkeologiske skattar frå tidlegare sivilisasjonar. Her er det snakk om alt frå enkelt dokument til forsvarsverk. Dette kartla han og publiserte i sine mange, omfattande, vitenskaplege verk. Hans bidrag til forskning gjekk og ut på undersøkingar av dei stadane han fant. Dette arbeidet gjekk, blant anna, ut på å vurdere størrelsen, befolkningstal og levemåte. Eksempel på dette kan ein finn i hans undersøking av Khotan.¹ Han gjorde og ein viktig jobb med å knytte dei forskjellige stadane han fant, med den informasjonen han fekk frå dei historiske verka, frå antikken, han hadde tilgjengeleg. Dette var kinesiske verk, der delar hadde blitt omsett, av Edouard Chavannes. Han var og til hjelp for Stein gjennom at han omsette ein del dokument, Stein fant på sine ekspedisjonar, frå kinesisk til fransk.

Ein som har gjort ekstensiv forskning på noko av materialet, som Stein fann, er Joe Cribb. Hans fokus var på mynter frå Tarimbekkenet, og då med spesielt fokus på sino-kharosthi myntene. Han har undersøkt dateringa til myntane og deira relevanse til Kushan-riket sin kronologi. Dette har han gjort gjennom ein artikkelserie, som består av to deler.² Arbeidet hans kjem og inn på Khotan, på grunn av at myntane blei funnet der og i området rundt. Han

¹ Aurel Stein, 1975,

² J. O. E. Cribb, 1984; J. O. E. Cribb, 1985

diskuterer på bakgrunn av det kva dei kan seie om byen og dens internasjonale forbindingar. Han meiner blant anna at funnet av desse myntane tyder på at Khotan var ein sentral mellomstasjon mellom aust og vest i Sentral-Asia.³

Myntar er også noko Helen Wang trekker og fram og diskuterer, i verket sitt, *Money on the Silk Road: The evidence from Eastern Central Asia to c. AD 800*.⁴ Her er det spesielt fokus på dei myntane, som Stein fann, gjennom sine ekspedisjonar, men ho legg og fram og drøfter dokument ein har funne, i samband med nyare utgravingar, i moderne tid. I tillegg til dette, så ho trekker og inn noko anna arkeologisk materiale i drøftingane sine. Dokumenta ho trekker fram inneheld informasjon om mynter og myntbruk i Tarimbekkenet. I verket fylgjer det og med ein katalogisering av myntane, som Stein fant. Dette arbeidet, til Wang, er veldig nyttig for å opparbeide seg ein god forståing av bruk av pengar i Tarimbekkenet, i den tidlege perioden.

Ein anna som har gjort eit verdifult arbeid med Tarimbekkenet er John E. Hill. I boka *Through the Jade Gate To Rome*⁵ legg han fyrst og fremst fram ein omsetjing, av det som omhandlar, dei vestlege regionane i *Hou Hanshu*. Denne omsetjinga er uvurderleg for dei som ynskjer å forske på Tarimbekkenet, spesielt i den seinare Han-perioden. Han gjer og eit fantastisk arbeid å diskutere dei stadnamna ein møter på i omsetjinga og kva og kor dei stadane kan ligge i dag. Dette gjer han ved hjelp av undersøkingar av ulikt kjeldemateriale. Han diskuterer og kva som står i kjelda og knytt det saman, ved bruk av anna litteratur, til å skape eit større bilete og forståing.

Tomas Høisæter sett og eit veldig fokus på Tarimbekkenet, gjennom si masteravhandling, *Beyond the White Dragon Mounds*.⁶ Her diskuterer han om bystatane i Tarimbekkenet låg til grunn for framveksten av silkevegen. Dette kjem som ein motpol til mykje av tidlegare forskning, som ofte har fokus på dei store rika rundt Tarimbekkenet, som forklaring på dette. Han kjem likevel med ein del synspunkt rundt interaksjon som skjedde i Tarimbekkenet, og er der innom, viktigheita av Tarimbekkenet for Xiongnu-folket.⁷ I tillegg til dette har han og ein god diskusjon rundt mynter i Tarimbekkenet, her er det spesielt sino-kharosthi-myntene, som

³ Cribb, 1984, 150

⁴ Helen Wang, 2004,

⁵ J.E. Hill, 2009,

⁶ Tomas Høisæter, "Beyond the White Dragon Mounds: The Politics of the Tarim Basin in the First Three Centuries Ce, Their Rise and Importance for Trade on the Silk Road Tomas" (University of Bergen, 2013),

⁷ Ibid, 59

kan vise til at Khotan fungerte, som bindeledd mellom ulike stater. Han meiner og at desse myntane kan ha ført til at handel mellom forskjellige statar blei gjort enklare.⁸

1.2.2 Han-riket sin relasjon til Xiongnu-folket

I samanheng med Han-riket og deira forhold til Tarimbekkenet, så er det og viktig å sette seg inn i, Han-riket sin relasjon til Xiongnu-folket, sidan dei kontrollerte Tarimbekkenet tidleg i Han-perioden. Nicola di Cosmo har og gjennom sitt arbeid hatt eit fokus på Tarimbekkenet. Han gjer, blant anna, ei oversikteleg og god innføring om antikke bystatar i Tarimbekkenet i teksten *Ancient City-States of the Tarim Basin*.⁹ For denne avhandlinga er det derimot hans arbeid med Xiongnu-folket, som er relevant. I boka hans *Ancient China and its Enemies* finn ein mykje av dette arbeidet. Hans fokus er mykje retta mot Xiongnu-folket og deira opprinning, men kjem og inn på Han-riket. Her legg han blant anna fram forholdet mellom Han-riket i den tidlege periode og Xiongnu-folket. Dette er eit forhold som han, blant anna, meiner var audmjukande for Han-riket.¹⁰

Ein anna forskar som er viktig for denne avhandlinga er Chun-shu Chang. Hans verk *The Rise of the Chinese Empire*, skriven over to bind, tar for seg korleis Kina, gjennom fleire dynasti, blei eit keisarrike.¹¹ Hovudfokuset for hans arbeidd ligg på Han-dynastiet og spesielt då keisar Wu (r.140-87fvt), som oversåg den største ekspansjonen av Han-riket. I dette verket går han grundig til verks for å forklare korleis Han-riket bygde seg opp for å kunne foreta seg den ekspansjonen som skjedde. Chang går og inn på ekspansjonen og det han kallar koloniseringa av dei vestlege områda.¹² Her forklarar han i detaljert form korleis Han-riket overtar desse områda, og diskutera i stor grad korleis dei blei organisert. Det han legg fram går nesten utelukkande på dei faktorane som gjorde det mogleg for Han-riket å ekspandere. Han gjer og ei framstilling av korleis Han-riket administrerte Tarimbekkenet, etter at dei hadde etablert kontroll. I forbindelesen med ekspansjonen kjem han også inn på forholdet mellom Han-riket og Xiongnu-folket. Han legg her fram at ekspansjonen til Han-riket var grunna i at sikkerheita til riket var trua av Xiongnu-folket.¹³ I likheit med mange av dei nemnd ovanfor, er ikkje dette noko han behandlar i stor grad.

⁸ Ibid, 102

⁹ Nicola Di Comso, 2000,

¹⁰ Ibid, 208-211

¹¹ C. Chang, 2007, ; C. Chang, 2007,

¹² Chang, 2007, kap 4

¹³ Ibid, 145

I nyare forskning rundt Han-riket og Xiongnu-folket, så er det verdt å trekke fram Sophia-Karin Psarras. I artikkelen *Han and Xiongnu: A Reexamination of cultural and political relations* frå 2003 så går ho inn og utforskar forholdet mellom Han-riket og Xiongnu.¹⁴ Her går ho ofte i diskusjon med tidlegare syn, som har blitt lagt fram i tidlegare forskning, blant anna gjennom ein re-evaluering og diskusjon rundt den informasjonen ein finn i kinesiske historiske verk frå perioden i og rundt Han-dynastiet. Mykje av argumentasjonen hennar går på det, at forholdet mellom Han-riket og Xiongnu-folket ikkje var så skeivt fordelt, som tidlegare forskning har lagt fram, men at det var meir eit likeverdig forhold der begge parter fekk noko ut av å holde freden.¹⁵ Her representerer Psarras eit motpunkt til, blant anna, Di Cosmo, når det kjem til forholdet, mellom Han-riket og Xiongnu-folket i tidleg Han-periode.

1.2.3 Ekspansjon inn i Tarimbekkenet

Ein som diskuterer Han-dynastiet og ekspansjonen vestover er Ying-shi Yü. I sitt verk *Trade and Expansion in Han China*, frå 1967. Her fokuserer han på Han-dynastiet sin ekspansjon og korleis handel spelte ei rolle, og låg bak denne ekspansjonen.¹⁶ Han har og bidratt til *The Cambridge Companion to the History of Central Asia* og til *The Cambridge History of early inner Asia* frå 1986.¹⁷ Mykje av fokuset i arbeidet hans ligg først og fremst på relasjonane mellom Han og det han kallar barbarar. Her er det spesielt snakk om Xiongnu-folket og deira forhold med Han-riket. Det, som han legg fram, er korleis det var konflikten mellom Han-dynastiet og dei, var pådrivar for både tributsystemet, handel og ekspansjonen til Han-riket.¹⁸ Yü diskuterer og forholdet mellom Han-dynastiet og andre nomadestammar som vidare påverka utviklinga. Yü går og inn på dei vestlege områda og, men behandlar Tarimbekkenet veldig lite bortsett frå nokre merknadar rundt viktigeita av Khotan som handelssentrum.¹⁹ Dette er altså noko som er mangelfullt i Yü sin analyse og reflekterer også det tradisjonelle synet i forskning på området, der fokuset ofte var på dei store rika.

Fokuset hans er her meir retta mot handelsforbindingane mellom Kina og Roma gjennom India og Parthia. Fokuset hans her ligg altså på dei store rika og ikkje så mykje på 'periferien', Tarimbekkenet. Han gjer ikkje noko forsøk på å analysere korleis Tarimbekkenet i seg sjølv kan vore eit økonomisk viktig område for Han-riket og kvifor Han-riket derfor ynskja å

¹⁴ Sophia-Karin Psarras, 2003

¹⁵ Ibid, 141

¹⁶ Y. Yü, 1967, kap 5-7

¹⁷ Y. Yü, 1986, kap 6

¹⁸ Yü, 1967, kap 3 og 4

¹⁹ Ibid, 153-54

kontrollere det. I den delen som han har i *The Cambridge History of early Inner Asia*,²⁰ så går han derimot meir inn på kampen om dei vestlege regionane mellom Han-riket og Xiongnu-folket. Igjen så ligg fokuset hans i aller høgaste grad på forholdet mellom Han-riket og Xiongnu-folket. Denne diskusjonen er igjen mangelfull med tanke på eigenverdien av å kontrollere Tarimbekkenet. Mykje av det han legg fram om Han-riket og Xiongnu-folket går ut på at det var ein kamp for Han-riket å komme seg vekk frå eit forhold der dei var underdanig Xiongnu-folket.²¹

Ein som representerer ein motpol, til det økonomiske synet til Yü, er Manfred Raschke, gjennom sitt verk, *New studies in the Roman Commerce with the East* frå 1978.²² Her legg han fram sin teori om at spreinga av kinesiske varer ikkje skjedde gjennom handel, men heller gjennom tribut og gåvesystem der nomadar mottok varer frå kinesiske myndigheter som dei vidare brukte til å bytte til seg andre varer.²³ Han legg derfor fram at Han sin ekspansjon inn i Tarimbekkenet ikkje hadde noko økonomisk motiverande faktor bak seg.²⁴ Han meiner, at sjølv om det sjølv sagt var ein militærfaktor inn i bilete, gjennom og svekke Xiongnu-folket si makt, så var det og ein politisk faktor, som spelte ei rolle.²⁵ Denne faktoren meiner han gjekk ut på å auke statusen til keisarriket gjennom å vise til at byar og statar langt vekke aksepterte Han-riket sitt overherredøme.²⁶ Dette er derimot ikkje hovud fokuset hans, det ligg meir på korleis varer, og da spesielt silke, bevegde seg over store avstandar, frå aust til vest.

Diskusjon rundt handel og årsakar til Han-riket sin ekspansjon inn i Tarimbekkenet er og noko, som er tema i meir nyleg forskning. Valerie Hansen argumenterer, gjennom bruk av dokument funne i Tarimbekkenet, for korleis interaksjon langs silkevegen fungerte. Ho går blant anna inn på korleis og i kva grad handel, spreiking av religion, kultur og språk føregjekk. I boka *Silk Road: A New History* frå 2012 fortel ho, på bakgrunn av hovudsakleg dokument som er funnet, om hovudhendingane til det ho kallar oasesamfunna og deira kulturelle interaksjon.²⁷ Ho legg og fram omrisset av korleis handelen sin natur var langs den austlege

²⁰ Yü, 1986, kap 6

²¹ Yü, 1967, 8-12

²² M. G. Raschke, 1978,

²³ Ibid, 616

²⁴ Ibid, 617-18

²⁵ Ibid, 618

²⁶ Ibid, , 618

²⁷ Valerie Hansen, 2012,

delen av silkevegen. Her tar ho utgangspunkt i bystatar i Tarimbekkenet som grunnlag for diskusjonen. Tidsspennet ho arbeider med er ca 200 fvt til 1000 evt.

Noko av det ho argumenterer for er blant anna at handel skjedde i små mengder over korte avstandar.²⁸ Ho går og inn på Han sin ekspansjon vestover og inn i Tarimbekkenet. Her er ho veldig bombastisk i sin påstand om at ekspansjonen inn i Tarimbekkenet utelukkande skjedde som eit forsvar mot Xiongnu-folket.²⁹ Her er manglar det derimot ei grundigare analyse av korleis ekspansjonen inn i Tarimbekkenet fungerte som eit forsvar mot Xiongnu-folket. Dette er heller ikkje noko ho særleg fokus på i arbeidet sitt, sjølv om ho kjem inn på det i ein liten grad.

Ei anna som også diskuterer handel langs silkevegen og Han-riket sin ekspansjon, er Luce Boulnois. I boka *Silk Road: Warrior, monks and Merchants* tar ho for seg historia til silkevegen frå rundt Han-dynastiet heilt fram til det 20. hundreåret, når arkeologar og andre utforskarar, begynte å bevege seg inn i desse områda.³⁰ Mykje av verket behandlar handel og ho legg fram eit syn om at handel føregjekk, både på grunn av, og mellom dei større rika, som eksisterte langs silkevegen på ulike tidspunkt. Meir relevant for denne avhandlinga er kapitla 3-5 der ho tar for seg Han dynastiet og ekspansjonen vestover og diskuterer kvifor denne ekspansjonen skjedde. Eit av poenga hennar her er det at sjølv om det låg ein ganske klar militær grunn bak ekspansjonen så meiner ho at det er usannsynleg at dette er den einaste årsaka til den.³¹ Dette er dessverre ikkje noko ho diskuterer særleg vidare, og prøver heller ikkje å forklare kva for andre årsakar, som eventuelt kan ha låge bak ekspansjonen. Ho nemner derimot at det er sannsynleg at Han-riket hadde ein økonomisk interesse i området, men igjen så er dette noko som ikkje blir analysert vidare.³²

Xinru Liu behandlar og Han-riket sin vestlege ekspansjon i sitt verk om silkevegen *The Silk Road in World History*.³³ I verket gir ho ein oversikt over silkevegen si utvikling opp gjennom historia i aust med fokus rundt dei større rika som ho meiner var med på og påverka og utvikla silkevegen. I diskusjonen rundt Han sin ekspansjon vestover så legg ho til grunn at den nok hadde eit grunnlag i militær motivasjon.³⁴ Ho meiner i tillegg at det nok også var eit

²⁸ Ibid, 237

²⁹ Ibid, 236

³⁰ L. Boulnois, B. Mayhew, and A. Sheng, 2012,

³¹ Ibid, 87

³² Ibid, 88

³³ Xinru Liu, 2010,

³⁴ Ibid, 6-7

innslag av økonomisk motivasjon gjennom større tilgang til luksusvarer.³⁵ Her trekker ho fram varer frå India og Roma, noko som heng saman med fokuset på dei større rika. Sjølv om ho nemner at Han-riket gradvis tok kontroll over bystatar så går ho ikkje inn på kva dei faktisk fekk ut av denne kontrollen, anna enn kontroll over handelsvegane. Det er derimot heilt klart at i hennar syn, så var handel og tilgang til varer, ein større motiverande faktor, enn for eksempel, det Hansen meiner. Samtidig så manglar det også her ein analyse av kva for ressursar ein faktisk kunne finne i sjølve Tarimbekkenet og om dette var av interesse for Han-riket. Det manglar også her ein analyse av kva Han-riket tente, militært, på ekspansjonen.

Slik som ein ser her så er det mange i tidlegare forskning, som har forskjellige meiningar rundt, kvifor Han-riket ekspanderte inn i Tarimbekkenet. Både Yü, Liu og til ein viss grad Boulnois, meiner at det var ein økonomisk årsak som låg bak denne ekspansjonen. For Yü sin del så er det handel og kontakt med dei store rika rundt Tarimbekkenet som er fokuset. Liu trekker og fram at tilgangen til handelsruta var ein viktig årsak til ekspansjonen. Boulnois ser på det som sannsynleg at det var ein økonomisk motivasjon bak, men drøfter ikkje dette vidare. Gjennom dette ser ein at det er mangelfull drøfting rundt den økonomiske viktigheita av sjølve Tarimbekkenet, og at området blir behandla som ein periferi.

Denne behandlinga kan ein og finne igjen hos dei som meiner at Han-riket sin ekspansjon var basert på forsvars-strategiske eller sikkerheitsmessige årsakar. Hansen, som meiner at det var for å forsvare seg mot Xiongnu-folket, har ikkje nokon analyse av korleis ekspansjonen til Han-riket kunne hjelpe til dette anna enn å ta vekk kontrollen frå Xiongnu-folket. Chang meiner og at det var trusselen frå Xiongnu-folket, som låg bak ekspansjonen. Han manglar og ein analyse av korleis okkupasjonen av Tarimbekkenet fungerte som eit mottiltak mot dette.

Raschke peiker og på at det kan ha vore ein politisk motivasjon bak ekspansjonen. Her meiner han at det låg eit ynskje om at Han-riket ynskja å auke statusen sin gjennom å få andre statar til å akseptere deira overherredøme, men dette er ikkje noko han utforskar vidare. Ein ser her, at det totalt sett, manglar ei skikkeleg analyse i forskingslitteraturen, rundt dei motivarande faktorane til kvifor Han-riket ekspanderte inn i Tarimbekkenet.

1.3 Problemstilling, avgrensing og struktur

Hovudproblemstillingane for avhandlinga kjem derfor til å vere følgande: Kva var dei motiverande faktorane som låg bak Han-dynastiet sin ekspansjon inn i Tarmbekkenet og

³⁵ Ibid, 8

okkupasjon av området? For å kunne svare på denne problemstillinga kjem me til å dele motivasjon inn i tre motiverande faktorar. Dette kjem til å vere den forsvars-strategiske, verdsoppfatning og den økonomiske motivasjonen.

I diskusjonen om den forsvars-strategiske motivasjonen, så kjem det til å bli undersøkt om det var eit spørsmål rundt sikkerheten til riket som låg bak ekspansjonen. Vidare så kjem det til å bli analysert om ekspansjonen var noko som førte til at det blei enklare å forsvare riket. Den andre motiverande faktoren som kjem til å bli diskutert er den verdsoppfatninga til Han-riket. Utrykket verdsoppfatning kjem her til å delast inn i to kategoriar. Den eine kategorien går ut på, korleis Han-riket oppfatta seg sjølv og sin plass i verda. Den andre kategorien inkluderer korleis Han-riket ville at andre statar, skulle oppfatte dei. Det siste analysekapittelet kjem ein til å undersøke den økonomiske motivasjonen bak ekspansjonen. Her kjem avhandlinga til å sette Tarimbekkenet meir i sentrum for diskusjonen. Det blir her viktig å analysere kva for ressursar som var tilgjengeleg i Tarimbekkenet. Vidare kjem me til å analysere om det var nokre av desse, som var av spesiell interesse for Han-riket. I tillegg så kjem og viktigheita av Khotan, for Han-riket, til å bli undersøkt. I samanheng med dette kjem det og til å bli diskutert korleis utvekslinga av ressursar gjekk føre seg i området. Dette er på grunn av ueinigheitane ein finn i forskingslitteraturen, kring omfanget av handel i området, her kjem også den økonomiske sida av tribut, til å bli trekt inn. Til slutt i dette kapittelet så skal me undersøke om Han-riket gjorde nokre spesifikke tiltak for å sikre tilgang til Tarimbekkenet og ressursane der.

1.4 Metodisk modell

I samanheng med at ein skal diskutere ekspansjonen til eit rike, spesielt eit rike så stort som Han-rike, så er det naturleg å snakke om imperialism. På grunn av mangel på i teoretisk forskning rundt Han-riket sin ekspansjon, inn i Tarimbekkenet, så kjem denne avhandlinga til å låne tilnærmingar og uttrykk frå forskning som har blitt gjort rundt romersk imperialism. Dette er mykje på grunn fordi det i begge tilfella er snakk om store, pre-industrielle, imperium. Dette betyr ikkje at dei utelukkande kan sidestilla, men nokon av prinsippa er dei same. I tillegg til dette så kjem me og til å dra parallellar til meir moderne former for imperialism for å eksemplifisere kva som er meininga.

Både det romerske imperium og Han-riket utvikla seg under andre forhold enn det som er gjeldande i moderne tid, men dei nytta seg likevel av ei rekke forskjellige strategiar for å utøve makt og kontrollere områder. Ingen riker er det same, og imperialism kan ta mange

forskjellige former. På grunn av dette skal ein derfor vere forsiktig når ein nyttar seg av dette ordet. For å kunne bruke imperialismen, som eit analytisk uttrykk, er det derfor viktig å definere kva ein meiner med det. I denne avhandlinga kjem me til å nytte oss av to måtar å tilnærma seg imperialismen på. Den fyrste er den defensive imperialismen. Denne tar utgangspunkt i Romerriket sin eigen preferanse, om at det aldri var ute etter å skape eit imperium, men at det gjorde som det gjorde ut av sikkerheitsårsaker.³⁶ Dette var på grunn av truslar mot dei sjølve, deira eigeidom eller deira allierte. Det spela ingen rolle her om desse truslane var imaginære eller ekte, dei førte likevel til kraftige reaksjonar, som resulterte i ei utviding av territorial kontroll.

Denne tilnærminga til romersk imperialismen blei fyrst ytra av Theodor Mommsen på midten av 1800-talet og vidare utvikla av Maurice Holleaux, Ernst Badian og Tenney Frank på byrjinga av 1900-talet.³⁷ Ei slik tilnærming til imperialismen kan for eksempel samanliknast med USA sin invasjon av Vietnam, der målet ikkje var å erobra nye landområder, men å halde tilbake spreidinga av kommunismen. Dette var og noko dei gjorde for å støtta ein av sine allierte, Frankrike.

Den andre tilnærminga til imperialismen får ein gjennom W. V. Harris. I hans verk *War and Imperialism in Republican Rome 327-70* finn ein det fyrste og lengste angrepet på den defensive imperialismen.³⁸ Dette angrepet starta og ein større debatt kring dette temaet. Fokuset i Harris si tilnærming til romersk imperialismen, ligg på det militære etos i det romerske samfunn, samt søken etter ære gjennom krigføring. Dette bygdte vidare på teorien til Joseph Schumpeter, som hadde hevda dette, tidlegare på 1900-talet.³⁹ Vidare meinte Harris at romersk imperialismen hang saman med søken etter økonomisk gevinst som eit resultat av ekspansjon.⁴⁰ Harris sin tilnærming, til romersk imperialismen er derfor, ei tilnærming, som definerer Romerriket, som den aggressive parten.

Eksempel på denne typen imperialismen finn ein ofte i imperialismen på 1800- og 1900-talet der europeiske statar ofte var ute etter å finne nye marknader for varene sine, samtidig som at dei var ute etter å sikre seg tilgang til fleire råvarer. Eit spesifikt eksempel på dette er Opiumskrigane (1839-42, 1856-60), som Storbritannia førte med Kina, for å få handelsavtalar med landet, hovudsakeleg for å selje opium. Eit viktig element for dei europeiske maktene var

³⁶ Craige B. Champion, 2004, 4

³⁷ Ibid, 4-5

³⁸ Ibid, 5

³⁹ Ibid, 5

⁴⁰ Ibid, 17

og ofte rikets ære og storheit. Desse to tilnærmingane til imperialism, kjem til å bli brukt, som støttande verktøy, for å betre kunne analysere og forklare både kvifor og korleis Han-riket gjekk fram, i ekspansjonen av riket.

1.5 Kjelder

I hovudsak kjem denne av handlinga til å basere seg på skriftlege kjelder. Dei mest sentrale skriftlege kjeldene kjem til å vere, dei kinesiske historiske verka, frå perioden rundt Han-dynastiet. Andre skriftlege kjelder, som kjem til å bli nytte i noko mindre grad, kjem til å bestå av kharosthi-dokumenta og dei sogdianske breva. Både kharosthi-dokumenta og dei sogdianske breva blei funne av Sir Aurel Stein. Kharoshiti-dokumenta blei seinare oversatt av Tomas Burrow, medan dei sogdianske breva blei oversett av Prof. Nicholas Sims-Williams. Andre dokument som kjem til å bli nytta er diverse dokument som omhandlar bruk av penger i Tarimbekkenet og kjem til å bli henta frå Wang sitt arbeidet der mykje av dette er samla på ein oversiktleg måte. Anna materiale som kjem til å bli tatt i bruk er det arkeologiske materialet som blei avdekka av Stein, her kjem det til å vere hans utforsking av kinesiske forsvarsverk inn i Tarimbekkenet som blir sentralt.

1.5.1 Dei kinesiske historiske verka

Dei historiske verka som denne avhandlinga kjem til å nytta seg av er *Shiji*, av Sima Qian, *Hanshu*, av Ban Gu og *Hou Hanshu*, av Fan Ye. Dei to fyrste verka blei skriven under Han-riket sin periode og skildrar då samtida. Fan Ye sin *Hou Hanshu* blei derimot skrivne etter Han-dynastiet si tid, men desse bygger mykje av innhaldet om Han på rapportar og andre historiske verk frå Han-perioden. Det er ein del felles trekk ved desse historikarane som me kjem til å gå gjennom først før me går inn på dei enkelte verka.

Alle desse historikarane, som her er nemnt, hadde stillingar ved hoffet. I tillegg betyr det at dei og hadde fått opplæring i korleis ein skulle bruke arkiv og korleis ein skulle behandle tekster. Dei hadde og alle opplæring i eldre tekster.⁴¹ Om ein samanliknar dette med andre historieskrivarar frå same periode, for eksempel greske og romerske, så ser ein at dette er ganske uvanleg. Gjennom dette fekk nokon av dei tilgang til offentlege arkiv. Dei fekk og tilgang til rapportar og meldingar, som blei sendt ut og som kom til hoffet. Slik informasjon må ha vore nyttig for alle desse historieskrivarane, spesielt med tanke på at ingen av dei personleg reiste vestover til Tarimbekkenet. I dei tilfella der desse historikarane arbeider med

⁴¹ William H. Nienhauser, 2011, kap 19 Stephen W. Durrant, 2011, kap 20. Informasjonen her er ein samanfatning av det som blir presentert om dei forskjellige kinesiske historikarane i desse kapitla.

tema eller periodar som hende før deira levetid så er det og felles for dei at dei nyttar seg av tidlegare skrivne rapportar og dokument frå den tida som er relevant.

Ein anna faktor ved desse kjeldene, er at desse verka blei skriven for byråkratar av byråkratar.⁴² Dette blir viktig for å trekke fram at den informasjonen som står her var meint som noko ein kunne bruka, enten av administrasjonen i samtida eller av seinare. Sidan dette var informasjon som det var meininga at ein skulle kunne nytte seg av, så blir det sett på som mindre sannsynleg at det blei fabrikkert. Dette betyr ikkje at det nødvendigvis var heilt korrekt, men det betyr at dei nok har prøvd å vere så nøyaktig som mogleg. Dette gjelder nok spesielt tala ein får oppgitt angående avstandar, husstandar og liknande. På denne måten kan det bli sett på som ein slags kvalitetssikring.

Det at desse verka skulle kunne brukast til noko, betyr vidare at det var ein tanke bak det som blei skriven ned. Ein skreiv ikkje berre ned informasjon for informasjonene sin del og inkluderte ikkje noko, som ikkje var relevant. Det som står i desse kjeldene var derfor viktig for dei som styrte og administrerte og gjennom desse kjeldene kan ein derfor sei noko om kva som var viktige fokusområder for nettopp dei som styrte og administrerte. Framstillinga av informasjon kan i visse tilfelle komme gjennom anekdote, samtalar eller talar. Mykje av informasjonen ein finn, spesielt om statane i Tarimbekkenet blir derimot framstilt på ein oppramsande måte som minner mykje om rapportar. Dette har nok noko å gjere med at mykje av informasjonen bygger, på militærrapportar og andre offentlege dokument.

1.5.1.1 Sima Qian – *Shiji* (Den store historikerens nedteikningar)

Sima Qian blei mest sannsynleg født i år 145fvt.⁴³ Han fekk i tidleg alder opplæring av lærde menn. Han satt og ut på ei lang reise for å utforske og lære meir om riket og verda. På desse reisene fekk han tilgang til munnlege forteljingar frå ulike delar av riket. I tillegg er det og svært mogleg at han fekk tilgang til fleire bibliotek som låg rundt i provinsane. Etter at han reiste tilbake til hovudstaden, Chang'an i år 122fvt fekk han sin fyrste stilling ved hoffet. Gjennom denne stillinga blei han sendt rundt i riket på ulike oppdrag, der han også samla informasjon, som han seinare brukte i verket *Shiji*.⁴⁴ I år 105fvt fekk han stilling som Stor Skriftlærd ved hoffet. Gjennom denne stillinga fekk han tilgang til det keisarlege bibliotek og arkiv.⁴⁵

⁴² H. Bielenstein, 1953, 23; A.F.P. Hulsewé and M. Loewe, 1979, 5

⁴³ Nienhauser, 2011, 461

⁴⁴ Ibid, 466-67

⁴⁵ Ibid, 467

Dette var samlingar som hadde vokse seg større under det fyrste århundre av Han-dynastiet sitt styre.⁴⁶ I åra mellom 103-99fvt fekk han og ansvar med og organisere desse samlingane med dokument og arkiv. Seinare blei han og personleg sekretær for keisaren der han blant anna hadde ansvar for å skrive ut erklæringar og sende ut keisarlege ordrar. Sima Qian var altså ein mann som i tidleg alder hadde fått opplæring av lærde menn. Han hadde og reist rundt og samla informasjon frå forskjellige deler av riket. Dette betyr at han hadde tilgang til mykje informasjon, spesielt om samtida, frå offentlege dokument og arkiv. Alt dette var nok nyttig når han skulle skrive verket *Shiji*. Den tilgangen til offentlege dokument og arkiv, som det her er argumentert for at Qian hadde, betyr vidare at informasjonen ein finn i verket er noko ein kan vere nokolunde sikker på at stemmer.

Shiji er eit enormt historisk verk som tar for seg dei forskjellige herskarane i dei kinesiske dynastia i kronologisk rekkefølge frå den tidlegaste fram til keisar Wu (156-87fvt), som var keisar medan Sima Qian levde. Verket blei fyrst starta av faren til Sima Qian, Sima Tan, og Qian fortsette arbeidet faren hadde starta.⁴⁷ Her er det eit problem at ein ikkje veit kva som er skrive av Sima Tan og kva som er skriven av Sima Qian. Det er framleis Sima Qian, som blir sett på som hovudforfattar, og det er han denne avhandlinga kjem til å referere til når det er snakk om forfattarskapet til dette verket. For denne avhandlinga er det spesielt kapittel 110 og 123 i *Shiji* som er av spesiell interesse. Kapittel 110 handlar om Xiongnu-folket og Han-riket sitt forhold og samhandling med dei. Kapittel 123 tar for seg dei fyrste utsendingane mot vest og inn i Tarimbekkenet og fortel ein del om kva dei oppdaga der. I denne delen kan ein finne informasjon om kvifor Han-riket byrja å vise større interesse for nettopp dette området. Det er her viktig å poengtera at *Shiji* ikkje var eit verk som blei bestilt av keisaren men var eit personleg prosjekt som blei starta av Sima Tan og fullført av Sima Qian.⁴⁸

Dette betyr at sjølv om verket framstiller hendingar frå Han-riket si side, så var det ikkje underlagt nokon form for sensur frå det offentlege. Dette betyr vidare at informasjonen ein finn i *Shiji* nok er påverka av forfattaren sitt eige verdssyn. Her er det og viktig å hugse på at forfattarane var del av hoffet i Han-riket og at syna som kjem fram nok er påverka av dette. Dette kjem, blant anna fram, gjennom omtalen av andre folk, som barbarar, dette gjeld særleg nomadiske folkeslag. Det er og viktig å ha med seg at sjølv om *Shiji* blei skriven av ein privatperson, så var dette framleis ein person, som hadde tilgang til ei stor mengde offentlege

⁴⁶ Ibid, 467

⁴⁷ Ibid, 463

⁴⁸ Ibid, 463

dokument gjennom stillinga ved hoffet. Sima Qian hadde blant anna tilgang til keisarlege ordrar og erklæringar.

1.5.1.2 Ban Gu – *Hanshu* (Historia om den tidlege Han-perioden)

Ban Gu blei født i år 32evt og var sonen til Ban Biao, som hadde starta på eit verk som var ei vidareføring av *Shiji*. Etter at faren døydd i år 54 så overtok Ban Gu arbeidet med dette verket, som seinare skulle bli til *Hanshu*.⁴⁹ I likheit med Qian, så kjem denne avhandlinga til å referere til Ban Gu, som forfattar vidare i teksten.

På grunn av at arbeid med slike historiske verk blei sett på som politisk sensitivt materiale, så blei Ban Gu i ein periode fengsla. Etter at keisaren fekk lest innhaldet og blei forklart kva som var intensjonen med dette verket blei han derimot lauslatt. Han fekk og så stilling ved hoffet som skriftlærd og jobba i arkivet i palasset i Loyang. Etter ein periode der han jobba der og arbeidde med andre biografiar blei han beordra til å fullføra *Hanshu* av keisaren.⁵⁰ Ein ser her at *Hanshu* no blei eit offentleg prosjekt, noko som *Shiji* aldri hadde vore. Sjølv om det var eit offentleg prosjekt så kan ein finne kritikk av keisarleg politikk i det, noko som kan indikere at innhaldet ikkje var streng diktert.⁵¹ Det at det etter kvart blei eit offentleg prosjekt kan bety at Ban Gu fekk tilgang til offentleg materiale, som han trengte til å skrive verket. Når det gjeld infomasjonen ein finn om Tarimbekkenet så er det derfor sannsynleg at dette er basert på offentlege rapportar som kom derfrå. Det er her sannsynleg at det er snakk om rapportane, som kom frå embete Protektorat Generalen, som blei oppretta for å ha oversyn over Tarimbekkenet i 59fvt.

Verket *Hanshu* dekker berre ein dynastisk periode i motsetning til *Shiji*. *Hanshu* tar for seg perioden frå den fyrste Han-keisaren, Gaozu, og fram til Wang Mang. Dette dekker perioden 202fvt til 23evt, dette blir rekna som den tidlege, eller den vestlege, Han-perioden. Verket kan i stor grad bli sett på som eit familieprosjekt ettersom det var faren, Ban Biao, som begynte det medan Ban Gu fortsette arbeidet og skreiv mesteparten av verket før systera hans, Ban Zhao, fullførte det etter hans død.⁵² Verket blei altså til gradvis i perioden mellom 36-121evt og har nok nytta seg av materiale som var nokon hundre år gammal når det blei skrive. Ein kan her ikkje vere sikker på kva for materiale dei ulike personane, som jobba med verket, hadde tilgjengeleg. Verket kan og ha nytta seg av noko samtidsmateriale utan at ein får noko

⁴⁹ Durrant, 2011, 490

⁵⁰ Ibid, 490-91

⁵¹ Ibid, 500

⁵² Ibid, 500

informasjon om dette. Ein veit difor ikkje kva som er basert på eldre informasjon og kva som er tatt frå nyare.

Dei delane av *Hanshu* som er relevant for denne avhandlinga er kapittel 61 og kapittel 96 A og B. Kapittel 61 er nesten heilt identisk med kapittel 123 i *Shiji* og det er mogleg at det har blitt kopiert derfrå eller at begge to kapitla baserer seg på det same kjeldemateriale.⁵³ Dette er ein diskusjon som framleis pågår blant forskarar og derfor vanskeleg å ta stilling til her. I denne avhandlinga kjem me til å nytte oss av kapittel 123 i *Shiji*, sidan det verket er nærmar i tid til hendingane me diskuterer. For ein grundig innføring i denne diskusjonen så sjå *China in Central Asia*, av Hulsewe og Loewe.⁵⁴ Kapittel 96 A og B handlar om dei vestlege områda. Det tar for seg både bystatane i Tarimbekkenet, nomadiske stammer og nemnar og riker som ligg vestanfor igjen for Tarimbekkenet. Ein god del av informasjonen ein finn her handlar om avstandar mellom bystatar i Tarimbekkenet. Ein finn og informasjon om ressursar, som dei ulike statane produserer. I tillegg er det og opplysningar om husstandar i dei ulike statane og militære styrker, som dei kan stille med.

1.5.1.3 Fan Ye – *Hou Hanshu* (Historia om den seinare Han-perioden)

Fan Ye blei født i år 398evt og kom frå ein høgtstående familie og fekk på grunn av dette raskt eit offisielt embete. Han begynte derimot raskt å synke i gradane, mykje på grunn av ein episode der han drakk offentleg under ein statleg gravleggingsseremoni.⁵⁵ Eit resultat av dette var derimot at han fekk betre tid til å skrive det historiske verket *Hou Hanshu* som eit privat prosjekt. Dette verket tar for seg den seinare, eller austlege, Han perioden frå 26-220evt. Ein legg her merke til, at perioden mellom Fan Ye si levetid og perioden han skriv om, er ein relativt lang periode. Det var og umogleg at han har hatt tilgang til materiale frå Han-riket sine arkiv sidan dei blei øydelagt mot slutten av Han-dynastiet.⁵⁶ Ein veit ikkje kva som overlevde denne brannen. Det er derimot sannsynleg at Fan Ye har henta ein del av informasjonen frå tidlegare verk. Han indikerer og sjølv at han har lånt ein del informasjon frå *Hanshu*.⁵⁷ Om dette stemmer eller ikkje kan me ikkje vete noko konkret om, men det er ikkje umogleg sidan *Hanshu* eksisterte og var nok derfor tilgjengeleg for Fan Ye.

⁵³ Hulsewé and Loewe, 1979, 12

⁵⁴ Ibid, introduksjon

⁵⁵ Durrant, 2011, 502

⁵⁶ Ibid, 503

⁵⁷ J.E Hill, "The Western Regions According to Hou Hanshu,"

(https://depts.washington.edu/silkroad/texts/hhshu/hou_han_shu.html2003). Notes on the text

I følge Fan ye sjølv, så baserer og verket seg og på rapportane til Ban Yong som blei presentert for keisaren i år 125evt.⁵⁸ Ban Yong var ein general som hadde mykje fyrstehandserfaringar frå dei vestlege områder. Han var og sonen til Ban Chao, som hadde ekspandert Han-riket sin kontroll vestover. Ein kan ikkje vere sikker på om Fan Ye hadde tilgang til desse dokumenta, sidan det berre er via han at ein får vite dette. Durrant påpeiker også at Fan Ye hadde tilgang til eit verk kalla *Dongguan Hanji*.⁵⁹ Dette var eit verk, som var blitt skriven over fleire periodar, under den austlege Han-perioden, og hadde derfor status som ei kjelde skriven nær til eller under den tida den tok for seg.⁶⁰ Dette verket må ha vore til stor nytte for Fan Ye. Noko som talar for pålitelegheita til *Hou Hanshu*, som ei kjelde er Hill sine undersøkingar av avstandane mellom statane i Tarimbekkenet, som Ye skriv om. Hill beskriv dette, som eit usedvanleg nøyaktig innsyn i land, folk og hendingar i denne perioden.⁶¹

Dei delane, som skal nyttast her, er dei delane, som omhandlar dei vestlege regionane. Denne informasjonen finn ein i kapittelet kalla ‘Kronologien om dei vestlege Regionane’ og blir enten referert til som kapittel 88 eller 118. Dette har med at det fins ulike variasjonar der nokre deler er flytta framfor dei andre.⁶² Den typen informasjon som ein finn i *Hou Hanshu* minner mykje om det som ein finn i *Hanshu*. Det som derimot er annleis er at ein finn ein del meir der om dei større rika som omkrinsar Tarimbekkenet, blant anna Romerriket, Parthia, og det kushanske riket. Samtidig finn ein og meir informasjon om samhandlinga mellom dei ulike bystatane i Tarimbekkenet og konflikt mellom dei.

I likheit med *Shiji* så er dette verket også skriven på privat initiativ. Dette betyr at informasjonen ein finn i dette verket ikkje blei diktert eller sensurert av nokon, men reflekterer det synet, som Fan Ye hadde. I tilfellet med Fan Ye kan ein ikkje vere like sikker på kva han baserte informasjonen ein finn i dette verket på. Ein kan vere ganske sikker på at det Sima Qian skreiv, var baserte på offentlege dokument og erklæringar. Dette var på grunn av stillinga han hadde ved hoffet. På grunn av, at Fan Ye fekk sparken frå si stilling ved hoffet, så er dette noko usikkert. Han kan sjølvsagt ha fått nok innsikt i dokument derfrå til at han hadde nok til å basere teksten sin på.

⁵⁸ Ibid, Notes on the text

⁵⁹ Durrant, 2011, 503

⁶⁰ Ibid, 503

⁶¹ Hill, 2009, xvi

⁶² Ibid, xvii

1.5.2 Andre skriftlege kjelder

Det har blitt funne ein god del dokument i Tarimbekkenet, hovudsakleg gjennom undersøkinga av området som Stein føretok seg, men også gjennom nyare arkeologiske utgravingar. Dei som er av relevans er her kharoshti-dokumenta og dei sogdianske breva som me skal undersøka nærmare nedanfor. Me kjem og til å trekke inn dokument som er funne i nyare tid, hovudsakleg gjennom kinesiske arkeologiske undersøkingar. Når dette materialet skal diskuterast, så kjem me til å nytta oss av det som blir lagt fram av Helene Wang i *Money on the Silk Road*, frå 2004. Det kjem og til å bli nytta nokre dokument, som Hansen legg fram i si bok, *The Silk Road: A new History*, frå 2012.

1.5.2.1 Kharoshti-dokumenta

Desse dokumenta kjem ikkje til å stå i sentrum for avhandlinga, så kjem ikkje til å bli djupt analysert her. Det er likevel nødvendig med ein kort introduksjon til dei. Kharoshti-dokumenta er ei samling dokument som blei funnen av Sir Aurel Stein, hovudsakeleg i nærleiken av Niya, i Tarimbekkenet. Dei var originalt skriven på skiver av tre, som var knytt saman av tau. Desse dokumenta har blitt datert til å ha blitt skriven mellom ca 235-325evt av Brough.⁶³ Denne samlinga av dokument består i all hovudsak av enkeltsetningar der ein finn informasjon om forskjellige ordrer som har blitt gitt av kongar eller offisielle embetsmenn. Dei fleste setningane byrjar med «his majesty...» og inneheld erklæringar knytt til enkelt saker.⁶⁴

Det at desse dokumenta berre inneheldt slike enkeltsetningar betyr at dei er noko vanskeleg å jobbe med. Ein får blant anna ikkje vite noko om konteksten rundt situasjonen, dette gjer det vanskeleg å vite noko om kvifor erklæringane eller ordrane blei gitt slik dei blei gitt. Det er og problematisk at omsetjingane ikkje alltid er fullstendige, noko som kan føre til at viktig informasjon ikkje har komme med. Samtidig så kan ein gjennom desse dokumenta finne noko informasjon rundt lovgiving og liknande i denne perioden. Det som er relevant for denne avhandlinga, er det at det blir nemnt kinesiske handelsmenn i denne samlinga.

1.5.2.2 Dei sogdianske breva

Dei sogdianske breva er av svært stor betydning for forskning rundt sogdiansk historie. Dei gjer ein viss innsikt i handelsnettverket som blei satt opp av sogdianske handelsmenn mellom

⁶³ Thomas Burrow, "A Translation of the Kharoshti Documents from Chinese Turkestan," The Royal Asiatic Society of Great Britain and Ireland, <https://depts.washington.edu/silkroad/texts/niyadocts.html>, 1940

⁶⁴ Ibid, sjå eksempelvis dei tre fyrste setningane frå dokumentet

Samarkand og Kina. Brev blei funne av Aurel Stein i 1907 i eit kinesiske vaktårn ca 90km vestanfor Dunhuang, ca 550km aust for Loulan.⁶⁵ Det er noko ueinighet rundt dateringa av breva, men dei mest overbevisande argumenta, gjort av Sims-Williams og hans kollegaer peiker på åra 313-314evt.⁶⁶ Det er totalt snakk om 4 brev. Brev 1 og 3 er sendt av ei kvinne som har blitt forlatt i Dunhunag, medan brev 2 og 5 inneheldt informasjon om den kommersielle aktiviteten til dei som skriv. Det er og den siste bolken med informasjon som er relevant her sidan det kan fortelje oss noko om kva for type vare, som bevegde seg langs silkevegen og Tarimbekkenet, og i kva kvanta det var snakk om.

Problemet med å arbeide med slike brev er at dei berre gjer ein personleg gjenforteljing av situasjonen. Ein har ikkje noko anna ein kan støtte seg på for å få bekrefte eller avkrefta det som står. I brev kan ofte personar overdrive eller underdrive for å fremma sin eigen stilling eller situasjon, sida ein berre har det dei sei å gå på. I brev nr 2 og 5 så er det derimot snakk om brevutveksling mellom medlemmar av same handelsnettverk.⁶⁷ Dette betyr ikkje at ein ikkje kan møte på same form for personleg syn som i andre brev, men den informasjonen, som er relevant for denne avhandlinga, angår utveksling av informasjon som angår handelsnettverket. Det er derfor mindre sannsynleg at det ein finn er i overkant utbrodert ettersom ein nok hadde god oversikt over kva som var av varer og liknande. Samtidig så kan ein og tenke seg at det var større konsekvensar om ein dikta opp eller overdreiv noko i den samanheng det her er snakk om.

1.5.2.3 Kjelder frå forskingslitteraturen

I denne avhandlinga så kjem det også til å bli nytta noko kjeldemateriale, som er å finne i anna forskning. Dette er fordi det ikkje er alt av kjeldematerial er omsett til språk som er forståeleg for meg. Det er nokre problem med å bruke kjelder frå anna forskning. Det som har blitt tatt med frå kjeldene er ofte der for å spesifikt svare på ei spørsmål eller belyse ei side. Dette betyr at utdraget frå kjelda har ein funksjon i den samanhengen dei har blitt brukt, som dei ikkje hadde originalt. Det er og viktig å passe på at andre forskarar kan ha tillagt kjelda ei meining som den ikkje eigentleg hadde. Bruk av denne typen kjelder er ikkje utspreidd i avhandlinga, utfordringane som kjem med bruken av dei, blir derfor ikkje sett på som noko stort problem.

⁶⁵ Nicholas Sims-Williams, "The Sogdian Ancient Letters," <https://depts.washington.edu/silkroad/texts/sogdlet.html>, 2004, Introduction

⁶⁶ Ibid, Introduction

⁶⁷ Ibid, brev 2 og 5

1.5.3 Arkeologisk materiale

Av det arkeologiske materialet som kjem til å bli brukt i denne avhandlinga så er mykje av det henta frå Aurel Stein sitt arbeide. Her er det Stein sine observasjonar rundt utbygginga av Han-riket sine forsvarsverk inn i Tarimbekkenet som kjem til å vera viktigast. Når det kjem til dette så står framleis det arbeidet han gjorde sentralt i forskinga og det er derfor naturleg å nytte seg direkte av dette. Anna arkeologisk material kjem til å bygge på det som Helen Wang har samla saman i boka *Money on the Silk Road*. Dette verket gjer ei veldig god oversikt over forskjellige dokument oppdaga i Tarimbekkenet. Ein anna viktig element som er å finne i dette verket er samlinga og oppsummeringa av mynter frå Tarimbekkenet. I denne avhandlinga er det spesielt sino-kharosthi-myntene, som er av interesse.⁶⁸ Dette er mynter, med både inskripsjon på kinesisk og på kharosthi skrift.⁶⁹ Me kjem og til å sjå på funn av kinesiske wuzhu-mynter, kobbar mynter, som det blei slått hol gjennom, frå Tarimbekkenet.⁷⁰ Wang sitt arbeid, gjer ein enkel tilgang til material, som kjem til å vere spesielt viktig for kapitlet, som skal ta for seg den økonomisk-strategisk motivasjonen bak Han-riket sin ekspansjon.

Det å bruke mynter som kjelde kan by på problem. Det er både kvalitative og kvantitative vurderingar ein må ta. På den kvantitative sida er det spørsmål om kvar myntane er funne og kor mange det er snakk om. Samtidig må ein og hugse på at myntar var noko som veldig ofte blei smelta om, noko som kan bety, at mengda mynter ein finn ikkje nødvendigvis ikkje reflekterer mengda som var i bruk i det området. Vidare, så skjedde det, at myntar blei brukt, i lengre periodar etter at dei blei mynta. Noko, som betyr, at dei ikkje nødvendigvis blei brukt i den perioden dei blei mynta, men kan ha vore i bruk på eit seinare tidspunkt. Ein må også tenke over kvifor myntane blei funne, der dei blei funne. Kva eksisterte i området, som kan gje ein peikepinn på når dei eventuelt var i bruk der?

På den kvalitative sida finn ein andre utfordringar ein må hugse på. Kva materiale er mynten laga av? Var dette noko ein hadde tilgjengeleg i området, eller kan det ha komme frå ein anna stad? Material dei er laga av kan for eksempel påverke i kva grad dei blei smelta om til andre ting om det var eit populært og eit materiale ein lett kunne behandla. Dette kan og ha påverknad på kvar myntane kan ha blitt brukt, sidan det opp gjennom historia har blitt brukt ulikt materiale på mynter forskjellige stadar. På mynter finn ein ofte og inskripsjonar av

⁶⁸ Sjå appendiks III for bilete av dei.

⁶⁹ Wang, 2004, 37

⁷⁰ Bilete av myntane er lagt til i appendiks III

forskjellige slag. Kva informasjon kan ein eventuelt få ut av dette? I tilfellet med sino-kharosthi-myntane er for eksempel dette av spesiell interesse. Alt dette er faktorar som ein må ta med i analysen sin når ein skal arbeide med myntar.

1.6 Struktur på avhandlinga

Strukturen vidare i avhandlinga kjem til å basere seg på dei forskjellige motiverande faktorane som blei identifisert ovanfor. I kapittel to så kjem me til å undersøke den forsvars-strategiske faktoren for ekspansjonen inn i Tarimbekkenet. I det tredje kapitlet skal ein svara på spørsmålet om korleis verdsopfatninga til Han-riket kan ha vore ein motiverande faktor bak ekspansjonen. Her kjem forandringar i den konfutsianske ideologien til å bli undersøkt samt viktigheita av prestisje for Han-riket. I det fjerde og siste kapitlet kjem til å analysere den økonomiske faktoren gjennom undersøking av ressursar tilgjengeleg i Tarimbekkenet og kva som var av interesse for Han-riket.

Kapittel 2. Ekspansjon: Forsvars-strategisk

Ein forsvars-strategisk ekspansjon blir ofte utført av statar der grensa deira ikkje er lett og forsvare, og derfor utsett for angrep. Denne formen for ekspansjon blir gjort for å skaffe seg sjølv ein betre geostrategisk posisjon.⁷¹ Eksempler på dette kan ein finne gjennom Russland sitt angrep på Finland i 1939 og Israel sitt angrep på Lebanon i 1982.⁷² Korleis kan dette ha vore ein motiverande faktor, bak Han-riket sin ekspansjon og okkupasjon av Tarimbekkenet?

Målet for dette kapitlet er derfor å analysere kva dei forsvarsstrategiske fortinna var for Han-riket gjennom å ekspandere inn i Tarimbekkenet. Det fyrste som kjem til å bli satt fokus på og diskutert i dette kapitlet er Han-riket sin relasjon til Xiongnu-folket. Denne relasjonen låg til grunn for at Han-riket viste interesse for Tarimbekkenet i fyrste omgang og er kobla til sikkerheita til Han-riket. Første del av dette kapitlet kjem derfor til å behandle korleis denne relasjonen var, i starten av Han-riket sin periode, og korleis det utvikla seg fram mot starten av ekspansjonen vestover. Akkurat dette temaet er noko som har blitt behandla ein del i tidlegare forskning, blant anna av Di Cosmo, Psarras, Yü og Chang. Det er framleis viktig å legge dette fram for å kunne svare på den overordna problemstillinga til avhandlinga.

Vidare ut i frå dette kjem me til å ta for oss historia til Zhang Qian, ein embetsmann under Han-riket, og det oppdraget som han fekk frå keisar Wu. I dette kapitlet kjem me til å sjå på kva som var bakgrunnen for dette oppdraget. Dette oppdraget er det fyrste eksempelet ein finn om at Han-riket offisielt sender ein utsending til dei vestlege områda. Ein får gjennom dette vist noko om kvifor Han-riket var interessert i Tarimbekkenet i fyrste omgang.

På slutten kjem dette kapitlet til å diskutere den forsvars-strategiske motivasjonen for å bli i område. Her kjem det til å bli analysert kva for forsvars-strategiske fordelar Han-riket fekk gjennom å ekspandere å kontrollere Tarimbekkenet. Det kjem her til å bli diskutert utbygging av forsvarsverk, viktigheita av Tarimbekkenet for Xiongnu-folket og tilgang til nye militære styrker, gjennom å underlegging av nye områder. Det er denne siste analysen som ikkje har blitt utført i nokon grad tidlegare og som kan forklarar ei side av Han-riket si interesse ovanfor Tarimbekkenet og motivasjonen bak ekspansjonen. Tidsperioden som kjem til å vere fokuset for dette kapitlet er ca 200fvt, like etter at Han-riket blei danna, og fram til Han-riket oppretta ein viss form for kontroll over Tarimbekkenet i 59fvt.

⁷¹ G. Cashman, 2013, 383

⁷² Ibid, 384

2.1 Utanrikspolitikk og Xiongnu-folket

Når Han-dynastiet samla riket, etter Qin-riket sitt fall så arva Han-riket mange av problema til det forgje riket. Eit av desse problema var trusselen Xiongnu-folket presenterte mot grensane i nord og nord-vest. På dette tidspunktet var Han svekka etter den interne striden om kontroll over riket, samtidig som at Xiongnu-folket hadde vakse seg sterke og var på høgda av si makt. Dei hadde lagt under seg eller drive vekk alle dei andre nomadiske stammene og vende så fokuset sitt sørover mot Han-riket.⁷³ Ikkje lenge etter at keisar Gaozu, grunnleggaren av Han-riket, hadde etablert kontroll over riket hamna dei i konflikt med Xiongnu-folket. I eit tidleg slag mellom dei, der Gaozu braut vekk frå hovudtroppen med sine beste styrker, blir han omringa og måtte trekke seg tilbake. Ein del av Han-riket sine generalar bestemte seg, like etter dette, for å gå over til Xiongnu-folket si side. I tida etter dreiv også Xiongnu-folket, konstant med plyndringar, langs grensene til Han-riket.⁷⁴ Slik det kjem fram i kjelda, så ser det ut til at dette ikkje var noko Han-riket gjorde noko med, mest sannsynleg fordi dei ikkje hadde mogleiken til det. Det er tydeleg at dette ikkje var ein gunstig situasjon for Han-riket å vere i. For å finne ei løysing så rådførte keisaren seg med Liu Jing. Slik det kjem fram frå *Shiji* så meinte han at dei militære styrkene til riket var for svakt til at Han-riket kunne sigre over Xiongnu-folket gjennom direkte konfrontasjon. Dette blir lagt fram på fylgjande måte i kjelda:

«The empire has only just been brought to peace and the officers and men are worn out by fighting. It is not possible at this time to make the Xiongnu submit by force of arms»⁷⁵

Slik det blir skildra i kjelda så kan ein sjå at ein meinte at Han-riket burde følgje ein fredsbevarande politikk på grunnlag av at riket var ustabil og at ein ikkje hadde nok militære ressursar til rådighet. Her kan ein derimot diskutere om Han si militærmakt faktisk var så svak som Liu Jing vil ha det til. Dette kan ein gjere på grunnlag av at det i den same kjelda, *Shiji*, så blir det påpeika at i 177fvt så klarte ein å mobilisera ei styrke på 85,000 mann, utan at dette blir skildra, som noko stor utfordring. Talet på styrker, som keisar Gaozu stilte med, blir og skildra til å vere opp mot 320,000 soldatar⁷⁶, riktig nok infanteri, men det var likevel eit veldig stort antall mann som kjelda her nemnar. Slike tal kan sjølvsagt ha blitt overdrevne, i

⁷³ *Sima Qian*, trans Burton Watson, 1993, vol. 2, kap 110, 137-38

⁷⁴ *Ibid*, kap 110, 138-39

⁷⁵ *Ibid*, kap 110, 138

⁷⁶ *Ibid*, , kap 110, 138

kjelda, for å framstille styrken til riket, som større og mektigare, enn den eigentleg var. Det at Han-riket ser ut til å ha større antall styrker å stille med blir og påpeika av Sophia-Karin Psarras⁷⁷.

Dette kan tyde på at det var andre årsakar til at Han-riket ikkje ville bruke militære midlar mot Xiongnu-folket. Psarras seier vidare i sin diskusjon at Han-riket ikkje ville kjempe mot Xiongnu-folket ikkje på grunn av frykt, men fordi dei ville unngå ein militær audmjuking.⁷⁸ Ein ser derimot, om ein går til kjeldene, at det kan ha vore andre årsaker til kvifor Han-riket ikkje ville gå inn i ei militær konflikt med Xiongnu-folket. Om ein går tilbake til eksempelet der 85,000 mann blir mobilisert, så ser ein at det skjedde eit opprør internt i riket, så snart keisaren var opptatt med Xiongnu-folket. *Shiji* viser til at fyrsten i Jibei visste at keisaren var opptatt med å skulle setje i gang eit angrep på Xiongnu-folket og greip derfor moglegheita til å gjere opprør.⁷⁹ Dette viser at sjølv om Han-riket nok kunne mobilisera eit større antall med styrker og på det grunnlaget vere sterkt nok til å kunne takle invasjonar frå Xiongnu-folket, så var det ikkje politisk stabilt nok til å kunne sette i gang med større militære operasjonar mot Xiongnu-folket og overvinne dei.

Psarras poengterer og dette med at riket nok var for ustabilt til å kunne gå inn i større konflikter.⁸⁰ I tillegg til dette legg ho til at kongar eller generalar som søkte uavhengighet nok enkelt kunne finne seg ein alliert i Xiongnu-folket som var Han-riket sin direkte motpart på denne tida.⁸¹ Dermed ville det vere ekstra gunstig for Han å holde forholdet til Xiongnu-folket så fredelig som mogleg sidan slike alliansar ikkje kunne bli inngått like enkelt under fredlege forhold. Om Han-riket hadde gått inn i ei aktiv konflikt kunne det oppstått ein situasjon der dei som allereie ville bryte ut kunne ha skifta side til Xiongnu.

Det er og eit spørsmål om Han-styrkane var likestilt med Xiongnu-folket sine i kamp sjølv om dei var på nokonlunde på same størrelse i reine tal, slik som det blei vist her ovanfor. Det er altså eit spørsmål om kvaliteten på styrkane som dei stilte med var av same kaliber eller om dei var underlegne. Dette er også noko, som ein kan finne eksempel på hos Torday, ein som blant anna har forska på forholdet mellom Han og Xiongnu, han nemner dette i sin diskusjon. Her trekker han fram at dei kinesiske hestane ikkje kunne konkurrere med dei mindre, tøffare dyra, som Xiongnu-folket nytta seg av. Vidare blei det peika ut at Xiongnu-folket sine styrker

⁷⁷ Psarras, 2003, 137

⁷⁸ Ibid, 137

⁷⁹ *Qian*, 1993, vol. 1, kap 10, 298

⁸⁰ Psarras, 2003, 139

⁸¹ Ibid, 139

var betre trena og kunne skyta nøyaktig med boge medan dei rei. Det tredje punktet som blei tatt opp var at dei og kunne takla både kulde og svolt betre enn Han-riket sine troppar gjorde.⁸² På slik vis, kan det stemme, at Han-riket si militærmakt ikkje var like mektig, som Xiongnu-folket si. Dei kunne stille med nokon lunde det same antall styrker, men det ser ut til at det kan ha vore ein kvalitetsforskjell på dei. Slik som blei nemnt ovanfor så var og ein stor del av styrkene til Han-riket infanteri i motsetning til Xiongnu-folket, som for det meste nytta seg av kavaleri. Dette kan og stemme ganske bra med det Liu Jing trekker fram, nemleg at riket ikkje var stabilt nok eller hadde militærmakt nok til å gå inn i ei langvarig konflikt med Xiongnu-folket. I denne samanheng la derfor Liu Jing fram ei alternativ løysing for keisaren, i følge *Shiji* er det slik denne planen og formålet med den blei presentert.

«If you could see your way clear to send your eldest daughter by the empress to be the consort of Maodun⁸³, accompanied by a generous dowery and presents, then Maodun, knowing that a daughter of the emperor and empress of the Han must be generously provided for, would with barbarian cunning receive her well and make her his legitimate consort and, if she had a son he would make him heir apparent. Why would he do this? Because of his greed for Han valuables and gifts. Your Majesty might at various times during the year inquire of his health and send presents of whatever Han has a surplus of, and the Xiongnu lack. At the same time you could dispatch rhetoricians to begin expounding to the barbarians in a tactful way the principles of etiquette and moral behaviour. As long as Maodun is alive he will always be your son-in-law, and when he dies your grandson by your daughter will succeed him as Shanyu. And who ever heard of a grandson trying to treat his grandfather as an equal?»⁸⁴

Sjølv om ein her kan stille spørsmål til kjelda med tanke på om det faktisk var slik at Liu Jing fekk tale direkte med keisaren. Om dette, så var tilfelle, så kan ein heller ikkje vite om det som står i kjelda er ein ordrett gjengjeving av det han sa. Det kan hende at det blei skriva om for at innhaldet skulle verke betre enn det som faktisk blei sagt. Det er og naturleg å tenke seg

⁸² L. Torday, 1997, 82

⁸³ Maodun er på dette tidspunktet leiar for Xiongnu-folket. Han bar tittelen *Shanyu* som blir nemnt seinare. *Shanyu* var tittelen alle leiarane for Xiongnu fekk.

⁸⁴ *Qian*, 1993, vol. 1, kap 110, 138

at det som blir framstilt her, nok berre er ein forenkla versjon av korleis hendingane faktisk gjekk fram. Ein ser derimot at Liu Jing fekk gjennomslag for forslaget, som han la fram.

Ein finn i dette sitatet ein forklaring på kva politikk ein meinte ein burde føre ovanfor Xiongnu-folket. Det viser at Han-riket søkte ein politikk som gjekk ut på å pasifisere dei i staden for ei konfliktorientert løysing. Ein ser her, at planen til Han-riket, heilt klart gjekk ut på å påverke Xiongnu-folket, eller i alle fall leiarane deira, gjennom ekteskap, gåver og rådgjevarar. Bak dette låg tanken om at Xiongnu skulle forandre sine nomadiske levemåtar og tileigne seg Han-riket sine kodar for etikette og moralske oppførsel. Gjennom dette meinte ein at dei etter kvart skulle bli så influert at dei la seg under Han-riket sitt overherredøme. Chang omtalar *ho-ch'in* politikken som ein langsiktig plan der målet var å sinifisera Xiongnu-folket.⁸⁵ Han-riket rekna også med at avtakaren etter *Shanyu* kom til å bli barnebarnet til keisaren og at han gjennom dette familiebandet kom til å respektere og, etter Han sitt tankesett, underlegge seg keisaren.

Etter at Xiongnu-folket fortsette med plyndringar langs grensane, ein periode, så bestemte keisaren seg for å følgje rådet til Liu Jing. I følgje Torday så blei den endelege avtalen fullført i år 198 fvt.⁸⁶ Dette blir og skildra av Ying-shih Yü som starten på *ho-ch'in* politikken, som skulle definere forholdet mellom Han-riket og Xiongnu-folket fram til ca 135 fvt.⁸⁷ *Ho-ch'in* politikken blir trekt fram av dei fleste som skriv om dette temaet, og det er termen, som blir brukt til å omtale fredsavtalane eller allianseavtalane mellom Han-riket og Xiongnu-folket i denne perioden. Det er derimot nokre forskjellar på korleis ein har vald å omsetje dette uttrykket i litteraturen. Torday har vald å omsetje det til 'harmonious relationship'⁸⁸, noko som indikerer eit fredeleg og balansert forhold. Di Cosmo omtalar det på den andre sida som «appeasement»⁸⁹, noko som ikkje gjer same inntrykk, av at det var eit like balansert forhold.

På overflata ser det ut som om at dette forholdet var ganske einvegs. Dette kjem i alle fall fram når ein ser på utvekslinga av ressursar som føregjekk. I alle tilfella så er det Han-riket som overleverer materiale til Xiongnu-folket, riktig nok så finn ein eksempel på at Han-keisaren får nokon hestar og liknande i gåver⁹⁰, men dette ser ut til å ha vore ei meir symbolsk handling enn noko anna. Det som Han-riket derimot fekk i gjengjeld var at Xiongnu-folket

⁸⁵ Chang, 2007, 137

⁸⁶ Torday, 1997, 77

⁸⁷ Yü, 1967, 9

⁸⁸ Torday, 1997, 79

⁸⁹ Nicola Di Cosmo, 2002, 209

⁹⁰ Qian, 1993, vol. 2, kap 110, 141

skulle holde fred og ikkje invadere eller drive med plyndring langs eller inn på Han-riket sitt territorium. Slik ein ser her fekk då begge sider noko ut av avtalen og den var dermed ikkje like einsidig som den ser ut til med ein gong.

Ein ser derimot at *ho-ch'in* politikken ikkje fungerte, i alle fall ikkje slik som Han-riket ville at den skulle gjere, verken på kort sikt eller i det lange løp. Rett nok så skjer det, i følgje *Shiji*, ein nedgang i plyndringstokt like etter at den fyrste *ho-ch'in* avtalen blir oppretta⁹¹. Dei overordna måla med å påverke og etter kvart forandre Xiongnu-folket i den grad at dei underla seg Han-riket sitt styre, eller overherredøme, blir derimot aldri oppnådd. Dette har nok med å gjere at Han ikkje tenkte over dei kulturelle forskjellar som var mellom seg sjølv og Xiongnu-folket. Dei tok heller ikkje til seg dei nye skikkane som Han prøvde å lære dei. Chang poengterer og i sin diskusjon at strategien med at eit barnebarn skulle adlyde sin bestefar var basert på det som var norm i Han-riket og at Xiongnu-folket ikkje hadde den same norma og tok den heller ikkje til seg.⁹² Det som skjedde var derimot det heilt motsette av kva Han-riket hadde tenkt seg. Det ein ser er at i løpet av perioden frå 200-135fvt så er det fleire gonger at Xiongnu-folket bryter fredsavtalane og fortsetter plyndringa langs Han sine grenser. I følgje *Shiji* så ser ein at dette skjer dette ved gjevne mellomrom og ved fleire anledningar.

«In the fifth month in the third year of his reign (177BC), however, the Xiongnu Wise King of the Right invaded the region south of the yellow river, plundering the loyal barbarians of the Shang Province....murdering and carrying of a number of the inhabitants»⁹³

“In the fourteenth year of Emperor Wen’s reign (166BC) The *Shanyu* led a force of 140,000 horsemen through the Chaona and Xiao passes, killing Sun Ang, the chief commandant of Beidi Province, and carrying off large numbers of people and animals”⁹⁴

⁹¹ Ibid, kap 110, 141

⁹² Chang, 2007, 142

⁹³ *Qian*, 1993, vol. 2, , kap 110, 140

⁹⁴ Ibid, kap 110, s 145

«A little over a year after Junchen became *Shanyu* (158BC) the Xiongnu again violated the peace alliance, invading Shang and Yunzhong provinces in great numbers.....killing and carrying off great numbers of the inhabitants before withdrawing»⁹⁵

Dette er berre nokre eksemplar frå *Shiji* på at fredsavtalen mellom Xiongnu-folket og Han-riket blei broten og at plyndringar og invasjonar skjedde. Dette er derimot viktig å få fram fordi dei viser at Xiongnu-folket både, med nokon lunde gjevne mellomrom, og ved fleire anledningar braut fredsavtalen med Han-riket og påførte dei større skadar. I følgje Chang så er det snakk om at Xiongnu-folket braut desse fredsavtalane heile tretten gonger i perioden mellom 200-135fvt. Ved nokre tilfeller var dei like utanfor hovudstaden til Han-riket.⁹⁶ Her finn ein derimot noko ueinigheit blant forskarar. Psarras meiner at fredsavtalen berre blei broten fire gongar totalt.⁹⁷ Riktig nok var ikkje alle desse brota på fredsavtalen alltid like alvorlege, i nokre tilfelle er det snakk om mindre brot langs grensa til Han. Det kan og hende at desse mindre brota på avtalen nok kunne ha vert eit resultat av individ som ikkje følgde nokon direkte ordre frå verken Han-keisaren eller *Shanyuen*. Dette er og noko som Psarras trekker fram i sin diskusjon.⁹⁸

Sjølv om ikkje alle desse brota var like alvorlege kvar gong så måtte Han-riket likevel forholde seg til dei, noko som nok førte til at Xiongnu-folket nok var ein konstant trussel mot riket. Dette betyr vidare at Xiongnu-folket, nok var ein faktor, Han-riket måtte ta til betraktning når dei skulle foreta seg noko. Etter kvar av desse invasjonane blei det inngått nye fredsavtalar, desse bestod av faste summer av silke, korn, klede, slik som den fyrste avtalen, som skulle betalast til Xiongnu-folket årleg.⁹⁹ Ein ser og det at avtalen blir fornya når nye herskarar kjem til makta, både på Han si side og på Xiongnu si side. I fleire av desse fornyingane av *ho-ch'in* avtalane så førekjem det og at ei prinsesser frå den keisarlege familien blir gitt til *Shanyu* som hustru. Dei følger altså mønsteret til den opprinnelege avtalen frå år 198fvt. Det som på den andre sida er annleis er at summen av varene som blir overlevert ofte veks og Xiongnu stadig krev meir og meir av riket for å inngå fredsavtalar som dei uansett ikkje held i lengda. Yü påpeiker også dette og seier at den økonomiske utgifta med desse 'gåvene' hadde blitt ei stadig større bær for riket.¹⁰⁰ Det er derimot usikkert om dette var

⁹⁵ Ibid, kap 110 s 148

⁹⁶ Chang, 2007, 142-143

⁹⁷ Psarras, 2003, 141

⁹⁸ Ibid, 138-39

⁹⁹ Yü, 1986, 387

¹⁰⁰ Yü, 1967, 12

ein av dei direkte årsakene til at *ho'vh-in* avtalen etter kvart blei broten. Ein må hugse på at Han-riket hadde enormt mykje større økonomiske muskalar enn Xiongnu-folket.

Denne politikken, som Han-riket førte, blei og diskutert ved hoffet ved nokre anledningar. Det fyrste eksempelet på, at ein slik diskusjon førekom, finn ein i år 176fvt. Dette skjedde like etter at Xiongnu-folket hadde brote fredsavtalen same år. I etterkant av dette sendte dei ein diplomat med eit brev frå *Shanyen*. I dette brevet så undersøker dei mogleiken for å fornya *ho-ch'in* avtalen.¹⁰¹ I følgje *Shiji* samlar keisar Wen sine ministrar for å diskutere om ein enten skal gå til angrep på Xiongnu eller om ein skal fornye fredsavtalen. Om det var slik at det berre fantes to synspunkt på saken, enten angrep eller fred, er usikkert. Ein finn derimot ikkje noko som indikerer det motsette heller. Framstilling av situasjonen, som tosidig, kan ha å gjere med at det er enklare å skrive det slik.

Argumenta, som kom fram frå hans ministrar var, at sidan *Shanyen* rei på ei bølge av sigrar så var han for sterk til at ein kunne angripe han på dette tidspunktet. Samtidig, så argumenterer dei og, at om Han-riket skulle enda opp med å erobre Xiongnu-folket sitt område, så var det berre myrer og øydemark og ikkje til nytte for Han-riket på nokon som helst måte.¹⁰² Det fyrste punktet i denne argumentasjonen ser ut til å stemme. Brevet, som blei utveksla mellom keisar Wen og *Shanyen*, inneheld nemleg ein del informasjon om sigrane Xiongnu-folket hadde vunne og styrken som dei hadde tilgjengeleg. Slik det blir framstilt kan ein og argumentere for at brevet inneheldt ein dårleg skjult trussel om at Xiongnu-folket kom til å angripe om ikkje Han-riket trakk seg tilbake.¹⁰³ Dette kan sjølvstundt også ha vore noko, som påverka Han-riket til å fortsette med *ho-chi'in* politikken.

Det andre punktet er derimot meir usikkert og det kan hende at dette berre var eit forsøk på å underbygge deira eigen argumentasjon om at fred var den beste løysinga. Det som ein igjen får bekrefta er at valet, slik det blir presentert i kjelda, enten var ein fredsavtale eller så måtte ein gå til angrep og erobre dei. I dette tilfellet enda ein opp med å fornye fredsavtalen. Det at ein i heile tatt finn eksemplar på at slike diskusjonar fant stad viser, at den politikken som blei ført ikkje var absolutt og det virkar, som at Han-riket allereie på dette tidspunkt vurderte som at om ein hadde moglegheit til å komme seg ut av den så hadde det blitt gjennomført. Hovudargumentet som blei lagt fram mot angrep er jo nettopp at Xiongnu-folket var for sterke. Ikkje at avtalen gav Han-riket noko spesielt anna enn midlertidige periodar med

¹⁰¹ *Qian*, 1993, vol. 2, kap 110, 141

¹⁰² *Ibid*, kap 110, 141

¹⁰³ *Ibid*, kap 110, 140-41

fredlege forhold. Denne diskusjonen ser og ut til å ha tatt lenger tid enn det som står skrevet i kjelda. Brevet frå *Shanyen* kom i år 176fvt, men ein ser at fornyinga av avtalen ikkje skjer før i år 174fvt.¹⁰⁴ Det kan ha med å gjere at det var ei djup ueinighet om kva ein faktisk skulle gjere. Dette kan også ha å gjere med at avstanden mellom dei to rika var stor og kommunikasjon på den tida tok tid. Brev som her blir nemnt er brevutvekslingar mellom *Shanyen* og keisaren i Han-riket på denne tida. Innhaldet i desse breva består, i alle fall i overflata, i hovudsak av at begge parter ynskjer å fornya *ho-chi-in* avtalen. Sjølv om ein nok kunne gjort ein eigen studie av meiningar som skjular seg mellom linjene.

I år 135 fvt og i 133 fvt ser ein og at diskusjonar av denne typen finn stad. I denne debatten var det meir splitting ved hoffet om ein skulle fornya avtalen eller om ein skulle ta i bruk militære midlar mot Xiongnu-folket. Her var det uenigheit på grunn av at pasifiseringspolitikken hadde vist seg å ikkje fungere sidan ein stadig opplevde plyndringer. Samtidig så var det å bruke militære midlar heller ikkje løysinga ettersom Xiongnu-folket hadde eit fortrinn når dei kjempa i sitt eige område. I år 135 fvt bestemte Han-riket seg for å fornye *ho-chi'in* avtalen på nytt.¹⁰⁵ Ein ny runde med debatt rundt *ho-ch'in* avtalen skjedde likevel allerie i 134fvt noko som viser kor stor ueinighet det var rundt den. Denne runden med diskusjonar enda med at Han-riket gjekk vekk frå avtalen og den einaste måten å konfrontere Xiongnu-folket no var gjennom militær konflikt.¹⁰⁶ Desse diskusjonane viser og tydeleg at det berre er to synspunkt som er gjeldane for korleis ein skal forholde seg til Xiongnu-folket. Den eine er fredlege relasjonar der ein brukar økonomiske resursar på å oppretthalde dette, den andre er militær makt og krig. Psarras meiner og dette viser at det einaste alternativet dei meinte dei hadde om *ho'ch-in* avtalen skulle falle, var krig.¹⁰⁷

Slik som det blir argumentert for her så er det i hovudsak sikkerheita til riket som ligg som årsak bak avslutninga av *ho-chi'in* avtalen. Dette er det som startar Han-riket sin overgang til ekspansjonspolitikkk. Om ein då trekker inn teoriane rundt romersk imperialisme så ser ein at det fins likheitstrekk mellom det Han-riket her gjer og teorien om ein defensiv form for imperialisme. Denne teorien trekker jo nettopp fram, at det var ein trussel mot riket, enten falsk eller ekte, som førte til at Romerriket ekspanderte, for å sikre riket. Denne argumentasjonen kan ein her sjå at ein finn igjen for starten bak ekspansjonen til Han-riket.

¹⁰⁴ Ibid, kap 110, 140-41

¹⁰⁵ Cosmo, 2002, 210-11.

¹⁰⁶ Ibid, 212-14

¹⁰⁷ Psarras, 2003, 138

På grunn av den ustabile situasjonen etter at Qin-dynastiet hadde falt og det hadde vore borgarkrig i riket, så var situasjonen i Han-riket ikkje stabil nok til at ein kunne ofre store militære ressursar for å gå inn i ein direkte konflikt med Xiongnu-folket. Gjennom mange forskjellige tiltak klarte derimot Han-riket å bygge opp igjen og stabilisere landet.¹⁰⁸ Ein god del av tiltaka er av økonomisk natur og blei gjort for å skaffe riket større midlar som dei igjen kunne bruke på militære utgifter. Av andre tiltak som er verdt å nemne, var svekkinga av dei lokale herskarane, veldig viktig for at Han-dynastiet ikkje skal bekymre seg for opprør på heimefronten medan militære styrker blir brukt andre plassar.

Det er her argumentert for at Xiongnu-folket var ein reell og konstant trussel mot Han-riket og at situasjonen derfor var ein belastning på riket. Dette var ikkje berre på grunn av dei stadige invasjonane og det ustabile forholdet mellom dei to statane, men og på grunn av at Han-riket stadig forpliktar seg til å betale Xiongnu-folket ein rekke årlege, og stadig større i sum, i form av, det som blir skildra som gåver. Riktig nok var dette noko Han-riket hadde råd til å betale, men når dei ikkje fekk det dei betalte for, så gav det nok inga meining å fortsette med det. På bakgrunn av desse tiltak og ei stadig aukande missnøye med *ho-ch'in* politikken så blei det i 133fvt eit absolutt brot med denne politikken.

Her forandra situasjonen seg til ein der Han-riket og Xiongnu-folket konstant var i konflikt med kvarandre. Dette brotet på *ho-chi'in* politikken skjedde på grunn av sikkerheita til riket var trua. Dette kan tyde på at det i den tidlege fasen av imperialismen til Han-riket, så var det ein defensiv form for imperialisme som føregjekk. Han-riket begynner no å aktiv sende styrker nordover for å konfrontera Xiongnu-folket på deira eige område. I denne kampen er Han på jakt etter å finne andre som dei kan alliere seg med for å enklare sigre over Xiongnu-folket.

2.2 Zhang Qian og jakta på allierte

I denne samanhengen kjem me så inn på Zhang Qian og oppdraget han fekk frå keisaren om å reise vestover. Vidare her skal me sjå på kva som låg til grunn for at han fekk det oppdraget han fekk i følge det som ein finn i dei kinesiske kjeldene. Qian sitt oppdrag var første gang Han-riket aktivt søkte vestover og inn i Tarimbekkenet. Bakgrunnen for Qian sitt oppdrag kan derfor seie oss noko om kva for interesser Han-riket hadde av Tarimbekkenet i fyrste omgang, før dei eigentleg hadde noko særleg kunnskap om området. Dette er derfor av stor interesse

¹⁰⁸ For ein veldig grundig og gjennomført forklaring på kva Han-riket spesifikt gjorde for å bygge opp riket igjen, sjå *The Rise of the Chinese Empire*, vol 1 av Chang, C. frå 2007. Her er spesielt kapittel 1 veldig nyttig og informativt.

for denne avhandlninga og kan seie oss noko om den strategiske motivasjonen som låg bak Han-riket sine handlingar.

Zhang Qian var ein tenar ved palasset i åra 140-135fvt. Rundt denne perioden hadde Han-riket drive undersøkingar og intervju blant tidlegare Xiongnu-folk som hadde gått over til Han-riket si side.¹⁰⁹ Om dette faktisk var vanlege intervju og liknande, slik det er presentert i *Shiji*, eller om det skjedde i form av strengare metodar, som tortur, er vanskeleg å seie noko konkret om. Ein veit derimot at personar som gjekk over til Xiongnu-folket frå Han-riket og motsatt. Det er naturleg å tenke seg at desse frivillig gav informasjon som kunne hjelpe.

Noko av det som kom fram av dette var at Xiongnu-folket på eit tidspunkt hadde sigra over Yuezhi-folket, eit anna nomade folk, og dermed tvunge dei til å flykte vestover. Xiongnu-folket hadde og drept leiaren av Yuezhi-folket og laga eit drikkekar ut av skallen han. På grunn av dette meinte Han-riket at Yuezhi, framleis bar misnøye mot Xiongnu-folket, og at dei difor skulle vere interessert i å samarbeide med andre i eit felles angrep mot Xiongnu-folket.¹¹⁰ Dette var sjølvsagt rundt same tidspunkt, der Han-riket hadde gått inn i ei direkte konflikt med Xiongnu-folket, og hadde derfor ei stor interesse for å samarbeide med andre statar som kunne tippe balansen. Det er derfor ikkje overraskande at når keisaren fekk vite om Yuezhi-folket og deira situasjon, at han viste stor interesse for å etablere kontakt med dei, slik at Han-riket kunne få ein potensiell alliert. For å nå fram til dei måtte ein derimot reise gjennom områder som var kontrollert av Xiongnu-folket. Oppdraget var altså ikkje utan risiko, men Zhang Qian svarte på innkallinga keisaren sendte ut og blei utnemnt som utsending til Yuezhi-folket.

På vegen vestover blei Qian stansa og tatt til fange av ein gruppe av Xiongnu. Her blei han holdt i fangenskap i heile 10 år og fekk seg også ei hustru som var frå Xiongnu-folket.¹¹¹ Dei kinesiske kjeldene går ikkje inn på her korleis dette kan ha påverka Qian. Det som derimot blir fortalt, er at han fortsette å halde på dei keisarlege segla han hadde fått frå keisaren.¹¹² Det er mogleg at dei kjeldene her legg fram ei glorifisert versjon av Qian som overgår det som faktisk skjedde. Det som kjeldene derimot er tydelege på er at etter denne perioden av fangenskap, så klarte Qian å flykte og fortsette så på sitt oppdrag vestover. Etter tjue til tretti dagar nådde Qian landet Dayuan, betre kjent som Ferghana.¹¹³ Her fekk han hjelp og guida og

¹⁰⁹ *Qian*, 1993, vol. 2, kap 123, 231

¹¹⁰ *Ibid*, kap 123, 231

¹¹¹ *Ibid*, kap 123, 232

¹¹² *Ibid*, kap 123, 232

¹¹³ *Ibid*, kap 123, 232

oversettarar som kunne hjelpe han vidare til Kangju der han vidare kunne komme seg til Yuezhi. Dei var derimot ikkje interessert i ein allianse med Han-riket. Yuezhi hadde slått seg ned i eit område som var rikt og fruktbart der dei fekk vere i fred. Herskaren i landet syntes og at Han-riket låg for langt unna til at det var verdt å involvere seg i konflikten.¹¹⁴

Gjennom fangenskapet og det lange opphaldet saman med Xiongnu-folket så fekk nok Qian verdifull geografisk informasjon om områda dei bevegde seg i. Dette viste seg å vere av militær nytte, når han seinare i år 123fvt, var rådgjevar for ein general og hjelpte dei å vinne eit større slag over Xiongnu-folket, ved å nettopp utnytte denne informasjonen. Dette blir skildra i *Shiji* der det blir poengtert at på grunn av at han visste kor dei kunne finna vatn og beitemark så blei hæren redda frå å gå under.¹¹⁵ Det kan og ha vore viktig for det militære å få kunnskap om korleis Xiongnu-folket bevegde på seg og korleis dei tenkte.

Jakta på allierte ser ein at fortsetter, i år 123fvt.¹¹⁶ Han-riket hadde på dette tidspunktet vunne fleire slag mot Xiongnu-folket og drive dei tilbake. I same periode kom det fram, frå Qian, at ei gruppe nomadar, kalla Wusun, hadde brytt ut i frå Xiongnu-folket og erklært seg sjølvstendig. Dette var på tross av at Xiongnu-folket framleis såg på seg sjølv som deira overherrar. I denne samanheng legg, i følgje *Shiji*, Qian fram følgande forslag for keisaren:

«Now the *Shanyu* is suffering from the recent blow delivered by our armies, and the region formerly occupied by the Hunye¹¹⁷ king and his people is deserted. The barbarians are well know to be greedy for Han wealth and goods. If we could make use of this opportunity to send rich gifts and bribes to the Wusun people and persuade them to move further east and occupy the region which formerly belonged to the Hunye king, then the Han could conclude an alliance of brotherhood with them and under the circumstances, they would surely do as we say. If we could get them to obey us, it would be like cutting of the right arm of the Xiongnu!¹¹⁸»

Igjen kan ein stille spørsmål ved om ein slik samtale mellom Qian og keisaren faktisk fann stad og om den er nøyaktig gjengjeve i kjelda. Det som derimot kjem fram av dette er at Han-riket er villig til å utnytte moglegheitane som byr seg for å skaffe seg nye allierte mot Xiongnu og at dei aktivt søker slike allianser. Ein ser og at ein nyttar seg av materielle gåver

¹¹⁴ Ibid, kap 123, 232

¹¹⁵ Ibid, kap 123, 237

¹¹⁶ Ibid, kap 123, 237-38

¹¹⁷ Hunye var ein nomadisk understamme av Xiongnu som hadde overgidd seg til Han-riket.

¹¹⁸ *Qian*, 1993, vol. 2, 238

for å overtale dei til å slå seg saman med Han-riket. Eit anna viktig mål blir og lagt fram i dette sitatet. Det førekjem i den siste linja der det blir nemnt at det blir som å kutte av den høgre armen til Xiongnu. Det er klart at om ein klarar å svekke fienden sin gjennom å få hans allierte over på si eige side så får ein mange fordelar av det. Her kjem det og fram at dette nettopp var eit mål for Han-riket og her blir det og konkret lagt fram. Om det var slik at dei aktivt gjorde dette ved fleire anledningar kan ein derimot ikkje finne eksempel på.

Keisar Wu sa seg einig i dette og sendte Qian igjen vestover for å få til ein allianse mot Xiongnu-folket. For å overtala Wusun, om å bli med i denne alliansen, sendte keisaren med ganske store summer. I følgje Sima Qian, var det snakk om titusener av sauer og kyr, samt ein sum av silke og gull som var verd rundt 100,000,000 penger.^{119/120} Denne ekspedisjonen virka å vera meir vellykka. Det blir fortalt i *Shiji* at Wusun var usikker på å bli alliert med Han-riket, men etter at dei sendte utsendingar til riket som fortalde om rikdomen og den store befolkninga så såg dei på Han-riket med stor respekt.¹²¹ Her kjem det derimot ikkje fram at Wu-sun og Han går inn i nokon form for rein allianse. Ein kan og stille spørsmål om framstillinga av Han-riket er korrekt sidan det ein har av materiale blir presenterer i frå Han si side. Det om at Han-riket hadde stor rikdom, noko som ein kan vere veldig sikker på, men det at Wusun såg på dei med stor respekt på grunn av det, er ikkje nødvendigvis korrekt.

I det som ein har gått igjennom her, så ser ein at Han-riket viste, ei veldig stor interesse i å skaffe seg alliansar mot Xiongnu-folket. Gjennom det fyrste oppdraget til Zhang Qian ser ein at Han-riket ikkje hadde noko i mot å investere mykje tid for å få dette til. I oppdraget til Wusun ser ein og at dei reint økonomiske midlane som blei brukt i forsøk på å skaffe seg allierte ikkje var reint ubetydelege heller. Desse ekspedisjonane, til Zhang Qian, blei sendt, slik me har sett, med det strategiske mål med å skaffa Han-riket allierte i deira kamp mot Xiongnu-folket. Oppdraget til Zhang Qian var derfor knytt til sikkerheita til riket, og ein kan her og sjå at Han-riket sine handlingar viser ein form for defensiv imperialism.

Det er derfor og tydeleg at konflikten mellom Han-riket og Xiongnu-folket var ein sentral del av tankegangen til Han-riket for desse ekspedisjonane og det er vidare tydeleg at denne konflikten var ein katalysator for kvifor Han-riket byrja å fokuserer meir på dei vestlege områda. Dette er og syn som ein finn blant fleire forskarar, blant anna, kan ein sjå på det

¹¹⁹ Ibid, kap 123, 238

¹²⁰ I den engelske oversettinga som er brukt blir det berre omtala som «cash» men som det blir påpeika der er det nok snakk om kobbermyntar av typen wuzhu.

¹²¹ *Qian*, 1993, vol. 2, kap 123, 239-40

Hansen skriv om at dette var utelukkande den militære sikkerheten til riket som låg til grunn for at Qian blei sendt vestover.¹²² Det at Qian blei sendt vestover av militære årsakar blir og poengtert av Psarras med den vinklingen at Han-riket sin politikk ovanfor Xiongnu-folket forandra seg før Qian kom tilbake frå oppdraget sitt og at dei dermed ikkje visste om dei kommersielle mogleikane og at bakgrunnen derfor var av militære årsaker.¹²³

Det er dermed ikkje slik at Han-riket sin auka interesse for dei vestlege område berre er å finne i dei forsvars-strategiske fortrinna. Det viser derimot det at det var den forsvars-strategiske motivasjonen som låg til grunn for den opprinnlege søken vestover. Sjølv om ikkje oppdraget hans til Yuezhi-folket gjekk som planlagt hadde likevel Qian med seg mykje anna verdifull informasjon tilbake til keisaren. Dette gjekk blant anna på geografisk informasjon som og var til stor nytte for militæret. I seinare kapittel skal me komme tilbake til noko av den andre typen med informasjon, som Qian tok med seg tilbake, gjennom den informasjonen kjem det til å bli belyst nokon andre faktorar til kvifor Han-riket fekk eit større fokus på Tarimbekkenet og dei andre områda vestanfor Han-riket. Dette går derimot meir på keisaren sin reaksjon på dei fyrste rapportane han fekk frå Qian og kjem til å bli diskutert i eit seinare kapittel.

2.3 Den forsvars-strategiske fordelen av ekspansjonen

Opp til no har me sett på trusselbilde som låg til grunn for Han sin søken etter nye alliansar og mykje av årsaka til at dei fyrste ekspedisjonane blei sendt vestover. I denne delen skal me analysa kva Han-riket fekk ut av å ekspandere vestover inn i Tarimbekkenet, då med fokus på dei forsvarsstrategiske aspekta rundt dette. Her vil det vere fokus på kva dei fekk tilgjengeleg av nye militære midlar gjennom å sikre seg nye alliansar og gjennom kontroll over nye områder og via dette underlegge seg andre statar. I tillegg skal me og sjå på kva for moglegheiter Han-riket fekk til å bygge ut og forsterka forsvaret sitt, etter at dei hadde pressa Xiongnu-folket tilbake. Vidare kjem me og til å diskutere kvifor Tarimbekkenet var viktig for Xiongnu-folket og at det derfor var av strategisk viktigheit å erobre området for Han-riket.

2.3.1 Militære styrker

I dei kinesiske kjeldene som omhandlar dei vestlege områda og Tarimbekkenet så er det nokre fellesnemnarar som dukkar opp. Informasjonen ein finn her inkluderer avstanden frå viktige Han byar og kva andre bystatar, nomadar eller riker ein finn i nærleiken. Det som og er lista

¹²² Hansen, 2012, 236

¹²³ Psarras, 2003, 63

opp og som er særst relevant akkurat her er at det er og lista opp omtrent kor mange husstandar det er der, om dei er nomadar eller ikkje og kor mange soldatar dei forskjellige statane kan stille med.

Frå *Shiji* finn ein det frå rapportane til Qian slik: «Kanju is situated some 2,000 *li* northwest of Dayan. Its people likewise are nomads and resemble the Yuezhi in their customs. They have 80,000 or 90,000 skilled archer fighters». ¹²⁴

I *Hanshu* finn ein og den same typen informasjonen presentert, slik me ser frå dette eksempelet her:

«The seat of the king's government is at the town of Pei-p'in, and it is a distant by 8300 *li* from Ch'ang-an. There are 240 households, 1610 individuals with 300 persons able to bear arms»¹²⁵

Denne typen av informasjon, finn ein, om alle statane som blir skildra i desse kjeldene. På bakgrunn av dette ser ein at det tydelegvis var viktig for Han å ha ein oversikt over kor langt unna dei ulike stadane var i forhold til dei sjølve og andre stadar. Det virkar også, som at det var viktig for Han-riket å ha ein oversikt over kva for militære styrker som dei ulike statane kunne stille med. Her er det viktig å hugse på det som blei lagt fram i forgje kapittel, nemleg at dei kinesiske historikarane ikkje inkluderte informasjon, som det ikkje var meininga, at ein skulle kunne bruke til noko. Denne typen informasjonen, kan ein derfor rekne med, at hadde ein nytteverdi for Han-riket.

Her kan det vere forskjellige forklaringar, som ligg til grunn på kvifor Han-riket trengte denne oversikta. På den eine sida så kan det ha vore av interesse for Han-riket å ha ein oversikt over kva for militære ressursar andre statar hadde tilgjengeleg, i tilfelle dei skulle hamne i konflikt med dei. Det kan på den andre sida ha vore nyttig for Han-riket å sitte inne med slik informasjon om desse statane var allierte eller underlagt Han-riket. På den måten hadde dei ei oversikt over kva dei kunne forventa at dei forskjellige statane kunne stille med av militært personale. Det er ikkje nødvendigvis slik at den eine årsaka her utelet den andre. Denne informasjonen kan ha vore nytta til begge desse formåla. Fokuset for denne avhandlinga kjem derimot til å vere på korleis Han-riket utnytta nokre av desse militære ressursane.

¹²⁴ *Qian*, 1993, vol. 2, kap 123, 234

¹²⁵ *Ban Gu*, trans. Hulsewé, A.F.P. introd. Loewe, M, 1979, 96A, 7 B

Det at Han-riket brukte styrkar frå andre statar finn ein eksempel på relativt tidleg, i ein militærkampanje mot Loulan og Gushi¹²⁶. Desse to statane dreiv, i følgje *Shiji*, konstant å angreip og plyndra utsendinga som blei sendt av Han vestover. I tillegg til dette, fortel *Shiji* og at grupperingar frå Xiongnu-folket overfalt slike grupper i dette området. Det som er interessant her er at for å få ein slutt på dette så blei ei styrke 20,000 eller 30,000¹²⁷ rekruttert frå avhengige statar for å ta kontroll over området.¹²⁸ Det same ser ein når Han-riket skal sette ut på ein kampanje mot Dayuan (Ferghana) i 104fvt. Her blir ein styrke på 6000 kavaleri rekruttert frå avhengige statar.¹²⁹ *Hanshu* fortel og om at det blei brukt styrker frå avhengige statar, på fylgjande måte: «Emperor Wu sent Chao P'o-nu...to take command of a force, composed of cavalry from the dependant states and troops from the commanderies.»¹³⁰

I desse to tilfella er det dessverre ikkje informert om kva for statar desse styrkane blir rekruttert frå. Ein kan dermed ikkje vite om dette er frå statar som låg i Tarimbekkenet. Det viser derimot, at Han-riket aktivt brukte styrker frå andre statar, det er vidare naturleg å tenke seg at desse låg i nærområdet til der dei skulle utnyttast. Det ser og ut til at det var kavaleri, som var hovuddelen av desse styrkene. Dette kan ha vore av spesiell interessa for Han-riket, at dei fekk tilgang til ekstra kavaleristyrker. Slik som blei diskutert tidlegare i kapittelet så hadde jo Han-riket tilgang på store styrker. Eit av problem med desse styrkene, var at dei bestod for det meste av infanteri, i alle fall tidleg i Han-perioden.

I år 59 fvt opprett Han-riket embetet Protektorat General over dei vestlege områda. Opprettinga av dette embetet tyder på at Han-riket på dette tidspunktet hadde fått større og meir direkte kontroll over området sidan det var behov for eit eige embete som skulle styre det. Etter dette tidspunktet finn ein i *Hanshu* fleire eksempel på situasjonar der Han-riket nyttar seg av militære ressursar frå bystatar i Tarimbekkenet. Dette embete hadde og som oppgåve å nettopp halde oppsyn med nomadiske folk utanfor dei kontrollerte områda. Dette finn ein forklart i *Shiji* på denne måten:

«These events took place in the third year of the reign-period *Shenchüeh* (59 B.C) and the government took the occasion to commission Cheng Chi to act as protector of

¹²⁶ Har ikkje klart å plassere Gushi geografisk, men Loulan er å finne på karta over det austlege Tarimbekkenet. Det er derimot naturleg å tenke seg at Gushi eksisterte i same område som Loulan sidan dei blir omtala saman.

¹²⁷ Denne formuleringa med 20.000 eller 30.000 finn ein mange stadar i teksten og kan hende at dette berre er ei formulering som betyr at det var mange eller mykje.

¹²⁸ Qian, 1993, vol. 2, kap 123, 242

¹²⁹ Ibid, 246

¹³⁰ *Gu*, 1979, 96A, 4B

both the Northern Route and the Southern Route. He was therefore entitiled Protector General, an office that originated with this appointment.....the officer kept under observations the activities of the various states such as Wu-sun and K'ang-chü»¹³¹

Dette utdraget viser til opprettinga av embete Protektorat General I år 59fvt. Gjennom dette utdraget finn ein og opplysingar om kva for funksjonar dette embete skulle ha. Det skulle ha som oppgåve å verne over den nordlege og den sørlege ruta. Her er det garantert snakk om dei nordlege og sørlege rutene, som strakk seg rundt Tarimbekkenet.¹³² Dette betyr at desse rutene var viktige for Han-riket, noko som kjem til å bli tatt opp att i eit seinare kapittel. Vidare får ein vite at det var meininga at ein skulle halde under observasjon diverse statar, eksemplifisert gjennom Wusun og K'ang-chü, begge to nomadiske folkeslag. Noko, som er verdt å merke seg her, er at ein ikkje finn noko nemning om Xiongnu-folket som hadde vore hovudfokus for Han-riket i lenger tid på dette tidspunktet. Var dette fordi Xiongnu-folket var blitt så svekka at dei ikkje var noko direkte trussel? Dette kan ha vore fordi det var meininga at ein skulle halde oversyn med desse statane fordi ein hadde ein form for allianse eller samarbeid med dei. Tidlegare såg ein jo at Wusun gjekk inn i eit samarbeid med Han-riket etter at synet av rikdommen og makta dei viste overtydde dei om å gå inn i eit samarbeid. Ein kan nemleg sjå gjennom *Hanshu* at ein oberst frå Han-riket blei sendt for å ta kontroll over styrker frå Wusun.¹³³ Dette viser det at det nok var ein form for samarbeid mellom desse to, og at dette kan ha vore grunnen til at dei skulle haldast under observasjon.

Vidare finn ein og fleire eksempel på at Han nyttar seg av styrker, som er sannsynleg at kom frå statar i, eller i nærleiken av, Tarimbekkenet. Det kan ein blant anna sjå gjennom dette sitatet henta i frå *Hanshu*

«In the time of emperor Hsüan, Ch'ang Hui¹³⁴, noble of Ch'ang-lo was sent on a mission to Wu-sun. On his way back he found a suitable opportunity to call out forces

¹³¹ Ibid, kap 96A, 3A-3B

¹³² Sjå kart over Tarimbekkenet i appendix II

¹³³ *Gu*, 1979, 96 B, 5B

¹³⁴ A.F.P Hulsewe skriv at han blei adla i 70 fvt og døde i 47 fvt. På ulike tidspunkt holdt han tittel som «Superintendent of the Dependent States» sjølv om ein ikkje veit nøyaktig når han gjorde det. Denne hendinga må derfor ha funne stad ein gong mellom 70 fvt og 47 fvt. Sjå note 429 i *China in Central Asia* for meir om dette. Perioden mellom 70fvt og 47fvt samsvarar og med tidsperioden rundt når Protektorat General embetet blei oppretta og viser til ein auke av Han-riket sin kontroll i området.

from the various states, amounting altogether 50.000 men, and to attack Ch'iu-tzu»¹³⁵

Her blir det heller ikkje nemnt kva for statar desse styrkane bli kalla frå, men det er logisk å tenke seg at desse kjem frå statar i Tarimbekkenet sidan han gjer det på vegen tilbake frå eit oppdrag til Wu-sun som hadde sitt området nord-vest for Tarimbekkenet. For å komme seg tilbake til Han-riket må han då ha reist gjennom Tarimbekkenet. Det at det blir nemnt at dette nettopp skjer på vegen tilbake frå Wu-sun betyr då at dei styrkane han samlar må vere frå statar i Tarimbekkenet. Vidare ser ein, at dette ikkje var kinesiske styrker, som var utplassert i Tarimbekkenet, som blir samla. Dette blir tydeleggjort gjennom at det blir sagt forskjellige statar. Dette må vidare, indikerer at det, for det fyrste, er snakk om fleire statar og at for det andre faktiske er snakk om andre statar. Dette ser ein i at dei kinesiske kjeldene nok ikkje ville brukt denne formuleringa om det var snakk om allereie utplasserte soldatar frå Han-riket. Ein finn vidare i *Hanshu* og eksempel på at Han-riket samarbeider med styrker frå spesifikke statar i Tarimbekkenet.

«In addition (Han) sent the noble of K'ai-ling to take command of troops from a total of six states, including Lou-lan, Wei-li and Wei-hsü, to make separate attack on Chü-shih, and to prevent it blocking the way of the Noble of Chung-ho»¹³⁶

I desse eksempla, ser ein ganske tydeleg at Han-riket aktivt brukte styrkar, frå andre statar, for å kjempe mot fiendane sine. Det at det og i heile tatt eksisterte ein tittel som "Superintendent for the dependent States"¹³⁷ indikerer jo og viktigheita som andre statar spelte for Han-riket. Ein slik stilling hadde ikkje eksistert om ikkje Han-riket hadde overherredøme over ein rekke andre statar, i alle fall i deira eget syn. Samtidig så viser det at det nok var vanleg å nytte seg av dei sidan ein trengte ein til å ha oversyn med dei.

Det ein ser her er altså at gjennom å ekspandere vestover og etablere kontakt med statane i Tarimbekkenet så fekk Han-riket tilgang til fleire militære resursar enn dei hadde tidlegare. Dei kunne no kalle på styrker som låg mykje nærmare fronten mot Xiongnu-folket. Ein kan og tenke seg at desse statane, som har blitt argumentert for at stilte med militære styrker til Han-riket, kan ha fungert som bufferstatar mot Xiongnu-folket. Noko, blant anna, Meyer argumenterar for at var ein form for å utnytte statar ein hadde oppretta hegemoniell makt

¹³⁵ *Gu*, 1979, 175

¹³⁶ *Ibid*, 96A, 17B-18B

¹³⁷ Hulsewé and Loewe, 1979, note 429

over.¹³⁸ Dette må ha gjort det mykje lettare å sette i gang militære aksjonar mot dei samtidig som at ein ikkje trengte å bruke eigne styrker i same grad som tidlegare noko som nok gjorde det lettare å kontrollere dei indre områda i Han-riket samtidig som at ein og lettare kunne drive aktiv kamp mot Xiongnu. Ein kan sjølvstilt stille spørsmål rundt kva statane i Tarimbekkenet fekk ut av dette samarbeidet. Stilte dei styrker for eiga vinning eller var dei så underlagt Han-riket at dei ikkje hadde noko anna val? Var det eit reint val mellom enten å fylgje Han eller å fylgje Xiongnu og så skifta det etter kven som var sterkast der og da? Dette er ikkje noko som skal diskuterast her, men er likevel nokon spørsmål som er interessante og som kan vere verdt å sjå på i ein anna samanheng.

2.3.2 Utbygging og forsterking av forsvarsverk

Med å få større kontroll over områda som låg nærmare Xiongnu og med meir stabilitet i området fekk ein og moglegheit til å bygge nye og utvide gamle forsvarsverk. Dette ser ein og at skjedde kort tid, etter at Han oppretta, Protektorat General embetet i 59fv.

«He took the opportunity to stage a display of his military power so as to shock (states) like Wu-sun and Ta Yüan.....Han now (built) a line of government post and defences stretching as far as the Yü-men barrier»¹³⁹

Yü-men barrieren som her blir nemnt er skildra i *Hanshu* som det området heilt aust i Tarimbekkenet på grensa til Han-riket.¹⁴⁰ Dette viser at med å få større kontroll over området så tillot dette at Han-riket kunne ekspandere og forsterka sine forsvarsverk. Ein ser her at det spesifikt blir nemnt forsvar, noko som klart viser kva som var tanken bak desse byggverka. Dette må ha gitt Han-riket ein større forsvars-strategisk fordel, ettersom at det blei vanskelegare å invadere riket på grunn av, at ein no fekk eit forsvar som bestod av fleire ledd, altså eit djubdeforsvar. I følgje Hansen så var dette vanleg praksis for Han-riket. Kvar gong dei erobra eit nytt område så oppretta dei varseltårn og etablerte garnisonar i dei nye områda.¹⁴¹ På slutten konkluderer ho og med at dette berre blei gjort for å skytte seg mot sine fiendar, Xiongnu, i nord.¹⁴² Desse varseltårna som Hansen nemner blei og satt opp for å betre kommunikasjonen i området og må ha vert til stor hjelp for å betre å kunne halde kontroll og

¹³⁸ Jørgen Christian Meyer, I. Brandvik Mæhle, Tønnes Bekker-Nielsen, and Bjørn Alex Herrman, 1998, 264-65

¹³⁹ *Gu*, 1979, 96A, 5A

¹⁴⁰ Sjø og kartet der Yumen frontier pass er markert

¹⁴¹ Hansen, 2012, 14

¹⁴² *Ibid*, 236

oversyn over området. Samtidig som at Han-riket raskare fekk varsel om det var fiendar på veg.

Di Cosmo trekker og fram det at utbygging av nye seksjonar av den kinesiske muren og opprettinga av nye garnisonar var ein del av denne nye ekspansjonspolitikken som keisar Wudi starta.¹⁴³ Gjennom å bygge forsvarsverk lenger vekk frå dei sentrale delane av Han-riket, så må jo og riket ha fått ein større stabilitet innad, sidan det for det blei verre å nå desse områda for invasjonsstyrkene. Dei som forsøkte å invadere møtte så på nye, sterke forsvarsverk mykje tidlegare og måtte då enten bruke tid og resursar på å overvinne desse eller komme seg rundt dei. På den andre sida får ein jo også satt opp varselsystem, slik det blir vist her gjennom det Hansen skriver. Dette betyr jo at om ein trussel fyrst skulle dukke opp så er ein betre utstyrt til å kunne kommunisere med dei sentrale delane av riket og dermed raskare få gitt beskjed. Dette betyr vidare at ein raskare kunne mobilisere styrker til å slå tilbake mot eventuelle truslar og at det nok blei betydeleg mindre attraktivt og forsøka å invadere Han-riket. Dette kan ha vore spesielt nyttig med tanke på Xiongnu-folket og eventuelle andre nomadiske folkeslag, som ofte ville slå til raskt, for så å trekke seg tilbake før dei hamna i direkte slag. Ekspansjonen vestover gav dermed Han-riket moglegheit til å bygge ut forsvarsverka og varslingsystema sine. Noko som må ha vore ein viktig utvikling i kampen mot Xiongnu-folket og som var av strategisk viktighet for Han-riket. Samtidig så styrka dette og skyttinga av dei indre delane av Han-riket og gav det meir stabilitet sidan trusselen utanfrå blei minska.

2.3.3 Viktigheita av Tarimbekkenet

Ein skal heller ikkje undervurdere det faktum at det å ta over kontrollen over Tarimbekkenet frå Xiongnu-folket var strategisk viktig for Han-riket ettersom det svekka Xiongnu-folket si styrke betrakteleg. I følgje *Hanshu* utnytta nemleg Xiongnu-folket områda i Tarimbekkenet nærmast som slavestatar¹⁴⁴. Dette er nok ei framstilling som er ein del forverra for å framstille Xiongnu-folket som barbarar og eit forferdeleg folk, men det viser likevel at Xiongnu-folket brukte Tarimbekkenet som ei kjelde til ressursar. Noko som kan ha vore ekstra viktig for Xiongnu-folket i Tarimbekkenet var tilgangen til korn og andre matvarer som blei dyrka der. Xiongnu-folket var jo eit nomadisk folkeslag og dreiv dermed ikkje med nokon form for jordbruk, eller i veldig liten grad. Kosthaldet deira, bestod derfor for det meste av kjøtt, som dei fekk gjennom slakt av dei dyra dei hadde og av mjølkeprodukt. Dette er ein type matvarer,

¹⁴³ Nicola Di Cosmo, 2009, 204

¹⁴⁴ *Gu*, 1979, 96A, 3A

som er veldig proteinrik. Slik som Høisæter poengterer så produserte oasestaten i Tarimbekkenet hovudsakeleg mat som hadde høgt innhald av karbohydratar, noko som Xiongnu-folket mangla. Slike matvarer kunne også lagrast over lengre periodar, noko som nok var gunstig, spesielt gjennom vinterperioden.¹⁴⁵ Høisæter meiner vidare at handel mellom lokale nomadar og jordbrukssamfunn må ha vore ein måte å få tilgang til meir varierte kosthald.¹⁴⁶ Denne tilgangen til meir varierte former for matvarer kan og ha skjedd gjennom skattlegging av bystatane i Tarimbekkenet av Xiongnu-folket. Ein veit derimot ikkje noko om kva form denne skattlegginga tok, men er naturleg å tenke seg at dette nok var ein måte å gjere det på.

På same måte som at Han-riket utnytta statar i Tarimbekkenet for militære styrker så er det og sannsynleg at Xiongnu-folket gjorde dette. Ein kan og finne informasjon som kan indikere for dette i *Shiji* gjennom brev¹⁴⁷ som blei sendt frå *Shanyuen* til keisaren i Han-riket:

«In addition he has conquered the Loulan, Wusun and Hujie tribes, as well as the twenty-six states nearby, so that all of them have become part of the Xiongnu nation. All the people who live by drawing the bow are now united into one family and the entire region of the north is at peace»¹⁴⁸

Dette sitatet viser at Xiongnu-folket kontrollerte mange forskjellige folk og statar. Dette brevet kjem riktig nok frå Xiongnu-folket og kan derfor vere noko overdrive. For eksempel så var det nok ikkje slik at dei var foreina saman til ein familie. Det at brevet blir gjengitt i den kinesiske kjelda kan derimot tyde på at informasjonen ein finn her ikkje er total feil. Det er her antatt at dei tjuseks statane som er nemnt er bystatar i Tarimbekkenet. Dette er nok det mest sannsynlege, etter som Wusun var å finne nordvest for Tarimbekkenet og Loulan var i den austlege delen av Tarimbekkenet, Hujie veit ein dessverre ikkje noko om, men statane i Tarimbekkenet låg da mellom dei to fyrstnemnde. Slik det blir lagt fram så virker det, som at alle desse hadde blitt slått saman, til ein nasjon. Dette stemmer nødvendig vis ikkje heilt, ikkje slik, som me forstår uttrykket nasjon i dagen samfunn. Det kan og, som nemnt ovanfor, ha vore overdriving frå Xiongnu-folket si side. Det kan likevel bety at dei på ein eller anna måte samarbeida.

¹⁴⁵ Høisæter, 2013." 59

¹⁴⁶ Ibid, 59

¹⁴⁷ Dette brevet blei sendt i år 176fvt, medan keisar Wen styrte i Han-riket.

¹⁴⁸ *Qian*, 1993, vol. 2, kap 110, 141

Det som nok er det mest naturlege å tenke seg er at det her er snakk om eit samarbeid på lik linje som det Han-riket seinare fekk med statane i Tarimbekkenet, nemleg ein form for hegemoniell overherredøme eller ulike former for alliansar. Dette kan ein finne vidare indikatorar på andre stader i *Shiji*: «all in an effort to create a split between the Xiongnu and the states to the west which had up to this time aided and supported them.»¹⁴⁹ Dette viser vidare at det var ein form for samarbeid mellom Xiongnu-folket og bystaten i Tarimbekkenet. Noko som igjen må ha ført til at Han-riket hadde stor interessa av å øydelegge dette, noko dette sitatet viser at dei jobba aktivt med og er med på å forklare noko av motivasjonen bak ekspansjonen.

Det kjem og fram av kjeldematerialet at det nok var andre årsakar også for Han-riket til å ekspandere inn i Tarimbekkenet og ta kontrollen vekk frå Xiongnu-folket. Dette kjem fram frå informasjon ein finn i *Shiji*:

«while in the west the Han had created the province of Jiuquan¹⁵⁰ in order to drive a wedge between the Xiongnu and the Qiang barbarians and cut off communications between them.»¹⁵¹

Dette kan tyde på at Han-riket var bekymra for at Xiongnu-folket skulle slå seg saman med andre nomadiske stammer og saman med dei lage ein koalisjon mot dei. Gjennom Tarimbekkenet hadde dei nemleg enkel tilgang til det tibetanske platå, der Qiang-folket var å finne.¹⁵² Om dette var ein reell trussel eller ikkje veit ein ikkje noko om. Det kjem i alle fall fram her at det var eit bevist forsvars-strategisk mål med å ekspandere vestover. Gjennom dette oppretta ein korridor mellom desse to nomadiske folka, som Han-riket kontrollerte. Tanken bak det var tydeleg å forhindre effektiv kommunikasjon mellom dei og gjennom det forhindre at dei forma ein allianse mot Han-riket. Det kan her og verke som at Han-riket hadde eit noko primitivt syn på nomadiske stammer, ettersom dei antar at sidan begge var nomadiske folkeslag, så vil dei samarbeide mot dei. Det kan sjølvstundt vere informasjon som ikkje er tilgjengeleg i dag som kan forklare kvifor Han-riket var bekymra for dette og denne trusselen kan ha vore legitim. Ein ser her igjen at mykje av argumentasjonen, som Han-riket førte for å legitimere ekspansjonen, gjekk på sikkerheita til riket, noko som igjen viser ein defensiv form for imperialisme.

¹⁴⁹ Ibid, kap 110, 156

¹⁵⁰ Jiuquan er å finne i Gansu-provinsen i dagens Kina.

¹⁵¹ *Qian*, 1993, vol. 2, kap 110, 156

¹⁵² Sjå kart over Tarimbekkenet i appendiks II for ca geografisk plassering.

Det at Han-riket overvinn Xiongnu-folket og overtar mykje av kontrollen over Tarimbekkenet kan dermed ha vore av enorm strategisk viktigheit for Han-riket. Det kan ha kutta Xiongnu-folket sin tilgang til viktige former for matvarer som dei ikkje produserte sjølv. Mat som i tillegg kunne lagrast lettare over vinteren. Dette kan ha ført til at Xiongnu-folket blei ekstremt svekka i det lange løp. Samtidig så er det og sannsynleg at Han-riket svekka Xiongnu-folket gjennom å overta områder der dei fekk militære styrker frå, noko som igjen må bli sett på som ekstremt viktig frå eit forsvars-strategisk synspunkt ettersom det førte til ein reduksjon i styrker Xiongnu-folket kunne stille med. Gjennom å ekspandere vestover forhindra og Han-riket kommunikasjonen mellom Xiongnu-folket og Qiang. Dette var noko dei såg på som ein trussel mot dei og det var derfor viktig for Han-riket å forhindra at dei hadde mogleik til dette. Ein ser igjen, at Han-riket i denne fasa av ekspansjonen viste ein defensiv form for imperialisme.

2.4 Kapittelkonklusjon

I dette kapittelet har fokuset vore på den forsvars-strategiske bakgrunnen til at Han-riket byrja fokusere energien sin vestover. Ein ser at i lang tid så hadde Han-riket og Xiongnu eit, om ikkje heilt fredeleg, så i alle fall eit forhold der dei ikkje var i krig med ein annan. Gjennom *ho'ch-in* politikken forsøkte Han-riket å påverka Xiongnu-folket til å ta til seg deira kultur samtidig som da var ein politikk som skulle sikre at Xiongnu-folket haldt seg fredelege. Slik me har sett så fungerte ikkje denne politikken slik Han-riket ville at den skulle gjere og i nokon periodar var og Xiongnu-folket veldig aktiv med både plyndringar og invasjonar. I tillegg ser ein at politikken blei diskutert ved hoffet og at det til slutt ender i eit brot med politikken i år 133 fvt. Dette brotet med *ho-chi'in* politikken heng klart saman med at sikkerheita til riket var trua. Den forma for ekspansjonen, som skjedde, kom som eit resultat av dette, er derfor tett knytta til teorien om ein defensiv form for imperialisme. Dette viser seg og gjennom trusselen, Han-riket meinte eksisterte gjennom eit samarbeid mellom Xiongnu-folket og Qiang-stammen.

Etter dette var det krig mellom Han og Xiongnu og Han-riket såg etter andre som dei kunne alliera seg med. Zhang Qian blei derfor sendt vestover på jakt etter dette. Dette er det første offisielle innblikket som Han-riket får i dei vestlege områda. Det fyrste oppdraget til Qian lyktes ikkje, men han kom tilbake med mykje informasjon som dei tidlegare ikkje hadde hatt tilgjengeleg. Ein del av denne informasjonen var behjelpelig til å kunne kjempe mot Xiongnu, sidan ein visste om beitemarker og kvar ein kunne finne vatn. Ein fekk og vete om eit anna nomadisk folkeslag, Wusun, som ein tenkte at ein kunne få til å bryte med Xiongnu. Dette ser

det ut til at Han-rike klarte, sjølv om ein ikkje finn noko som indikerer at det blei oppretta ein allianse mellom dei to.

I samsvar med at Han-riket tok meir og meir kontroll over Tarimbekkenet så blei jo sjølvstendig kontrollen til Xiongnu-folket svekka. Det at Han-rike klarte å ta over kontrollen av eit område, som var viktig for Xiongnu-folket, er naturleg å tenke seg som ein viktig del av planen til Han-riket. Me har og sett at gjennom å ta kontroll over Tarimbekkenet så fekk og Han-riket tilgang til fleire allierte, og fleire statar, som stilte med militære styrkar. Dette gjorde det nok både lettare å kontrollere området, men og å kjempe mot Xiongnu-folket. I tillegg til dette førte og ekspansjonen til at Han-riket kunne bygge ut både festningsverk og varsels-system som igjen førte til at ein hadde større kontroll over området ein hadde tileigna seg, samt at ein hadde større sikkerhet i dei sentrale delane av riket.

Dette viser at det i den tidlege perioden av ekspansjonen inn i Tarimbekkenet så var det ein tydeleg forsvars-strategisk motivasjon som låg til grunn. Han-riket meinte at trussel frå Xiongnu-folket var så stor, og andre tiltak hadde ikkje fungert, så det einaste alternativ var å overvinne dei gjennom bruk av militær makt.

Kapittel 3. Ekspansjon: Verdsopfatning

I 1982 hamn Storbritannia i ei konflikt med Argentina over kven som skulle kontrollere Falklandsøyene. Dette er eit område som ikkje hadde nokon form for økonomisk eller militær viktigheit for Storbritannia. Det blei likevel viktig for Storbritannia å opprettehelde overherredøme over dei. Dette hang saman med Storbritannia sitt syn på seg sjølv som eit verdsomspennande imperium, eit imperium som stadig hadde minska i storleik på 1900-talet. Konflikten med Argentina blei derfor eit symbol på å oppretthalde og forsvare denne verdsopfatninga til Storbritannia. Margaret Thatcher brukte sjølv frasen «The Honour and Glory of the British Empire», i samband med denne konflikten.

Kan dette med oppfatning av seg sjølv, og sin posisjon i verda, også ha vore ein motiverande faktor bak Han-riket sin ekspansjon inn i Tarimbekkenet? I denne samanheng kjem me til å definere uttrykket verdsopfatning på to forskjellige måtar. Den eine er Han-riket sin oppfatning av seg sjølv, korleis dei såg på sin eigen posisjon i verda, i forhold til andre. Den andre er korleis Han-riket blei oppfatta av andre statar, og meir viktig, korleis dei ynskja at andre statar skulle oppfatte dei. Det fyrste ein då må undersøke, korleis Han-riket si oppfatning av sin eigen posisjon i verda var, og om det var nokon form for forandring i denne oppfatninga, over tid, frå opprettinga av riket til ca 200fvt til ca 100evt, når Han-riket igjen ekspanderte inn i Tarimbekkenet.

Det andre me kjem til å undersøke er korleis prestisje spela ei rolle for Han-riket. Dette er relevant sidan prestisje er tett knytt til respekten og beundringa ein får av andre. Ein kan her dra parallellar til europeiske makter si interesse i å ha kontroll over Sydpolen. Eit område som ikkje er av nokon form for økonomiske eller militær-strategisk viktigheit. Det å kontrollere områder der gjev likevel prestisje til dei kontrollerande maktene og dette åleine er det som ligg bak. Her kjem me til å undersøke korleis Han-riket sin ekspansjon inn i Tarimbekkenet kan ha innehaldd element av den same tankegangen.

3.1 Han-riket si verdsopfatning

Allereie langt tilbake i kinesiske historie hadde man ei oppfatning av seg sjølv som sentrum i verda. Denne oppfatninga var noko som hadde overlevd ned til Han-riket sin periode. I denne delen skal me fyrst presentere kva denne oppfatninga var for å kunne forstå korleis Han-riket såg på seg sjølv. Det andre som skal undersøkast er korleis denne oppfatninga blei utfordra av korleis den politiske situasjonen endra seg, tidleg i Han-riket sin periode.

For å forstå det fyrst punktet, så skal me her, kort utforske uttrykket *Zhongguo*. Dette er eit uttrykk som vanlegvis blir oversett til det sentrale landet, men er nok betre kjent som midtens rike.¹⁵³ Konseptet om midtens rike er eit konsept som går langt tilbake i kinesisk historie. Dette er eit konsept som kan ha vore i bruk under Shang-riket(1500-1045fvt), men som i alle fall blei vanleg under Zhou-dynastiet(1045-256fvt).¹⁵⁴ Det betyr altså at det fram mot Han-riket si tid, lenge hadde eksistert eit uttrykk, som definerte deira riket, som sentrum i verda. Det at ein plasserer seg sjølv i midten av verda, har ofte samanheng med, at ein vil definere seg sjølv som det viktigaste i verda, og derfor også, plassert over alle andre. Blant eliten ved hoffet var nok dette eit overordna konsept av stor betydning. Ein kan blant anna sjå dette gjennom kjeldemateriale sin konstante omtale av andre folk som barbarar. Dette gjelder spesielt nomadiske folkeslag, som også levde på ein anna måte enn Han-riket, og derfor blei sett på som ekstra annleis og usiviliserte. Denne oppfatninga av seg sjølv som midtens rike blei derimot utfordra av konflikten Han-riket hadde i med Xiongnu-folket og dei vidare relasjonane Han-riket hadde med dei, gjennom *ho-chi'in* politikken.

Denne politikken, slik som det blei argumentert for i forgje kapittel, var ein defensiv politikk som Han-riket førte ovanfor Xiongnu-folke, i den tidlege perioden til riket. I ein diskusjon ved hoffet, angående *ho-chi'in* politikken så kjem det fram at det var dei som meinte at det var ein uuthaldeleg skam at eit riket, slik som Han, skulle gje gåver for å halde dei på avstand.¹⁵⁵ I denne samanheng så blir uttrykket gåver brukt, men det at ein gav gåver skulle resultere i skam for Han-riket gjer ikkje meining. Det er derfor sannsynleg at dette eigentleg var tributt, som var kamuflert som gåver. Slik som det blei påpeikt i forgje kapittel så stilte og Xiongnu-folket stadig større krav til Han-riket med tanke på ressursar dei fekk. Dette tyder vidare på at det her eigentleg var snakk om tributt. Dette er viktig på grunn av at tributt fungerer som eit symbol på eit hierarki mellom sentrum og periferi. Det at Han-riket betala tributt til Xiongnu-folket utfordra nok derfor deira syn på seg sjølv som sentrum i verda.

Om ein ser på tradisjonelle syn i forskinga, så kan ein og sjå at dette kjem fram. Blant anna Yü og Di Cosmo, meiner at denne politikken var noko, som var audmjukande, for Han-riket.¹⁵⁶ Psarras meiner derimot at ein i denne politikken kan sjå på Han-riket og Xiongnu-folket som likeverdige partar.¹⁵⁷ Den fyrste framstillinga er naturlegvis meir negativ for Han-

¹⁵³ C. Holcombe, 2011, 7

¹⁵⁴ Q.E. Wang, F.L. Fillafer, and G.G. Iggers, 2007, 211

¹⁵⁵ Chang, 2007, 152

¹⁵⁶ Cosmo, 2002, 208-211; Yü, 1967, 8-12

¹⁵⁷ Psarras, 2003

riket enn den andre. Det viser likevel det at Han-riket under denne politikken, var i ein situasjon der dei ikkje kunne definere seg sjølv, som sentrum i verda.

3.2 Ideologisk forandring

Slik me såg i forgje kapittel, så var tanken til Han-riket, som låg bak *ho-chi'in* politikken, å forsøke og underlegge seg Xiongnu-folket gjennom å omvende dei til deira kultur, og å få dei til å følgja Han-riket sine sosiale normer. Denne tilnærminga fungerte ikkje som det var tenkt og ovanfor såg me korleis denne politikken utfordra Han-riket, si verdsoppfatning. Under keisar Wu forandra derimot denne tilnærminga seg. Han-riket gjekk, under han, frå å føre ein defensiv politikk til å føre ein meir aggressiv. Denne forandringa i tilnærminga til Xiongnu-folket hang saman med den ideologiske forandringa som også skjedde, under keisar Wu. Dette hadde vidare, mykje å gjere med, endringane som skjedde i konfutsianismen på denne tida. Kva var så desse endringane? Og korleis påverka dette tilnærminga Han-riket hadde til Xiongnu-folket?

La oss derfor fyrst ta for oss kva som var dei ideologiske prinsippa til konfutsianismen før keisar Wu kom til makta. I denne diskusjonen kjem me berre til å fokusera på dei prinsippa til konfutsianismen, som er relevante for denne diskusjonen. Me kjem til å ta utgangspunktet i ein av dei viktigast konfutsianske tenkarane, etter Konfutse sjølv, nemleg Mencius (ca. 372-289).¹⁵⁸ Han meiner at for å kunne bli oppnå status som *sheng-wang*, eller legendekonge, så burde ein ikkje prøve å gjenreisa den gamle politiske ordenen.¹⁵⁹ Det kjem ikkje direkte fram kva for orden det her er snakk om, men ein kan anta at det her er snakk om den som eksisterte under Zhou-dynastiet. Mencius legg fram at ein burde heller prøve å samle alle statar under himmelen.¹⁶⁰

Dette må ha betydd, i praksis, å samle dei under Han-riket sitt styre. I dette ser ein igjen at det eksisterte ein tanke om at, dei kinesiske rika stod over alle andre, i perioden før Han-riket. Det, som er essensielt her, er metoden Mencius meinte ein skulle nytte seg av, for å oppnå dette. Den einaste måten ein skulle gå fram for å oppnå dette, var i følgje Mencius, gjennom moralsk overtyding og gjennom bruk av kulturelle og sosiale midlar. Ein herskar, som gjekk mot dette, og nytta seg av militære midlar, kunne aldri bli *sheng-wang*, i følgje Mencius.¹⁶¹ Dette betyr at det eksisterte ei ideologisk motførestilling mot å bruke militære midlar for å

¹⁵⁸ Chang, 2007, 97-98

¹⁵⁹ Ibid, 97

¹⁶⁰ Ibid, 97

¹⁶¹ Ibid, 97-102

overvinne Xiongnu-folket. Vidare ser ein, at dei kriteria som her blir summert opp her, ganske klart reflekterer dei prinsippa, som låg bak *ho-chi'in* politikken Han-riket førte ovanfor Xiongnu-folket.

Korleis forandra så den konfutsianske ideologien seg under regjeringstida til keisar Wu? I kapittel 121 i *Shiji* blir det lagt fram biografiane til dei konfutsianske lærde.¹⁶² Her blir det påpeika at det allereie var ein god del konfutsianske lærde ved hoffet når keisar Wu kom til makta. Vidare blir det skildra i kjelda at keisar Wu var tiltrekt av deira idear, og at han derfor sende ut innkallingar, for å få fleire slike lærde å komme til hoffet.¹⁶³ Ein ser derfor at ein allereie i tida før keisar Wu, går i ei retning der, konfutsianske lærde fekk meir innflytelse ved hoffet i Han-riket. Ein ser og at keisar Wu vidareførte og ekspanderte denne trenden etter at han kom til makta

I denne samanhengen er det er spesielt ein slik konfutsiansk lærd som er verd å merke seg. Dette var Tung-Chung-shu, som i følge Chang særleg fanga merksemda til keisaren.¹⁶⁴ Chung-shu sine syn var på mange måtar ei oppsummering og innehalde essensen av den nye konfutsianismen som hadde utvikla seg. Dette var ei synkretisering av dei essensielle delane frå taoismen, legalismen, mohianismen og konfutsianismen samt seks andre, på den tida, mindre filosofiske skular.¹⁶⁵ Blant syna til Tung-Chung-shu så er det her verd å merke seg dei fylgjande poenga:

1. Himmelen er den høgaste gud og keisaren er himmelens representant på jorda, sendt for å kommandere og ta vare på alle folk under himmelen.
2. Keisaren sitt styre er universelt. Alt under himmelen må bli forandra, og folk utanfor Han-riket sine grenser bør, ved hjelp av forskjellige midlar, tvunge til å underlegge seg autoriteten til Han-riket sitt hoff.¹⁶⁶

Desse syna ser ut til å ha reflektere syna til dei leiande konfutsianske tenkarane rundt denne tida. Ein anna leiande konfutsiansk tenkar uttala nemleg rundt same tidspunkt at: «the transformation of the barbarians into civilization was the Heaven-mandated divine responsibility of a great ruler».¹⁶⁷ Det fyrste poenget er viktig på grunn av at det befesta ideen

¹⁶² *Qian*, 1993, vol. 2, kap 121, 355-371

¹⁶³ *Ibid*,

¹⁶⁴ *Chang*, 2007, 128

¹⁶⁵ *Ibid*, 127

¹⁶⁶ *Ibid*, 128-29. Det er her berre tatt med dei punktane som Chang summere opp som blir sett på som relevante for diskusjonen i denne avhandlninga.

¹⁶⁷ *Ibid*, 129. sitatet er henta frå *Chang*, som har henta det frå kjelde som ikkje er tilgjengeleg for meg.

om at keisaren var den øvste makta på jord, gjennom det å vere gud sin representant. Dette betydde vidare at Han-riket burde vere den ypperste makta på jord, og stå over alle andre. Om ein så ser tilbake på korleis *ho-chi-in* politikken fungerte, så kan ein argumentere for at dette prinsippet, ikkje blei reflektert i denne politikken. Her ser ein derfor at desse nye konfutsianske prinsippa kan ha lagt noko av grunnlaget for at keisar Wu braut *ho-chi'in* avtalen.

Vidare så er det særst viktig det som kjem fram i punkt 2, nemleg at ein bør underlegge seg folk utanfor Han-riket sine grenser gjennom forskjellige midlar. Denne nye formuleringa opna, i motsetning til den frå Mencius, opp for at ein kunne gjere dette ved bruk av militære midlar. Dette reflekterer og eit av ynskja til keisar Wu, som nemleg var å oppnå universelt styre over heile verda, og oppnå status som *sheng-wang*.¹⁶⁸ Chang argumenterer og for at denne nye forma for konfutsianisme blei lagt fram i år 135fvt.¹⁶⁹ Slik me har sett så blei *ho-chi'in* avtalen broten i år 133fvt og samanhengen mellom desse to er ikkje til å unngå å legge merke til. Det er nok derfor nokså sannsynleg at denne nye ideologien blei utforma, i alle fall delvis, som eit resultat av at *ho-chi'in* politikken ikkje hadde fungert, slik Han-riket hadde tenkt at den skulle. I denne situasjonen trengte Han-riket, derfor, å angripe situasjonen på ein anna måte. Den nye ideologien opna nettopp opp for dette, gjennom at ein no kunne bruke militær makt i konfrontasjon med Xiongnu-folket og framleis oppnå status som *sheng-wang*.

Mencius snakka også om at ein burde samle alle statar under himmelen. Dette virkar som ein ideologi der det ein vil oppnå er å innlemme andre statar inn i riket. Framstillinga av dette virkar veldig fredeleg, og slik me har sett, så skulle det og nettopp skje gjennom bruk av fredelege midlar. Det Tung-Chung-shu legg som prinsipp er at Han-riket har rett og bør tvinge alle andre til å underlegge seg sitt styre. Ein ser her at dette er ein veldig forandring i korleis ein burde gå fram ovanfor andre statar. Tung-Chung-shu sine prinsipp er heilt klart meir aggressive i tilnærminga til andre statar, og framhevar på ein anna måte, viktigheita av at Han-riket skulle vere på toppen av verdsordninga. Det er noko problematisk at ein her må nytte seg av andre forskarar si bruk av kjeldematerial. Chang har, for eksemel si eigen agenda og sin eigen argumentasjon han vil bygge opp ved å trekke inn dei kjeldene han gjer. I desse tilfella her, så er gjengjevingen av Chung-shu, ei rein omsetjing, så ikkje så problematisk. Det frå Mencius er ikkje det, men parafasert av Chang, så dette kan vere problematisk. Det virkar derimot, som at Chang framstiller essensen av det Mencius stod for, sjølv om det er problematisk å nytte seg av dette, når ein ikkje kan sjekke kjelda. Ein kan framleis sjå at det var ein anna tilnærming til

¹⁶⁸ Ibid, 128

¹⁶⁹ Ibid, 129

korleis ein skulle underlegge seg andre statar. Korleis påverka så denne nye ideologien, politikken til Han-riket framover?

3.3 Stadfestning av Han-riket si verdsopfatning

I år 133fvt så braut Han-riket vekk frå *ho-chi'in* politikken som hadde definert deira relasjon med Xiongnu-folket sidan 198fvt. I denne delen skal me analysera korleis denne forandringa, i den praktiske politikken, Han-riket førte ovanfor Xiongnu-folket, hang saman med prinsippa til den nye ideologien. Vidare skal me også analysere viktigheita for Han-riket å stadfeste si verdsopfatning, som sentrum i verda.

Det at Han-riket braut med *ho-chi'in* politikken, hang saman med, at dei ville bryte ut frå ein politisk situasjon, der det stadig blei meir openbart, at Han-riket var den underlegne parten. Slik som det blei argumentert ovanfor, så var dette noko som ikkje stemte overeins med Han-riket sin eigen oppfatning av seg sjølv. Psarras argumenterer og for at ein av hovudårsakene til at Han-riket gjekk ut av *ho-chi'in* avtalen nettopp var på grunn av at dei ville forandre den politiske situasjonen slik at dei enda opp som overmakta. Hennar syn er det at det ikkje fantes nokon anna årsak for Han-riket til å bryte avtalen enn dette.¹⁷⁰

Gjennom å bryte med *ho-chi'in* politikken, så hamna Han-riket i direkte konflikt med Xiongnu-folket. Ein ser her at det skjedde ei direkte forandring i måten Han-riket tilnærma seg Xiongnu-folket. Dette heng tydeleg saman med, at det i den nye ideologien, opna opp for bruk av militære midlar. Ved å overvinne, nettopp dei som hadde vore deira overmakt, så kunne Han-riket igjen bekrefte at dei no var den sterkaste makta i regionen. Når det kjem til den påfølgjande konflikten mellom Han-riket og Xiongnu-folket, så er det her av interesse, det faktum at Han-riket slo Xiongnu-folket tilbake, sjølv om ein ikkje kan seie at dei aldri blei heilt overvunne. Xiongnu-folket hadde, under *ho-chi'in* politikken, blitt sett på, som militært overlegen Han-riket, slik som blei vist i kapittel to. Gjennom det å slå dei tilbake, så etablerer ein og ideen om at Han-riket, no var ei militærmakt å rekne med. Dette blei for det fyrste etablert ovanfor Han-riket sjølv, men også ovanfor andre statar i regionen. Dette kan og ha påverka korleis dei førte ekspansjonspolitikkk i etterkant, ettersom dei no hadde bevist, at dei kunne overvinne sine fiendar.

Ein ser og etter dette ein veldig klar forandring i relasjonen mellom Han-riket og Xiongnu-folket. Om ein fylgjer det som står i *Shiji*, så ser ein det at situasjonen hadde forandra seg frå

¹⁷⁰ Psarras, 2003, 154

ein der det var Xiongnu-folket, som kom til Han-riket for å be om nye fredsavtalar og ikkje omvendt.¹⁷¹ Dette var noko, som frå Han-riket sitt synspunkt, plasserte dei øvst på den politiske stigen. Dette eksemplifiserer korleis situasjonen hadde forandra seg. Frå Han-riket si side så kunne også desse nye avtalane sjåast på som ei overgjeving frå Xiongnu-folket si side.¹⁷²

På mange måtar operera desse nye avtalane ein god del på same måte som dei under *ho-chi-in* politikken. Han-riket gav framleis store summar til Xiongnu-folket, gjennom det dei kalla gåver. Yü Ying-shih har ein analyse av nettopp dette systemet. Det som kjem fram av hans analyse, av dette systemet, var at gjennom dette, så brukt Han-riket fleire økonomiske ressursar, i gåver til Xiongnu-folket, enn dei gjorde under *ho-chi'in* politikken.¹⁷³ Dette kan med første blick verke som eit paradoks. Kvifor betalte Han-riket meir etter at dei hadde slått tilbake Xiongnu-folket? Det låg nok derimot meir bak dette enn berre økonomiske årsaker.

For det fyrste, så tar ikkje Yü sin analyse med i betraktningen, andre utgifter Han-riket kan ha hatt, med tanke på Xiongnu-folket, under *ho-chi'in* politikken. Dette kan ha vore utgifter knytt til økonomisk tap som resultat av plyndringane samt det å oppretthalde eit forsvar mot Xiongnu-folket. Dette er og noko som er vanskeleg å finne noko konkret om. Dette er heller ikkje essensielt for å forstå kvifor Han-riket var villegg til å betale større summer under dette nye systemet. Det hadde nok ein viss form for påverknad, men det virkar som at Han-riket var meir opptatt av den politiske posisjonen, som dei no hadde opparbeida seg. Dette kjem, blant anna, fram gjennom korleis desse utbetalingane skulle skje.

For at Han-riket skulle betale ut desse gåvene måtte nemleg ein høgtstående adelsmann, eller embetsmann, frå Xiongnu-folket, helst *Shanyen*, leiaren av Xiongnu-folket, reise til hoffet i Han-riket. Han-riket oppmuntra også, i følgje Yü, Xiongnu-folket til å sende *Shanyuen*, gjennom å auke gåvene kvar gong han kom til hoffet.¹⁷⁴ Når dei så kom til hoffet, så måtte dei vise at dei underkasta seg keisaren, for å kunne få desse gåvene. Her ser ein tydeleg det som Han-riket fekk ut av dette nye systemet. Dei, ut frå sitt syn, konkrete bevis på at dei no stod øvst på verdsordninga, gjennom at deira erkefiende måtte vise at han underkasta seg keisaren.

¹⁷¹ *Qian*, 1993, vol. 2, kap 110, 157

¹⁷² Yü, 1986, 394-96

¹⁷³ Y. Yü, 1986, 396-397

¹⁷⁴ *Ibid*, 397

Ein kan i *Shiji* finne eksempel på at gåver blei gitt til Han-riket frå Xiongnu-folket under perioden der *ho-chi'in* politikken var aktiv.¹⁷⁵ Det som derimot var annleis under dette nye systemet var at det no var at det var forventa, eller nesten forlanga av Han-riket, at Xiongnu-folket sendte med ein tributt. I følgje *Shiji* så blei det og forlanga eit gissel, i form av ein son frå *Shanyen*.¹⁷⁶ Utveksling av gissel, illustrerte gjerne korleis maktforholdet mellom to parter var. Det er vanskeleg å førestelle seg at ei overordna makt skulle sende eit gissel til nokon, som dei såg på som under seg. Dette viser igjen korleis forholdet mellom Han-riket og Xiongnu-folket hadde forandra seg sidan *ho-chi'in* politikken. Han-riket stilte no spesifikke krav til Xiongnu-folket, som vidare bekrefta for dei, at dei var den leiande parten. Det at Han-riket betalte større summer til Xiongnu-folket, var nok derfor ikkje noko stort problem. Dette nye systemet var nemleg av større viktighet for Han-riket. Korleis påverka så dette så den vidare ekspansjonen inn i Tarimbekkenet?

3.4 Utvikling vidare inn i Tarimbekkenet

Det at Han-riket fekk bekrefta ovanfor seg sjølv at dei var sentrum i verda hadde nok og ein stor påverknad på tilnærminga Han-riket hadde til den vidare ekspansjonen inn i Tarimbekkenet. Etter at Xiongnu-folket var slått tilbake og Han-riket hadde fått oppretta det nye systemet, så opna og tilgangen til Tarimbekkenet seg opp, på ein heilt anna måte for Han-riket. Tidlegare var jo dette området i stor grad kontrollert av Xiongnu-folket, og dei hadde fungert som ein effektiv blokade til området. Her kan ein vise til Zhang Qian, som blei sendt vestover for å opprette kontakt med Yüeshi-folket, noko som blei diskutert i kapittel to. På denne reisa blei han fanga av Xiongnu-folket både på veg vestover og på veg tilbake til Han-riket.

I samband med at Tarimbekkenet blei gjort mykje meir tilgjengeleg for Han-riket enn det hadde vore tidlegare så må ein og hugse på eit av hovudsprinsippa i den nye ideologien. Her stod det sentralt at Han-riket skulle tvinge flest moglege statar til å underlegge seg Han-riket sitt overherredøme, og at dei slik skulle spreie, det dei meinte, var den beste sivilisasjonen, til resten av verda. Dette førte til at det var viktig, for Han-riket, å strekke sin innflytelse så langt som mogleg.

I denne samanhengen så oppretta Han-riket embete Protektorat General i 59fvt, slik som me har sett i tidlegare kapittel, og gjennom det så fekk dei og meir direkte innflytelse og kontroll

¹⁷⁵ *Qian*, 1993, vol. 2, kap 110, 142

¹⁷⁶ *Ibid*, kap 110, 158

over Tarimbekkenet. Samtidig som at Han-riket gjorde dette så utvikla dei og systemet dei hadde oppretta ovanfor Xiongnu-folket. Dette blei vidareutvikla til å inkludera statane i Tarimbekkenet og har i seinare tid blitt kalla for tributssystemet, eit uttrykk me og kjem til å nytte oss av her. David C. Kang argumenter og for at grunnlaget for dette systemet, var å finne i at Han-riket såg på seg sjølv, som den beste sivilisasjonen. Han meiner og at det hang saman med ein konfutsiansk forståing av hierarki som ordensprinsipp og at hegemoniell makt fungerte som eit stabiliserande element i internasjonal politikk.¹⁷⁷

Korleis dette systemet fungerte i praksis kan ein finne indikatorar på i *Hou Hanshu*. Her kjem det blant anna fram, at på grunn av den militære styrken og dei økonomiske musklane, som Han-riket viste, så valde alle herskarane i Tarimbekkenet å presentera deira lokale varer som tribut til keisaren. I tillegg sende dei, i likeheit med Xiongnu-folket, ein av herskarane sine soner til Han-riket for å vere gissel.¹⁷⁸ Skildringa av korleis dei skulle gjekk fram i sin underkasting ovanfor keisaren er og her interessant: «With bared heads, they walked towards the east on their (knees and) elbows before the Imperial Court and the son of heaven».¹⁷⁹

Denne kjelda, som informasjonen her er henta frå, er veldig sinosentrisk i si framstilling av situasjonen. Det blir lagt veldig vekt på Han-riket si militære styrke og deira økonomiske makt. Dette var nok heilt sikkert noko som var imponerande, sidan Han-riket lenge hadde vore ei økonomisk stormakt, og hadde i konflikten med Xiongnu-folket, bygd opp sine militære styrker. Det blir likevel framstilt på ein veldig enkel måte, at alle statane i Tarimbekkenet la seg under Han-riket sin kontroll utan å utfordre dette. Det ein ser her er nok derfor ein noko forenkla versjon av korleis dette faktisk føregjekk. Ein kan og i *Hanshu* finne eksempel på at nemner statar som ikkje var underlagt Han-riket.¹⁸⁰ Dette er og ei kjelde som er mykje nærmare i tid, til Han-riket sin ekspedisjon inn i Tarimbekkenet, enn det *Hou Hanshu* er. I si skildring av måten staten viste sin underkasting på, med å krype på sine kne og olboge er nok og ein overdriving av korleis dei faktisk gjekk fram. Det viser likevel det at Han-riket forlanga teikn, som viste ei form for absolutt underkasting.

Det at Han-riket var opptatt av at andre statar skulle vise at dei underkasta seg deira overmakt, kjem og fram gjennom andre aspekt ved tributssystemet. Dette ser ein gjennom fokus på det at ein skulle gje tribut og sende gissel.¹⁸¹ Dette hadde nok same funksjon som systemet ein satt

¹⁷⁷ David C. Kang, 2010, 17-24

¹⁷⁸ Fan Ye, trans. Hill, J.E., 2009, seksjon 28, 55

¹⁷⁹ Ibid, seksjon 28, 55

¹⁸⁰ Gu, 1979, 96A, 23B

¹⁸¹ Ye, 2009, seksjon 28, 55

opp for Xiongnu-folket, som diskutert ovanfor. I Tarimbekkenet fekk ein og tilgang til mange fleire statar, noko som gjorde det ekstra attraktivt for Han-riket å etablere ein form for hegemonielt overherredøme. Desto fleire statar ein kunne påstå at ein hadde overherredøme over, desto betre, noko som og tydeleg hang saman med prinsippa i den nye ideologien, diskutert ovanfor.

Viktigheita av at, statane i Tarimbekkenet, la seg under Han-riket sitt overherredøme, gjennom tributsystemet, blir spesielt synleg gjennom anna informasjon ein finn i *Hou Hanshu*. Her kjem det fram at dei som var underdanige frå byrjinga blei lønna i form av gåver og offentlege segl frå Han-riket.¹⁸² Dette blir her spesifisert at dette var segl som var forma som skilpadder. I følgje Wei Sun så var dette segl som blei gitt til høgtstående embetsmenn.¹⁸³ Det indikerer både at desse segla viste at innehavarane av dei representerte Han-riket samtidig som det viste at dei som fekk dei hadde underlagt seg Han-riket sitt overherredøme. Det kan og indikere at det blei sett som prestisjefult å kunne vise til at ein hadde ein tilknytning til Han-riket. Dette kan vidar tyde på at Han-riket i stilling ovanfor andre statar, hadde auka betrakteleg, også. Det kan sjølvstøtt også vere at herskarar godtok dette for å kunne ta i mot den økonomiske fordelene.

Noko som kan bekrefte, at det kan ha vore viktig, for statar å ta imot slike segl, eller få offentlege embete, frå Han-riket, finn ein i *Hou Hanshu*. I følgje kjelda så kjem det fram at Yarkand og Shanshan i år 38 evt og 18 andre i år 45 bad Han-riket på ny oppretta kontroll over Tarimbekkenet. Slik det kjem fram frå kjelda, så sa keisar Guangwu nei til dette, på grunn av at riket ikkje var stabilt nok, etter ein lengre periode med borgarkrig.¹⁸⁴ Samtidig så blei og Xiongnu-folket svakare og mista og kontroll over Tarimbekkenet. Det at verken Xiongnu-folket, eller Han-riket, hadde kontroll over Tarimbekkenet på denne tida, opna opp for at andre statar kunne ta kontroll over området.¹⁸⁵ Ein slik stat var Yarkand, som under Xian, herskaren i Yarkand på denne tida, tok kontroll over Tarimbekkenet. Han-riket gav han på dette tidspunktet tittelen Protektorat General over dei vestlege regionane, men trakk kort tid etter denne tilbake og forandra det til Utmerka Han-general.¹⁸⁶ I følgje *Hou Hanshu* gjorde dette Xian missnøgd og han gav seg derfor sjølv tittelen Protektorat General.¹⁸⁷ Denne

¹⁸² Ibid, seksjon 28, 55

¹⁸³ W. Sun, 2004, 20

¹⁸⁴ Ye, 2009, seksjon 1, 3

¹⁸⁵ Ibid, seksjon 1, 3

¹⁸⁶ Ibid, seksjon 20, 35

¹⁸⁷ Ibid, seksjon 20, 35

situasjonen kan tyde på at det å inneha offisielle Han-titlar kan ha vore viktig for statane i Tarimbekkenet. Det gav dei ein form for legitimitet, som ein kunne bruke til å underbygge sin eigen rolle i Tarimbekkenet. Dette kan ha med å gjere at ein tittel, slik som Protektorat General, var noko ein kjende til i Tarimbekkenet, og derfor noko som var enklare å både vise til og forstå for dei forskjellige statane.

Dette eksempelet er henta frå perioden etter at Tarimbekkenet hadde låge under tributssystemet over lengre tid. Det at det virkar her, som at Han-riket no var blitt ei makt, som gav legitimitet til andre statar. Dette kan vidare tyde på at deira posisjon i verdsoppfatninga til andre statar, også hadde forandra seg mykje. Han-riket var ikkje nødvendigvis berre sentrum ovanfor seg sjølv lenger, det blei og sett på som sentrum av andre statar.

Om me no går tilbake til tributssystemet, og opprettinga av det, så kjem det fram frå *Hou Hanshu*, at dei som ikkje la seg under Han-riket sitt overherredøme, skulle straffast. Dette skulle gjerast ved at hovuda deira skulle hengast ved porten i hovudstaden.¹⁸⁸ Ein kan ikkje finne noko som tyder på at dette var noko, som faktisk blei handheva, eller at det ikkje blei det. Det viser likevel at det var for Han-riket essensielt at andre statar framstilte seg sjølv som underdanig deira styre. Dei som gjekk frivillig, blei møtt med gåver, ei form for økonomisk påskjøning, noko som nok oppmuntra ein del til å gjere dette.¹⁸⁹ Det skal vere sagt at dette tributssystemet, som Han-riket etablerte, nok ikkje berre var for å få bekrefta sin suverenitet over andre statar. Det var nok og ein viss form for økonomisk faktor, som spela ein rolle for dei også. Dette er noko som kjem til å bli diskutert i neste kapittel, som kjem til å ta for seg dei økonomisk motiverande faktorane bak ekspansjonen.

Dette seier derfor noko om kor stor innflytelsen frå Han-riket kan ha vore, at det å kunne vise til at ein var anerkjend av dei eller hadde tilknytning til dei på nokon måte gav ein større status blant andre statar. Ein kan sjølv sagt ikkje stole heilt på det som står i denne kjelda. Både på grunn av at den har eit veldig sinosentrisk syn, men det er og problematisk at den er skriven så lenge etter perioden den skildre. Samtidig så seier forfattaren sjølv at han har basert seg delvis på *Hanshu* men også på rapportane til generalar som var i dei vestlege områda, men ein er her ikkje sikkert på om dette var noko han faktisk hadde tilgang til eller ikkje.

¹⁸⁸ Ibid, seksjon 28, 55

¹⁸⁹ Ibid, seksjon 28, 55

Ein ser her, at den nye ideologien til Han-riket, samt det at dei hadde fått restaurert verdsoppfatninga si, gjennom konflikten med Xiongnu-folket, også påverka Han-riket si tilnærming til Tarimbekkenet. Samtidig så fekk Han-riket også, gjennom kontroll over Tarimbekkenet, vidare bekrefta, ovanfor seg sjølv, at dei var sentrum i verda. Dette gjekk mykje på at dei fekk utvida tributtsystemet til mange fleire statar og gjennom det fekk mange fleire som kom til hoffet og viste at dei underkasta seg Han-riket.

3.5 Prestisje

Ein viktig del av Han-riket sin verdsoppfatning hadde også å gjere med prestisje. Dette var og noko som var viktig for korleis andre statar sin oppfatning av Han-riket var. I denne delen skal me derfor analysa korleis søken etter å utvide sin prestisje hadde noko å sei for Han-riket sin ekspansjon inn i Tarimbekkenet. Prestisje er og tett knytt til respekt ein får frå andre, og me kjem her også til å undersøke korleis Han-riket såg på det som viktig å få respekt frå andre statar.

Om ein ser i kjeldane på perioden når Han-riket byrja å ekspandere vestover så finn ein og bevis for at dette kan ha vore noko av motivasjonen bak ekspansjonen inn i Tarimbekkenet. I *Shiji* blir det blant anna nemnt at når Zhang Qian kom tilbake frå ekspedisjonen sin i 126 fvt og fortalte om landa i vesten og korleis dei enten er militært svake eller kan la seg overtala til å inngå alliansar med Han-riket gjennom å bli tilbode gåver. Keisar Wu sin reaksjon, i følgje *Shiji*, er det fylgjande:

«If it were possible to win over these states by peaceful means, the emperor thought, he could then extend his domain 10,000 *li*, attract to his court men of strange customs who would come translating and retranslating their languages, and his might would become known to all the lands within the four seas»¹⁹⁰

Her kjem det fram at ein av interessene, som Han-riket hadde med å ekspandere vestover, og legge under seg nye områder, nettopp var å auke prestisjen sin og å vise verda kor mektig dei var. Dette var og noko Raschke meinte, var ein av faktorane, som låg bak ekspansjonen til Han-riket.¹⁹¹ Dette var allereie tidleg i ekspansjonsfasen, og ein ser derfor, at dette tidleg, var eit mål for Han-riket. Vidare får ein også gjennom dette vete, at det var av interesse for Han-riket å opprette kontakt med og å få kunnskap om nye kulturar. Dette kan bety at det derfor også låg ei grad av nysgjerrigheit, om den nye verda ein no hadde fått eit lite innblikk i, bak

¹⁹⁰ Qian, 1993, vol. 2, kap 123, 236

¹⁹¹ Raschke, 1978, 618

ekspansjonen. Dette er også noko som Boulnois trekker fram i sin diskusjon rundt Han-riket sin ekspansjon.¹⁹² Denne tilgangen til nye og framande kulturar kunne vidare og vere med på å fremma prestisjen og posisjonen til Han-riket ovanfor andre statar. Samtidig så aukar også prestisjen til riket gjennom å tiltrekke seg lærde menneske frå mange forskjellige kulturar. Dette understreka også tanken om Han-riket som sentrum i verda.

Om dette faktisk er tankane til keisaren er noko ein kan stille spørsmål ved. Det er nok lite sannsynleg at kjelda baserer seg på direkte tale frå keisaren. Det er derimot meir sannsynleg at det, som kjem fram her, var ei oppsummering av diskusjonar og meiningar blant hoffet i Han-riket. Sima Qian jo var ein del av dette hoffet, og dette var nok derfor informasjon, som han mest sannsynleg, hadde tilgang til. Årsaka til at det er framstilt som om at det kjem direkte frå keisaren har nok med å gjera at det både gjer inntrykk av å vere meir legitimt samtidig som at det er ei framstillinga som er enklare å formidla til lesaren.

Gjennom Han-riket sin konfrontasjon med nokre av statane rundt Tarimbekkenet, så kan ein finne informasjon, som indikerer, at det å oppretthalda prestisjen til riket var ekstremt viktig. Eit av desse eksempla kjem gjennom Han-riket sin konfrontasjon med staten Dayuan (Ferghana). Dette var ein konfrontasjon som eigentleg gjekk ut på at Han-riket var interessert i hestar, frå dette området.¹⁹³ Dette er og noko, som kjem til å bli diskutert i neste kapittel. I denne delen, så er det eit anna aspekt ved denne konflikten, som er av interesse. *Shiji* fortel at den fyrste militærekspedisjonen som blei sendt mot Dayuan, ikkje var suksessfull. Det var då fleire ved hoffet, som argumenterte for å oppløyse den hæren og heller fokusere alle ressursane mot Xiongnu-folket, som dei framleis var i konflikt med.¹⁹⁴

Keisar Wu hadde derimot allereie forplikta seg offentleg til å straffe Dayuan. Han var derfor bekymra for at om Han-riket ikkje klarte å overvinna ein slik liten stat som Dayuan, så ville andre land mista respekten og forakte dei.¹⁹⁵ Vidare kjem det fram frå *Shiji*, at det var bekymringar for, at om Han-riket viste seg for svak til å overvinne Dayuan, så ville riket sine utsendingar bli behandla dårleg. Vidare meinte ein og at dette ville føre til at Han-riket ville utsatt for latterleggjering frå framande nasjonar.¹⁹⁶ På dette tidspunktet handla konflikten med Dayuan brått om noko meir enn berre økonomiske eller strategiske fordelar. Konflikten med Dayuan blei noko Han-riket måtte vinne for at dei skulle kunne framstille seg som ei stor

¹⁹² Boulnois, Mayhew, and Sheng, 2012, 88

¹⁹³ *Qian*, 1993, vol. 2, kap 123, 246

¹⁹⁴ *Ibid*, kap 123, 247

¹⁹⁵ *Ibid*, kap 123, 247

¹⁹⁶ *Ibid*, kap 123, 247

makt ovanfor ander statar. Det var æra til Han-riket som stod på spill og at ein måtte vise at ein kunne overvinne, det som blei sett på som mindre statar.

Eit anna eksempel på at Han-riket satt sin prestisje høgt og forlanga respekt, kjem i form av utredninga om staten Chi-pin (Kashmir) i *Hanshu*. I denne utredninga blir det lagt fram kvifor Han-riket ikkje vil oppretthalda kontakt med denne staten. Eit av argumenta som blir lagt fram er at dei ikkje viser Han-riket den respekten dei meiner at dei fortener. Vidare kjem det fram at Chi-pin ynskja å oppretta kontakt igjen på grunn av handelsforbindingar. Slik blir forsøket deira skildra i *Hanshu*:

«Now they regret their earlier misdemeanours and come (with a show of submission), but there are no members of the royal family or noblemen among those who bring the gifts....They wish to exchange their goods and conduct trade, under the pretext of presenting gifts.»¹⁹⁷

Her kjem det fram, at det er eit viktig poeng for Han-riket, at dei landa som ynskjer å oppretta offentleg kontakt med dei, viste den riktige forma for respekt. Vidare var det og viktig at dei viste at dei underkasta seg Han-riket sin dominans. Ein del av dette var blant anna at dei forlanga, og hadde ei forventning om, at andre statar skulle sende, enten konglege eller adelsmenn, for å opprette offentleg kontakt. Dette hadde og vidare samanheng med at Han-riket hadde opparbeida seg ein posisjon der dei nettopp kunne forlanga dette.

Nå skal det vere nemnt her at dette ikkje var einaste årsak til at offentlege relasjonar til Chi-pin var vanskeleg. Det var og eit problem med avstanden mellom rika. I denne samanhengen blir det og nemnt at dei låg for langt vekke til at Han-riket sine styrker kunne nå dei. Dette gjorde det nok og vanskeleg for Han-riket å straffe dei, gjennom bruk av militære midlar, om dei ikkje gjorde som dei ville.

På grunn av dei ikkje viste at dei underkasta seg Han-riket sitt overherredøme, så blir lagt fram i *Hanshu* at dei derfor ikkje var passande å ha som undersått¹⁹⁸. Det blir her framstilt, som at det var eit privilegium å vere under deira kontroll og at om ein ynskja å ta del i deira storheit så måtte ein ikkje berre underlegge seg. Denne framstillinga ein her får av Chi-pin, er nok igjen påverka, av at dei låg for langt vekke til at Han-riket effektivt kontrollere dei. Dette og det kan vere ein årsak til at framstillinga er slik den er, nettopp fordi at Han-riket ikkje

¹⁹⁷ *Gu*, 1979, 96A, 25B-26A

¹⁹⁸ *Ibid*, 96A, 25B-26A

klarte å få dei som undersåtter så måtte dei lage ei unnskyldning til kvifor dei ikkje ville ha dei som det. Det er då betre for dei å framstille det som at det var på grunn av at dei ikkje ville ha dei enn at dei faktisk ikkje hadde moglegheit til det. Ein finn ikkje nokon form for slik argumentasjon frå dei kjeldene ein har tilgjengeleg som omtalar den perioden. Det kan og faktisk ha vore slik at Han-riket faktisk meinte at dei ikkje var verdig til å vere deira undersåtter, sjølv om den reint praktiske utfordringa med avstand tyder på at dette var meir ei måte å forklara vekk problemet.

Ein ser her at prestisje var noko som var viktig for Han-riket å skaffe seg og å oppretthalde. Dette var på grunn av at det var eit ynskje om, at ein skulle framstå, ovanfor andre statar, som stor og mektig. Viktigheita av dette blir understreka når ein ser at Han-riket var villig til å sette inn militære ressursar mot Dayuan, sjølv om dei var i konflikt med Xiongnu-folket. Ein ser vidare at det var viktig for Han-riket at andre statar viste dei den rette form for respekt.

3.6 Kapittelkonklusjon

Under perioden med *ho-chi'in* politikk så blei det meir og meir klart for Han-riket at dei no var i ein underlegen posisjon ovanfor Xiongnu-folket. Denne politikken gjekk, blant anna, ut på at Han-riket skulle betale ein viss sum, til Xiongnu-folket, i form av gåver. Det som blei tydelegare dess lenger denne politikken blei ført var at desse gåvene eigentleg var ein form for tribut. Dette utfordra vidare Han-riket sitt syn på seg sjølv, som sentrum i verda, noko som blei tydeleggjort gjennom diskusjonar ved hoffet. *Ho-chi'in* politikken reflekterte på mange måtar hovudprinsippa i konfutsianismen, som Mencius hadde lagt fram. Det var derfor nødvendig å forandre denne ideologien. Det er derfor ikkje tilfeldig at denne forandringa skjedde på same tidspunkt som forandringa i politikken skjedde.

Ein ser og at forandringa i ideologien påverka tilnærminga Han-riket hadde til Tarimbekkenet. Slik, som det her har blitt vist, så utvikla Han-riket tributsystemet for å innlemme statane i Tarimbekkenet i eit system der Han-riket fekk stadfesta sin posisjon på toppen. Ekspansjonen inn i Tarimbekkenet hang og saman med, at Han-riket ville auke prestisjen sin. Viktigheita av prestisjen, blei og poengtert gjennom Han-riket sin konflikt med Dayuan.

Kapittel 4. Ekspansjon: Økonomisk motivasjon

Under kolonitida på 1800-talet så var det ein enorm konkurranse mellom europeiske statar om å skaffe seg kontroll over mest mogleg territorium. Denne ekspansjonen, spesielt den inn i Afrika, hang mykje saman med det å få tilgang til fleire råvarer, som dei då kunne bruke i den stadig voksende industrien. Samtidig med dette var det og viktig å skaffe seg tilgang til nye marknader der dei så kunne selje dei varene som dei produserte. Dette var ein form for ekspansjon, som det derfor låg klare økonomiske motiv bak.

Kan det ha vore nokon form for økonomisk motiv som og låg bak Han-riket sin ekspansjon inn i Tarimbekkenet? I dette kapittelet skal me analysere dei faktiske forholda i Tarimbekkenet, meir enn me har gjort i dei tidlegare kapitla. Målet med dette kapittelet er å gje ei større forståing av dei økonomiske midlane som var tilgjengeleg i Tarimbekkenet. Det fyrste, som derfor skal undersøkast i dette kapittelet, er kva for ressursar som var tilgjengelege i Tarimbekkenet. Vidare er det viktig å analysere om nokon av desse ressursane, var av spesiell interesse for Han-riket. Når det her er snakk om ressursar så er det meint i forstand materiale slik som gull, sølv osv. I denne samanheng kjem me og til å diskutere forskjellige måtar desse ressursane eventuelt kom seg til Han-riket. Det kjem her til å bli diskutert korleis handel og tribut fungerte i forhold til dette. Eit essensielt spørsmål i dette kapittelet kjem vidare til å vere, kva for tiltak Han-riket gjorde for å sikre seg tilgang til dette?

I fyrste omgang kjem me til å fokusere på tidsperioden når Han-riket byrja å ekspandere inn i Tarimbekkenet. Dette var i perioden like før 100fvt og fram til opprettinga av embete Protektorat General i år 59 fvt. I tillegg kjem me til å komme litt inn på perioden når Han-riket, igjen, ekspandere inn i Tarimbekkenet, rundt år 70 evt. I dette kapittelet kjem me og til å dra inn noko kjeldemateriale frå seinare periode, frå ca 600 evt. Dette blir gjort på grunn av mangel på likande kjeldemateriale frå Han-riket sin periode. Dette materiale kan likevel indikere korleis forholda var under Han-riket.

4.1 Ressursar i og rundt Tarimbekkenet

Det fyrste spørsmålet som ein må stille for å kunne svare på om det var nokon økonomisk motiv bak Han-riket sin ekspansjon inn i Tarimbekkenet er: Kva for ressursar var det i Tarimbekkenet på denne tida? I denne delen av kapittelet skal me derfor analysere kva forskjellig kjeldemateriale kan seie om dette. Ein ressurs som blir nemnt mange gonger i *Hanshu* er jade, men også gull og sølv blir nemnt ofte i denne kjelda. Gull og sølv er mineral

som alltid har vore sær ettertrakta, opp gjennom historia, av alle folk. Jade er og ei ressurs som har stått høgt i kurs, men har kanskje vore spesielt ettertrakta av kinesarane. Det er her snakk om ressursar av høg verdi og førekomstar av slike ressursar i Tarimbekkenet tyder på, at området nok var, av ikkje ubetydeleg, økonomisk interesse for statane som låg rundt.

I tillegg til dette finn ein i følgje *Hanshu* at det også fantes fleire andre mineral, slik som jern, kobbar, bly og tinn¹⁹⁹.²⁰⁰ Ein ser her at Tarimbekkenet var eit område som inneheldt mange forskjellige ressursar. Fleire av desse var og av den typen at dei var av sjeldan natur og derfor logisk nok høgt ettertrakta. Jern er på den andre sida noko ein finn mange stadar på jordkloden, og kan derfor ikkje bli sett på som spesielt sjeldan eller av høg verdi. Jern var likevel ekstremt viktig ettersom det var det som blei brukt i produksjonen av reiskapar, spesielt våpen og rustning. Tilgang og kontroll over jern var derfor ofte svært viktig for statar før i tida, og derfor av strategisk viktigheit. Det at det var jern der kan for eksempel ha betydd at ein ikkje trengte å importere dette frå dei sentrale delane av Han-riket. Dette var nok vidare viktig med tanke på konflikten, Han-riket var i, med Xiongnu-folket. Frå George Rapp kjem det fram at kobbar og tinn var noko det eksisterte mykje av i Han-riket.²⁰¹ Dette kan bety at dette var noko Han-riket ikkje hadde noko stor interesse for, men ein veit ikkje noko spesifikt om dette.

I *Hanshu* er det ikkje berre denne typen ressursar som blir lista opp. Ein ser og at blant anna druer, forskjellige frukter og ulike dyr som ein kan finne forskjellige stader blir nemnt. I tillegg til dette finn ein og informasjon i *Hanshu* om at det var rikt jordbruksland å finne i Tarimbekkenet også.²⁰² Det at ein finn druer som blei brukt til vinproduksjon viser og kontakta med vesten sidan vindruer kom derfrå. Det skal vere sagt, at om nokre statar, så finn ein ikkje noko spesifikk, informasjon om kva for ressursar dei hadde. Dette er utanom den informasjonen, som blir gitt om at dei fleste bystatane i Tarimbekkenet dreiv med jordbruk og hadde dyr.²⁰³ Dette kan ha med å gjere at desse statane, enten var for små til at det var noko poeng i å registrere det, eller at det rett og slett ikkje fantes noko av interesse der. Her kan det og vere at kjelda ikkje er fullstendige og at ein derfor manglar informasjon om nokre områder.

¹⁹⁹ Noko av informasjonen om tinn her henta frå *Hanshu*, noko er og henta frå R. D. Penhallurick, 2008, 7-56

²⁰⁰ For ei totalt oversikt over ressursar som er å finne i Tarimbekkenet i følgje *Hanshu*, sjå vedlagt ressurskart.

²⁰¹ George Rapp, 2009, 173

²⁰² *Gu*, 1979, kap 96 A og B, Den informasjonen som her er framstilt er ein oppsummering av det ein finn i *Hanshu*.

²⁰³ *Ibid*, 96 A, 5B

Det var og ressursar som låg utanfor Tarimbekkenet som var svært ettertrakta. Her er det spesielt snakk om dei blodsveittande hestane frå Dayuan (Ferghana) som var av stor interesse, spesielt for Han-riket. Han-riket si interesse for desse hestane er noko som kjem til å bli diskutert vidare lenger nede i kapitlet. Ein ser og at verdifulle mineral som tinn, gull, sølv og kobbar er å finne sør-vest for Tarimbekkenet, i staten Chi-pin (Kashmir). For å få tilgang til desse ressursane må utsendingar frå Han-riket ha bevega seg gjennom Tarimbekkenet. Det å ha kontroll over Tarimbekkenet kan derfor ha vore viktig for å kunne sikre trygg ferdsel til desse områda, som låg langt unna dei sentrale delane, av Han-riket.

Ein må og huske på at Tarimbekkenet var eit område der ressursar bevegde seg, langs ulike ruter. Tilgang til desse rutene og kontroll over dei kan derfor ha gitt vidare tilgang til ressursar som var av interesse. Ei kjelde som gjer oss ein oversikt over kva for ressursar som bevegde seg langs Tarimbekkenet er dei sogdianske breva. Dette er ei samling brev av fem brev som blei funne av arkeologen Stein i 1907 og har seinare blitt datert til 313/314.²⁰⁴ To av breva, nr 1 og 3, omhandlar ei kvinne som hadde blitt etterlatt i Dunhuang og søkte hjelp. Desse breva er derimot ikkje av interesse for denne diskusjonen. Det er derimot brev nr 2 og 5. I desse breva finn ein informasjon om den kommersielle aktiviteten til dei som skreiv dei. Her kjem det blant anna fram kva for produkt som dei handla med.

Desse breva var skriven av enkeltindivid, noko som betyr at dei ikkje nødvendigvis representerte ei større masse. I slike brev så kan og sendaren ha overdrive eller underdrive situasjonen for å fremma si eigen interesse. Ein må her og ta i betraktning at kommunikasjon over lengre avstandar kunne ta fleire månadar. Det er og her snakk om veldig få brev, noko som og gjer det vanskelegare å lage eit større bilete ut i frå informasjonen ein finn i dei. Dette kan påverka betydinga av det ein finn her på den måten at for eksempel dei ressursane ein finn nemnt ikkje var noko som var vanleg å handla med. Ein ser derimot at brev nr 5 er sendt til hovud handelsmannen, noko som tyder på at dette er ein organisasjon som består av fleire handelsmenn og som har eit ganske organisert nettverk.²⁰⁵ Det er derfor mindre sannsynleg at informasjonen ein finn i breva er overdriven. Gjennom dette får ein og vete at dette var eit nettverk som strekte seg frå dei kinesiske områda og til Samarkand, i dagens Usbekistan. Dette indikerer og at dette var noko som var veldig etablert og som derfor sannsynleg hadde eksistert over ein lenger periode.

²⁰⁴ Sims-Williams, "The Sogdian Ancient Letters", 2004, introduksjon

²⁰⁵ Ibid, brev 5

Her kjem og inn på eit anna problem med å bruke dei Sogdianske breva i denne samanhengen. Det at dei mest sannsynleg er frå år 313/314 betyr nemleg at dei er skriven ei stund etter Han-perioden var over. Det betyr vidare at det ein finn av informasjon her ikkje nødvendigvis stemmer for den perioden. Samtidig så er det, som poengtert ovanfor, tydeleg at dette er ein etablert praksis, som hadde eksistert over ein lengre periode. Ein kan og sette dette saman med at mange forskarar meiner at handel langs silkevegen blomstra etter at Han-riket ekspanderte inn i Tarimbekkenet, eksemplifisert her gjennom Liu.²⁰⁶ Dette betyr at det nok var meir attraktivt å drive handel i perioden etter at Han-riket tok kontroll der. Det er derfor sannsynleg at handel av denne natur hadde eksistert over lengre tid, altså før desse breva blei skrivne. Ein ser og at i desse breva så blir det poengtert at det ikkje er noko profitt å hente nokre stader på grunn av konflikt som har oppstått. Dette tyder på at det tidlegare hadde vore profitt å hente dei stadane. Dette indikerer igjen at det er snakk om ein form for handel som hadde eksistert over lengre tid.

Desse breva gjer oss derfor ei lita innsikt i kva for varer som blei transportert langs Tarimbekkenet. Det ein finn av varer som blir nemnt i desse breva er sølv, lin, ikkje-prosessert klede, peppar, moskus og noko som berre blir kalla kvit.²⁰⁷ Dette reknar ein med at mest sannsynleg er kvit bly-pulver, som blei brukt i kosmetikk og medisin. I følgje desse breva så er det snakk om handel som føregjekk i ein liten skala, men der ein handla i varer som hadde stor verdi. Dette gjer meining sidan det blei frakta over lengre avstandar og det er enklare å frakte varer som veg mindre. Samtidig som at det også er meir lukrativt å handle med varer der ein kan forvente større avkastning. Dette kan tyde på at varer som blei transportert langs Tarimbekkenet var meint for eliten i samfunnet. I Han-riket kan dette ha vore personar som var tilknytt hoffet, embetsmenn, som administrerte områder i riket, eller andre høgtstående embetsmenn. Dette betyr vidare at eliten, nemleg dei som ofte avgjorde saker, eller hadde tilgang til dei som gjorde det, nok hadde eit ynskje om å kontrollere tilgangen til nettopp denne type handel i større grad.

Vidare kjelder som gjer oss innsyn i kva for varer som blei frakta langs Tarimbekkenet, finn ein i nokre dokument frå ein enda seinare periode. Desse dokumenta blei originalt skriven ned på bambuspinnar, som var knytt saman med tau. Ei oversikt over informasjonen på dei har blitt samla i Valerie Hansen si bok *Silk Road, A New History*.²⁰⁸ Det er og dette som kjem til å

²⁰⁶ Liu, 2010, 10

²⁰⁷ Sims-Williams, "The Sogdian Ancient Letters", 2004, brev 2 og 5

²⁰⁸ Hansen, 2012, 100

gjere grunnlaget for den vidare diskusjonen. Dette er dokument som er funnet i Turfan og området rundt og datert til ca 600 evt, der ein finn oversikt over toll som har blitt tatt for varer som blei frakta gjennom dette området. Totalt er det 36 slike transaksjonar ein finn nemnt i desse dokumenta.²⁰⁹ På grunn av at det i desse dokumenta er transaksjonar som er temaet, så er det og ein del informasjon om ressursar. Dokumenta er derimot ikkje fullstendige og i mange tilfelle manglar det noko informasjon.

I arbeid med desse dokumenta så er det dei same problema som med dei sogdianske breva, at dei er frå ein periode lenge etter at Han-riket si levetid var over. Det er derfor eit spørsmål om dei varene som er nemnt i dei var å finne i same område i Han-perioden, eller om det er noko som har komme seinare. Det som derimot talar for dette er at ein ser liten årsak til at dette skal ha forandra seg. Det er ikkje slik at måten varar blei frakta på forandra seg noko i dette tidsspennet ei heller at behovet til folk skal ha forandra seg noko. Desse dokumenta viser og at handel langs Tarimbekkenet var noko som faktisk føregjekk og dei seier og noko om handelens natur. I samanlikning med varene som blir nemnt i dei sogdianske breva, så er det i desse dokumenta og ofte snakk om varer med lav kvanta, men som ein kan rekne med at hadde høg verdi.²¹⁰ Dette tyder på at denne type handel ikkje er noko som brått har oppstått men at det var noko som hadde eksistert over lenger tid, og det er ingen grunn til at denne type handel skulle oppstå etter Han-riket sitt fall og ikkje før.

Av dei ressursane som er nemnt i desse dokumenta finn ein blant anna sølv og gull i små mengder, men også messing førekjem nokre få gonger. Ein ser og at handel med sukker og silkestråd førekjem nokre få gonger, her og i mindre volum. Dei varene som blir frakta i større kvanta er det som blir omtala som duft og ammonium klorid. Om duft blir det sagt at det er oversett frå *xiang* som er eit overordna uttrykk som inkluderer krydder, røykelse og medisin.²¹¹ Ammonium klorid, eller salmiakk, er nemnd heile seks av dei trettiseks gongane på dokumentet, og førekjem nokre gonger i ganske store kvanta. Dette er eit interessant materiale sidan det blei brukt til mange forskjellige ting. Det blei blant anna brukt som ingrediens i fargestoff, til å arbeide med lær og for å senka temperaturen når ein arbeidde med metall.²¹² I samband med metall så blei salmiakk ofte brukt i forgyllingsprosessen, noko ein veit dei gjorde i Han-riket.²¹³ Dette indikerer vidare at dette var eit materiale som var av interesse og

²⁰⁹ Ibid, 100

²¹⁰ Ibid, 100

²¹¹ Ibid, 99 Har her oversatt ordet fragrance, som Hansen bruker, til duft.

²¹² Ibid,

²¹³ D.A. Scott, 2011, 39

som det er sannsynleg at det blei handla med i denne perioden. Hansen spesifiserer og seinare, i eit intervju, at dette materiale stort sett kom frå dagens Usbekistan,²¹⁴ som ligg direkte vest for Tarimbekkenet.

4.2 Ressursar av interesse for Han-riket

Var det så nokon av desse ressursane som var av spesiell interesse for Han-riket? Om ein går tilbake til Zhang Qian og hans rapportar til keisar Wu, så kan ein og sjå det at tilgang til ressursar var noko som vekka interessa til Han-keisaren for dette området. Zhang Qian fortel, i følgje *Shiji*, om dei store rikdommane som er å finne i spesielt Dayuan, Daxia, Anxi og fleire.²¹⁵ Her ser ein og at keisaren ynskjer å auke si eigen prestisje og vise si makt gjennom å underlegge seg desse statane. Slik som det blei argumentert for i forgje kapittel så var nok dette og ein motivasjon som låg bak ekspansjonen. I denne delen skal me derimot undersøke den økonomiske motivasjonen som låg bak.

Denne informasjonen blir framstilt som ein dialog, her mellom Zhang Qian, som talar, og keisaren som høyrer på og godkjenner Qian sitt forslag, om å sende ekspedisjonar vestover. Her kan ein heller ikkje vere sikker på om dette er skriven ned slik det faktisk skjedde eller om det er ein oppsummering av ein meir kompleks dialog eller og fleire dialogar og diskusjonar. Ein kan heller ikkje vere sikker på om Qian faktisk fekk snakke direkte med keisaren i heile tatt. I dette tilfellet var det nok ikkje utenkeleg sidan han hadde så ny og viktig informasjon han skulle leggja fram. Om det var slik så veit ein heller ikkje om Sima Qian var til stede og noterte samtalen direkte, eller om det i heile tatt var nokon som gjorde dette. Samtidig så hadde Sima Qian tilgang til offentlege dokument og liknande så han har hatt tilgang til materiale som han kan ha basert denne framstillinga på.

Gjennom aukande kontakt med områda i Tarimbekkenet så fekk Han-riket tilgang til hestar som var betre enn deira egne. Fyrst får dei nokon gjennom gåver frå Wusun etter at kontakten med dei blei oppretta, og dei inngår ein form for samarbeid. Seinare får ein derimot tilgang til det som blir kalla «blod-sveittande» hestar frå Dayuan (Ferghana). Desse hestane var endå betre enn hestane frå Wusun og keisaren brukte namnet 'himmelske hestar' om dei.²¹⁶ Staten, Dayuan, låg rett vest for Tarimbekkenet, ein måtte derfor reise gjennom dette området for å komme seg dertil. Ein ser og at i følgje *Shiji* så blei det og oppretta fortifikasjonar og oppretta

²¹⁴ <http://etc.ancient.eu/2013/03/03/trading-cultures-along-the-ancient-silk-road-an-interview-with-professor-valerie-hansen/>

²¹⁵ *Qian*, 1993, vol. 2, kap 123, 236

²¹⁶ *Ibid*, kap 123, 240

provinsar i Tarimbekkenet nettopp for å sikre ei trygg rute til landa som låg til nordvest. Dette er noko som me skal diskutere vidare lenger nede i kapittelet. Det blir og skrive at stadig fleire utsendingar blei sendt til statar som låg i dette området. Her blir det og spesifisert at ein konstant strøm av slike utsendingar blei sendt for nettopp å skaffe desse hestane.²¹⁷

Ein får og eit innblikk i funksjonen til desse utsendingane og ein ser at dei hadde, om ikkje utelukkande, også hadde som oppdrag å skaffe ressursar som Han-riket var interessert i. I same kjelda ser ein og at i løpet av eit år så blei det sendt ut mellom fem til over ti slike utsendingar. Vidare ser ein at dei største av desse karavanane bestod av fleire hundre personar. Det blir og skrive at desse blei mindre etter kvart, som dei blei meir kjende med rutene.²¹⁸ Det at Han-riket sendte ein jamn straum av utsendingar vestover tyder på at Han-riket hadde stor interesse av dei ressursane som var å finne i Tarimbekkenet. Størrelesen på dei kan og tyde på at dei hadde mogleik til å frakte ein god del varer både vestover og tilbake til Han-riket. Ein må der hugse på at det nok var viktig å ta med seg både nok mat og nok vatn til å klare den lange turen, sjølv om det var mogleg å få nye rasjonar på vegen.

Bevis for den store interessa som Han-riket hadde for hestane frå Dayuan finn ein vidare gjennom kor lang dei var villig til å gå for å få tilgang til dei. Keisaren fekk på eit tidspunkt, etter Zhang Qian hadde vendt tilbake²¹⁹, høyre at Dayuan hadde nokre veldig fine hestar i byen Ershi (Sutrishna) men at befolkninga nekta å gje nokon av dei til Han-riket sine utsendingar. I følge *Shiji* så forsøker Han-riket fyrst å sikre seg nokon av desse hestane ved bruk av økonomiske midlar. Dette blei gjort gjennom å tilby gåver, i form av gullhestar.²²⁰ Dette slår feil på grunn av at Dayuan på dette tidspunkt hadde ein overflod av varer frå Han. Dei påstår og at Han-riket ligg for langt vekke og må komme seg forbi områder som er for vanskelege å flytte ei heil hær gjennom.²²¹ Dei nektar derfor å overgje nokon av hestane sine til Han sine utsendingar. Keisaren Wu bestemte seg derfor å gå til angrep på Dayuan, for å sikre seg desse hestane. I fyrste omgang blei ei styrke på 6000 kavaleri og ca 20-30.000 infanteri sendt. Denne styrken klarte ikkje å erobre Ershi på grunn av mangel på mat og vatn. Det blir samla ei ny styrke, som var større og utrusta rikeleg med provisjonar. Denne styrken

²¹⁷ Ibid, kap 123, 240

²¹⁸ Ibid, kap 123, 241

²¹⁹ Det er vanskeleg å finne eit sikkert tidspunkt for når dette skjedde sidan det i kjelda ikkje blir oppgitt noko handfast årstal å forholde seg til. Det mest sannsynlege er nok nokre år etter Qian sin heimkomst, men kan som sagt ikkje seie noko sikkert rundt dette, det er heller ikkje av avgjerande betydning.

²²⁰ *Qian*, 1993, vol. 1, kap 123

²²¹ Ibid, kap 123, 245

klarte å overvinne Ershi etter ei lenger beleiringsperiode.²²² Det verkar kanskje noko i overkant å sende så mange soldatar for sikre seg nokon hestar. Det kan hende at talet som blir gitt her er noko overdrive, for at Han-riket skal framstå som veldig mektig.

Det at Han-riket var villig til å bruke militærressursar på dette viser derimot kor stor interessa ein hadde i å nettopp sikre seg desse hestane. Slike hestar var sjølvsagt ikkje berre ei luksusvare, men var og viktig for å kunne bygge seg opp eit godt kavaleri. Det var nemleg slik at desse hestane hadde betre uthald og var betre for ryttaren enn dei vanlege kinesiske hestane. Slike hestar hadde og hardare hovar som gjorde at dei kunne brukast over lengre avstandar utan at beina blei øydelagde.²²³ Slik sett heng interessa for hestar og saman med at det kunne bidra til å styrke militæret og dermed bidra i kampen mot Xiongnu-folket.

Det verkar og som at desse hestane var betre, enn hestane, som Wusun brukte. Keisar Wu brukar nemleg uttrykket, ‘himmelske hestar’ om dei frå Wusun fyrst, før han seinare nyttar seg av denne termen på hestane frå Dayuan. Hestane frå Wusun blei så kalla ‘hestar frå det vestlege ytterpunkt’, noko som må bety, at hestane frå Dayuan var betre.²²⁴

Hestane frå Wusun var nok ikkje så forskjellig frå Xiongnu-folket sine sidan dei tidlegare hadde vore allierte og at dei begge var nomadar som opererte i same område. Ein kan dermed anta at dei bytta hestar med kvarandre og derfor fekk hestar av same kvalitet. Ein kan, til og med, anta at Xiongnu-folket sine var betre, ettersom det var dei som var den leiande parten, og derfor nok ville sikre seg dei beste dyra. Om Han-riket så kunne stille med hestar som ikkje berre var jambyrdige med desse, men betre, så må dette ha vore ei enorm fordel, ettersom kavaler var ein utruleg viktig del av militæret. Hestane frå Dayuan har nok og vore viktig å sikre seg for å kunne starte oppdrett av eigne hestar av god kvalitet. Gjennom dette kunne og Han-riket, gjere seg uavhengig av import av hestar frå andre statar.

Ei anna ressurs som var viktig for Han-riket og, som framleis blir sett på som spesiell i det kinesiske samfunn i dag, var jade. Jade var eit spesielt materiale fordi det ikkje berre blei sett på som verdsleg verdifult, men og fordi det var knytt til religiøse ritual. Studiar viser at den forma av jade, som blei satt høgst i verdi, var nephrite og jadeitt.²²⁵ Det blei blant anna brukt i gravleggingsritual og det var og eit symbol på udødelegheit og på seremoni. Dette er blant

²²² Ibid, kap 123, 248-49

²²³ Boulnois, Mayhew, and Sheng, 2012, 76-77

²²⁴ *Qian*, 1993, vol. 1, kap 123, 240

²²⁵ Jeffrey Kao and Yang Zuosheng, 1983, 32

anna vist gjennom funna av gravleggings rustningar som har blitt gjort i Kina.²²⁶ Jade stod altså sentralt i kulturen til Han-riket og var derfor ei viktig ressurs å få tak i.

Det som er interessant her, er at den type jade, ikkje var å finne i særleg stor grad innanfor Han-riket sine grenser. Der ein derimot kunne finne mykje slik jade, på denne tida, var i Khotan og området rundt. Her var det mykje av denne verdifulle ressursen som blei vaska ned frå Kunlun fjella saman med elvene. Om ein ser på ressurskartet som ligg ved, så ser ein og dei mange stadane, der jade er registrert, i følgje *Hanshu*, nettopp var i den sørvestlege delen av Tarimbekkenet, i området rundt Khotan. Dette er og ein stat som me skal komma noko tilbake til seinare i kapittelet.

Noko som tyder på at Han-riket sin interesse for jade frå Tarimbekkenet i tida rundt Han-riket, om ikkje noko tidlegare, var reell, finn ein i følgje Kao og Zuosheng. Dei påstår nemleg at det blei systematisk importert jade via silkevegen frå Tarimbekkenet i denne perioden.²²⁷ Dette blir og argumentert for av Yu Ming, som legg fram at i perioden til Han-riket så var det ein auking i bruk av jade frå Khotan.²²⁸ Yu Ming legg og fram, at jade frå Khotan, var det mest ettertrakta materialet i antikkens Kina.²²⁹ Det blir vidare lagt fram her at dette var på grunn av at Han-riket opna vegen vestover, og at trafikk mellom dei to områda fungerte betre som eit resultat av dette.²³⁰ Det er derfor ikkje usannsynleg at, når keisaren fekk vite at det var mogleg å sikre at Han-riket fekk ein sikker tilgang til denne verdifulle ressursen, så auka interessa for området betrakteleg.

Viktigheita av jade finn ein og ein indikator på gjennom namnet Yü-men barrierera som blei nemnt i kapittel 2. Om ein omset namnet får ein nemleg Jadeporten. Dette namnet har, mest sannsynleg, samband med at mykje jade blei frakta gjennom her. Det er og mogleg at det nettopp var handelsmenn, som frakta jade gjennom her, som gav det namnet Jadeporten.²³¹ Dette understreker det, at jade, nok var ein ressurs, som ofte blei frakta over dette området. Vidare understreker det også viktigheita av jade. Jade kan derfor ha vore, om ikkje hovudårsaka, så i alle fall eit ekstra insentiv, som gjorde Tarimbekkenet meir attraktivt for Han-riket.

²²⁶ Ibid, 30-32

²²⁷ Ibid, 32

²²⁸ M. Yu, 2011, 74

²²⁹ Ibid, 6

²³⁰ Ibid, 74

²³¹ Ma Yong og Sun Yutang, 1994, 234

I tillegg til hestar og jade så var det mange andre ressursar ein kunne finne i Tarimbekkenet som nok og var av stor interesse for Han-riket. Gull og sølv har alltid vore av stor interesse for dei fleste folkeslag opp gjennom historia og var og sett på som verdifult i Han-riket. Jern kan ha vore spesielt viktig sidan det blei nytta til å lage reiskapar av og då spesielt våpen og rusting. Ein veit frå dei kinesiske kjeldene at nokre bystar i Tarimbekkenet kunne støype reiskapar frå jern.²³² Det kan bety at Tarimbekkenet var eit område der dei kunne tileigne seg våpen og andre nyttige reiskapar. Det må derfor ha vore av strategisk viktighet at Xiongnu-folket eller andre ikkje fekk ha kontroll over slike ressursar som kunne brukast mot Han-riket.

På same tid så kan det at det var jern å finne i Tarimbekkenet gjorde det enklare å utkjempe krigen mot Xiongnu. Dette er på grunn av at Han-riket ikkje trengte å eksportere jern til Tarimbekkenet, men kunne utnytte det som var der. Dette var nok og av økonomisk betydning, ettersom det både tar tid og kostar ressursar å måtte frakte ting over lange avstandar. Det same kan bli sagt om kobbar og tinn førekomstane som var å finne i Tarimbekkenet på denne tida. Gjennom å kombinere desse to får ein og bronse, eit materiale som er veldig anvendeleg og som hadde mange forskjellige bruksområder. Tilgangen til desse materiala var nok derfor veldig attraktivt. Om Han-riket hadde nokon spesifikk interesse av dei andre ressursane som blir nemnt i kjeldene, for eksempel store fuglar og liknande, er vanskeleg å sei noko om. Det kan ha vore at desse var av interesse for kuriositeten sin del, noko som nok er mest sannsynleg.

Ein kan altså sjå at Tarimbekkenet hadde mykje å tilby når det gjaldt ressursar. Når Han-keisaren fekk vite om dette må det derfor naturleg nok ha auka interessa for området. For det fyrste så var det ressursar der som Han-riket hadde bruk for og såg på som verdifulle. Av desse så var nok hestane frå Dayuan og jade sett på som noko av dei mest interessante. Hestar på grunn av militære årsakar og jade på grunn av den høge statusen det hadde i samfunnet. Det var vidare mange andre ressursar som og var av interesse for Han-riket. For det andre så skal ein ikkje gløyme at dette og var eit område som hadde vore under kontroll av Xiongnu-folket og at dei derfor fekk nytta seg av den rikdommen som var der. Når Han-riket kunne frata denne rikdommen frå Xiongnu-folket og overta den sjølv, så må det ha vore av stor strategisk betydning. Ein ser i denne delen at Han-riket si interesse i Tarimbekkenet skifta til ei der dei blei meir interessert i ressursane som området hadde å by på. Om ein då trekker inn teoriane rundt Romerriket sin ekspansjon og imperialisme, så ser ein her at denne

²³² Gu, 1979, 96B, 9B

ekspansjonen, som Han-riket no utførde var knytt til økonomisk gevinst noko, som i følge Harris sin teori betyr, at dei no dreiv aggressiv imperialisme.

4.3 Khotan som sentral aktør

Av det som var av interesse i Tarimbekkenet for Han-riket så ser det ut til at Khotan var av spesiell interesse. Cribb trekker fram at dette kan ha vore eit viktig knytestpunkt langs silkevegen.²³³ Yü er og innom viktigheita av området, som handelssentrum, men gjer ikkje noko vidare analyse av dette.²³⁴ Viktigheita av Khotan har me allereie vore innom gjennom den store tilgangen av jade som var der og at dette var hovudsakleg der Han-riket importerte jade frå. Viktigheita av Khotan ser derimot ut til å ha vore av større betydning enn dette. Her skal me derfor sjå vidare på denne bystaten og analysere funn, som tyder på at Khotan var av spesiell interesse for Han-riket.

Noko som understreker det at Han-riket hadde ei større interesse i Khotan er funna av kinesiske myntar frå Han-perioden som har blitt gjort i området. I følge Wang så har det største enkeltfunnet av mynter blitt funnet av kinesiske arkeologar i nærleiken av Khotan. Dette var eit funn av ein 45kg masse av korroderte myntar som blei funnen ved Mailike'awati.²³⁵ Dette er kobbar mynter, av typen wuzhu, som blei brukt i Han-riket og fram mot 600-talet evt.²³⁶ Om ein reknar at kvar mynt va 2-3g så gjer dette eit funn på 15.000 – 22.500 mynter.²³⁷ Desse myntane har blitt skildra som mynter frå den vestlege Han-perioden.²³⁸ Dette indikerer at det kan ha vore mykje aktivitet mellom Khotan, området rundt, og Han-riket, og at området var av spesiell interesse for Han-riket.

Eit anna funn, på 27kg blei funnet i 1999 i Moyu, i Khotan regionen. Av desse 27kg så var 11kg av dei, som for det meste, var wuzhu mynter. Det har derimot blitt identifisert fleire forskjellige typar mynter i dette funnet. Dette er tidleg Han banliang, wuzhu frå vestleg Han-perioden og wuzhu frå austlege Han-perioden.²³⁹ Slik som ein ser så det i hovudsak kinesiske myntar som er identifisert. Problemet med funn av denne typen er at ein ikkje veit når dei var i bruk i det området, som dei blei funnet i. Noko som betyr at sjølv om det er myntar som er identifisert som myntar frå Han-perioden så kan dei ha enda opp i området på eit seinare

²³³ Cribb, 1984, 150-51

²³⁴ Yü, 1967, 153-54

²³⁵ Wang, 2004, 25

²³⁶ Ibid, 27

²³⁷ Ibid, 25

²³⁸ Ibid, 25

²³⁹ Ibid, 25

tidspunkt. Mengda av mynter som er funne, indikerer likevel at området var av interesse for Han-riket. Ein veit jo også, frå diskusjonen over, at Han-riket var aktiv i området på denne tida.

Noko, som og kan tyde på at Khotan har hatt eit større rolle i Tarimbekkenet, er funn av det som blir kalla sino-kharoshitiske myntar, i området rundt Khotan. Dette er myntar, som har bilete av ein hest eller kamel, som ser til høgre, omringa av ein Prakrit inskripsjon, skriven på Kharoshitisk, som også blei brukt i Kushan på denne tida.²⁴⁰ I denne inskripsjonen finn ein blant anna namnet på kongen av Khotan som regjerte når mynten blei mynta. Det viser derfor at desse myntane blei mynta av Khotan. På den andre sida er det kinesiske skrift som identifiserer det som ein mynt med ei viss vekt. På bakgrunn av desse inskripsjonane veit me, i følgje Cribb, at det var to type mynter som blei laga. Ein, som vog eit kinesiske unse, ca 15.6g og ein mindre, som vog, ca ein fjerdedel av dette.²⁴¹ Det at ein har mynter som både innehar både kinesisk skrift og kharosthi skrift, viser at kontakten mellom desse områda og Khotan nok var ganske viktig. I tillegg viser dei at kontakten mellom dei må ha vore så ofte at det blei sett på som nødvendig å mynte desse myntane.

Vidare undersøking av desse myntane som har blitt gjort av Joe Cribb viser at det ikkje berre er dette som viser kontakten mellom desse områda. Cribb meiner at det at vekta på mynten er skriven på kinesiske og at dette er dette er i zhu så var desse myntane meint for eit marknad som var kjendt med Han sitt 5-zhu system for mynter. Vidare meiner Cribb at desse myntane ikkje hadde noko utvekslingsforhold til 5-zhu myntane på grunn av sitt 4 til 1 vekslingsforhold.²⁴² Bruken av 4 til 1 vekslingsrate var derimot brukt i nordvestlege India og Baktria og seinare det Kushanske riket, som tok kontrollen over desse områda og overtok mynteinheitene derfrå. Det som er interessant der er at i starten av det fyrste århundre evt så blei standaren for tetradrakmen redusert til 15.5g frå 17.1g.²⁴³ Dette betyr at på denne tida var tetradrakmen og det kinesiske unse omtrent den same vekta. Dette skjer samtidig som at ein byrjar og mynte dei sino-kharosthiske myntane, der dei største av dei nettopp har vekta 15.6g Dette betyr at dei som mynta desse myntane hadde god kjennskap til pengesystemet både i Han-riket og i det Kushanske riket og at ein har jobba for å samsvare desse einheitane. Det at

²⁴⁰ Kushan var eit rike som kontrollerte det som i dag er det nordvestlege India og inn i Afghanistan der det tok kontrollen frå det Baktriske riket. Heile utstrekninga til det Kushanske riket er noko diskutert og det er framleis ueinigheit om dette blant forskarar.

²⁴¹ Cribb, 1984, 149

²⁴² Ibid, 150

²⁴³ Ibid, 150

ein i Khotan hadde så god kjennskap til dei forskjellige myntsystema viser og at interaksjonen mellom dei må ha vore høg.

Vidare ser ein at dei sino-kharosthiske myntane blei mynta i bronse, noko som gjer meining når ein ser på tilgjengelegheita av tinn og kobbar i området rundt Khotan. Det som er interessant her er at bronse var og det materiale som blei brukt til å mynte mynter i Kushan på denne tida, noko som forsterkar forbindinga mellom desse to pengesystema. Kva så med Han-riket? Det som er verd å legge merke til her er at i Han-riket så var det kobbar som var materieleit som blei brukt til mynting. Når det kjem til dei sino-kharosthiske myntane så er det i den samanheng verd å legge merke til at den kinesiske inskripsjonen ein finn på dei inneheld det kinesiske ordet for kobbar slik at ein får uttrykket kobbar-mynt.²⁴⁴ Dette kan tyde på at desse myntane var og meint til å kunne brukast i det kinesiske marknaden, eller at det i det minste skulle vere mogleg for handelsmenn frå Han-riket å forstå at dette var ein kobbar-mynt som kunne brukast på same måte som ein mynt frå Han-riket.

Dette viser at det må ha eksistert ein høg grad av interaksjon i dette området. Det kan og tyde på at det var ein plan bak myntingane av desse myntane som gjekk ut på at det skulle vere lettare for handelsmenn frå Kushan og Han-rike å handle med kvarandre og med Kothan. I følgje Cribb viser funnet av desse myntane viktigheita av Khotan som eit ledd langs silkevegen.²⁴⁵ Ein anna måte å sjå det på er at Khotan kan ha vore eit sentrum langs silkevegen sidan det tiltrekte seg handelsmenn frå både det Kushanske riket og Han-riket. Det at desse myntane har ei vekt som var i bruk i Han-Kina viser og at Han-riket hadde mykje kontakt med Khotan sidan dei kjende til deira system.

Om ein antar på bakgrunn av dette at Khotan var, i det minste, eit viktig ledd langs silkevegen, eller kanskje og eit større sentrum, så kan det ha vore av stor interesse for Han-riket å skaffe seg tilgang til dette området. Her er det spesielt verd å verke seg at i *Hanshu* så er det ein lengre del om både Chi-pin (Kashmir) og Ta Yüeh-chih (Kushan). I begge desse tilfella så låg desse statane for langt vekke til at det var verd å oppretthalde kontakten med dei, for Han-riket.²⁴⁶ Dette kan forsterke viktigheita av Khotan som mellomstasjon og møteplass for både handelsmenn og utsendingar frå desse rika. Dette er og noko som blir

²⁴⁴ Wang, 2004, 37

²⁴⁵ Cribb, 1984:151

²⁴⁶ Gu, 1979, 96A, 25B; *ibid*, 96A, 34B

påpeika av Cribb. Han meiner og at funn av sino-kharosthi-myntene og andre mynter i området indikerer viktigheita av Khotan for handel mellom aust og vest.²⁴⁷

Slik som Høisæter påpeiker så er det viktig å hugse på at handel langs silkevegen ikkje berre måtte krysse fysiske utfordringar slik som fjellkjeder og store ørkenområder. Ein måtte og forholde seg til ulike språk, kulturar og pengesystem.²⁴⁸ Ein kan tenke seg at desse myntane kan ha gjort det lettare for ulike folk å forholde seg til kvarandre og at handel i dette områda blei gjort enklare med at ein hadde ein valuta som fleire kjende til. Det er heller ikkje utenkeleg at slike sino-kharosthiske mynter kunne brukast både i Han-riket og i det Kushanske riket sidan begge desse rika kunne kjenne dei igjen som gyldig valuta. Det er derimot ikkje gjort noko funn av slike mynter utanom i Khotan og i området rundt. Det at det ikkje er gjort funn av slike myntar andre stadar kan bety at dette berre var ein lokal valuta. Ein skal heller ikkje overdrive betydinga av at det ikkje er funne mynter av denne typen andre stader. Bronse var eit materiale som var veldig ettersøkt og anvendeleg så det er ikkje usannsynleg at ein stor del av desse myntane blei smelta om til anna bruk. Dette forandrar derimot ikkje det at dei sino-kharosthiske myntane, kan ha gjort det enklare for handelsmenn, frå forskjellige land, her med hovudvekt på dei frå Han-riket og dei frå det Kushanske riket, å drive utveksling av varer der ein hadde ein noko felles valuta å forholde seg til.

Kontroll over tilgangen til Khotan kan ha vore ekstra viktig i den austlege Han-perioden (25-220evt). Om ein ser på *Hou Hanshu*, som behandlar denne perioden, så finn ein mykje meir informasjon om dei større rika rundt Tarimbekkenet. Her er det snakk om det romerske riket, Tianzhu (nordvestlege India), Parthia og Kushan.²⁴⁹ Det er spesielt viktig å merke seg at ein finn ei eigne liste over produkt, som kom frå Romerriket.²⁵⁰ Dette kan tyde på at Han-riket sin kontakt med desse rika hadde blitt større i denne perioden. Dette kan og tyde på at kommersiell aktivitet mellom desse landa hadde auka i denne perioden. Cribb meiner og at Khotan her var eit viktig bindeledd for trafikken som bevegde seg til desse områda.²⁵¹ Dette kan derfor ha vore ei viktig årsak til, at Han-riket igjen tok kontrollen over Tarimbekkenet i år 73evt.²⁵²

²⁴⁷ Cribb, 1985, 145

²⁴⁸ Høisæter, 2013." 102

²⁴⁹ Ye, 2009, seksjon 10, 11, 13 og 15, 23-27

²⁵⁰ Ibid, seksjon 12, 25-26

²⁵¹ Cribb, 1985, 145

²⁵² Ye, 2009, seksjon 1, 3-4

Ein ser her at det ser ut til at Khotan var av spesiell interesse for Han-riket. Funn av wuzhu-mynter frå Han-perioden tilseier at området var av økonomisk viktigheit for Han-riket. I tillegg så viser sino-kharosthi-myntene at Khotan nok var ein viktig mellomstasjon mellom Han-riket og det Kushanske-riket. Desse myntane kan ha blitt produsert for å gjere det enklare å utveksle varer gjennom bruk av mynter, som alle parter kjende til. Dette kan og tyde på at Khotan ikkje berre var ein mellomstasjon, men at det og var i seg sjølv, var ein sentral aktør, men dette er noko som må forskast vidare på. Det virkar og som at Khotan, var ein viktig bindeledd generelt, mellom aust og vest, og at dette kan ha vore viktig for Han-riket etter kvart som kontakte med rika utanfor Tarimbekkenet blei sterkare.

4.4 Utveksling av ressursar

Hittil så har me diskutert kva for ressursar som var i Tarimbekkenet og kva som var av særleg interesse for Han-riket. Korleis blei så desse ressursane frakta til Han-riket? Dette er noko me skal analysa i denne delen gjennom å sjå på korleis handel og tribut fungerte i området. Handel og omfanget av den er noko som det er ueinigheit om i tidlegare forskning og derfor noko me må ta stilling til. Tribut kan ha vore ein form for offentleg handle mellom statar på og derfor noko som me her skal diskutera.

Når det kjem til handel så meiner Raschke, blant anna, at varer spreidde seg vestover, ikkje gjennom kommersiell kontakt, men heller gjennom gåveutveksling mellom nomadestammer og at det slik enda opp i Europa.²⁵³ Her har han derimot mykje fokus på korleis varer, som silke, bevegde seg vestover og ikkje korleis ressursar bevegde seg austover inn i Han-riket. Riktig nok skriv han at det nok føregjekk noko handel i mindre grad, men dette er meir som sideinformasjon.²⁵⁴ Hansen meiner og at handel var noko som skjedde lokalt og i små kvantum.²⁵⁵ Dette stemmer for så vidt at det ofte er små mengder som blir nemnt, men ein finn og større kvanta nemnt, slik som me såg tidlegare i kapitlet. Vidare så må ein og hugse på at varane i små kvanta ofte var varer som ein kan få høg pris for. Det betyr dermed at verdien av det ein handla med kan ha vore stor og derfor lukrativt å drive med.

Argumenta til Hansen er basert blant anna på dei dokumenta som me diskuterte ovanfor i dette kapitlet. Ho trekker og fram det at av andre dokument som er funne i Tarimbekkenet så er det berre eit av desse der kinesiske handelsmenn faktisk er nemnt. Desse dokumenta er Kharoshti-dokumenta som blei funne av Stein hovudsakleg i området rundt Niya og har blitt

²⁵³ Raschke, 1978, 621

²⁵⁴ Ibid, 621

²⁵⁵ Hansen, 2012, 236-37

datert til ca 235-325 og omsett, av Thomas Burrow.²⁵⁶ Desse dokument blei skriven på biter av tre som blei knytt saman av tau. Desse taua har dessverre forsvunne gjennom tidens gang og det er dermed eit puslespel å finne ut kva som skal henge saman med kva.²⁵⁷ Ein sit derfor ofte igjen med enkeltsetningar der og noko ikkje lar seg omsetja eller har forsvunne. Språket dei er skriven på er Kharoshti, som var ein versjon av eit nord-indisk språk, praktik, som var i slekt med det som blei brukt i Gandahara.²⁵⁸ I desse dokumenta er det berre funne eit eksempel på at kinesiske handelsmenn er blitt nemnt, som vist her:

«Sugita is to be prevented. At present there are no merchants from China, so that the debt of silk is not to be investigated now. As regards the matter of the camel Tamcina is- to be pestered. When the merchants arrive from China, the debt of silk is to be investigated. If there is a dispute, there will be a decision in our presence in the royal court.»²⁵⁹

Dette er noko som Hansen bruker ein del for å underbygge sitt syn om at handel ikkje var særleg utbreitt og at det ikkje var noko Han-riket aktivt dreiv med. Om ein ser på denne teksten finn ein derimot ein del som ikkje stemmer overeins med det Hansen meiner. For det fyrste så er kinesiske handelsmenn nemnt direkte, noko som gjer oss bevis for at kinesiske handelsmenn opererte i dette området. For det andre så var dei som skreiv dette villig til å vente på at det kom ein kinesisk handelsmann, som kunne avgjere disputten kring gjelda av silke. Det at myndighetene var villige til å vente kan tyde på at kinesiske handelsmenn kom til området relativt ofte slik at ein kunne rekne med at det kom ein innanfor rimeleg tid. Ein må og legge merke til her at det står når, og ikkje om, det kjem ein kinesisk handelsmann, noko som vidare stadfester dette. Her er det og verd å merke seg at det står handelsmenn i fleirtal. Dette kan enten tyde på at fleire reiste saman, noko me tidlegare og så at blir skildra i *Shiji*, eller at det kom fleire grupper, noko som og blir skildra i *Shiji*.

Det er derimot fleire som meiner at handel var noko som føregjekk langs Tarimbekkenet i ganske stor grad. Xinru Liu legg, blant anna fram, at det å sikre handelsrutene vestover inn i Tarimbekkenet, var viktig for Han-riket.²⁶⁰ Ho legg vidare fram at gjennom at Han-riket sikra desse rutene så ser ein ei betrakteleg auke i både varer, som blei frakta til Han-riket, og i handelsmenn som nytta seg av desse rutene.²⁶¹ Ho meiner vidare at handlen mellom aust og

²⁵⁶ Burrow, "A Translation of the Kharoshti Documents from Chinese Turkestan", 1940

²⁵⁷ Ibid, Innleiing

²⁵⁸ Ibid, , innleiing

²⁵⁹ Ibid, nr 35

²⁶⁰ Liu, 2010, 9

²⁶¹ Ibid, 10

vest, blei utført av handelsmenn som organiserte seg i karavanar. Det er noko usikkert kvar dette kjem får, slik som blei vist før i kapittelet, så kjem det fram frå *Shiji*, at utsendingane frå Han-riket reiste i karavanar. Det blei og fleire og fleire av dei ettersom kjennskap til Tarimbekkenet blei betre. Dette var handel, som ho meiner, fokuserte i stor grad på luksus varer.²⁶² Dette stemmer og overeins med det som me såg tidlegare i kapittelet om at ein finn mest bevis for, at det var varer av stor verdi, men i liten kvanta, som det blei handla oftast med.

Yü meiner og at både handelsmenn frå Han-riket og deira motpartar frå andre riker, reiste for å utforska mogleikane for kommersiell rikdom.²⁶³ Han går her vidare og seier at det var vanleg for slike handelsmenn å bli utnemnd til embetsmenn for staten for å drive handel.²⁶⁴ Det finns og informasjon i kjeldene, som tyder på at desse utsendingane også hadde ei rolle som handelsmenn. Bevis på at dette skjedde kan ein, blant anna, finne i dette sitatet frå *Shiji*:

«the envoys were all sons of poor families who handled the government gifts and goods that were entrusted upon them as if they were private property and looked for opportunities to buy goods at a cheap price in the foreign countries and make a profit on their return to China»²⁶⁵

Her ser ein at utsendingane frå Han-riket dreiv med handel, ofte gjennom bruk av dei offentlege midla dei hadde fått med seg. Det at dette ikkje blei slått ned på av staten, kan tyde på at dei ikkje fekk det med seg. Noko som verkar usannsynleg, spesielt når det står skriven i ei kjelde som stammar frå same tid, og som er skriven av ein ved hoffet. Når ein derfor kan anta at Han-riket visste om dette, så må ein stille spørsmål ved kvifor dei tillot dette å fortsette. Dette var nok på grunn av at dei såg på det som meir gunstig, at varer blei frakta til riket, gjennom desse utsendingane. Noko som vidare tyder på at Han-riket støtta dette, kjem i form av angrepet på Loulan, som eit resultat av at desse utsendingane klaga på behandlinga dei fekk av denne staten.²⁶⁶

Det kan dermed ha vore ein måte Han-riket brukte til oppmuntra til meir handel gjennom bruk av offentlege midlar. Det er heller ikkje usannsynleg at dette var vanleg praksis i andre riker også sidan offentlege utsendingar kunne nyte fleire fordelar enn vanlege handelsmenn. Ein

²⁶² Ibid, 10-11

²⁶³ Yü, 1967, 150

²⁶⁴ Ibid, 150-51

²⁶⁵ Qian, 1993, vol. 2, kap 123, 242

²⁶⁶ Ibid, kap 123, 242-43

kan sjå for seg at ved å vere ein offentlig representant frå eit rike, så var det enklare å få ny proviant, spesielt langs dei områda der ein hadde offisielle vaktpostar og liknande.

Vidare bevis for at handel var utbreitt og noko som føregjekk ofte ser ein også gjennom arkeologiske funn. Arkeologisk materiale viser at utveksling av varer og ressursar mellom statar i Tarimbekkenet og Han-riket var noko som skjedde hyppig. Gjennom undersøkingar av fleire arkeologiske utgravingsstadar i Xinjiang frå Han-perioden har ein funne mange gjenstandar som viser dette.²⁶⁷ Her har det blitt funne keramikk, vevde stykke med tøy og bronsespeil, alt importert frå Kina. Av noko av det som bevegde seg andre vegen så kan ein sjå på funna av papir, som har blitt gjort. Papir er ein av dei viktigaste oppfinningane, som kom frå Han-Kina. Gjennom arkeologiske undersøkingar av Tarimbekkenet så har det blitt funne papir i dei vestlege regionane kort tid etter at dette blei funnet opp.²⁶⁸ Varer bevegde seg og andre vegen, og spesielt ull og bomullstekstil, bevegde seg inn i Han-riket i store kvanta.²⁶⁹ Det at fleire forskjellige varar bevegde seg begge vegar viser kor tett knytt saman desse to områda var. Hyppigheita av utvekslinga tyder og på at kontakten mellom desse områda var stor. Noko anna som og viser den tette kontakten mellom Tarimbekkenet og Han-riket er at alle arkeologiske undersøkingar som har blitt gjort i området har komme opp med større funn av mynter frå Han-perioden, av ulike variasjonar.²⁷⁰

Yü legg og fram viktigheita av tribut, som han meiner veldig ofte var ein form for offentlig handel mellom statar. Dette er og noko Boulnois trekker fram i sin diskusjon. Ho trekker og fram at av dei varene som kom via tribut, så blei ein del av dei seglt til lokale handelsmenn, og på den måten redistribuert til befolkninga.²⁷¹ Vidare meiner ho at gåvene som Han-riket gav tilbake ofte kunne komme direkte frå skatt som blei betalt inn. Derfor så meiner ho at dette kunne bli sett på som handel i stor skala, som var kontrollert av staten.²⁷²

Om slike utvekslingar var ein form for handel er derimot vanskeleg å bekrefte eller avkrefta. Det er ikkje noko i kjeldematerialet som behandlar dette spesifikt, så det blir meir snakk om ein teoretisk mogleik. Ein veit at Han-riket innlemma statar i eit tributtsystem etter kvart som dei tok kontroll over nye områder, slik som blei vist i kapittel tre. Gjennom dette både fekk og gav Han-riket varer til andre statar, noko som betyr at det skjedde ei utveksling av varer.

²⁶⁷ Yutang, 1994, 234

²⁶⁸ Ibid, 234

²⁶⁹ Ibid, 234

²⁷⁰ Ibid, 234

²⁷¹ Boulnois, Mayhew, and Sheng, 2012, 70

²⁷² Ibid, 70

Noko som kan indikere at dette var ei form for offentleg handel, mellom statar. Problemet med dette er at tributt blei ofte gitt vilkårleg, og det var ikkje gitt, at det ein fekk gjennom tributt var det ein ynskja seg eller hadde behov for. Tributt var heller ikkje noko som blei gitt til spesifikke tidspunkt, så ein kunne ikkje nødvendigvis forutsjå når det kom, eller kor mykje. Det blei berre gitt når det kom offisielle utsendingar, slik som blei vist i kapittel tre. Dette var derfor ein usikker form for handel, om det i heile tatt var det, og ikkje ein stabil metode for statar å opparbeide seg dei ressursane dei var ute etter. Det kan sjølvstundt ha fungert som ei metode å skaffe noko ekstra ressursar på. Slik som blei poengtert i tidlegare kapittel, så hadde og dette systemet andre funksjonar.

Det som på den andre sida talar for at tributt kan ha vore ein potensiell form for offentleg handel kan ligge i eit av prinsippa bak tributtsystemet. Tributtsystemet, slik som Yü legg det fram, var ei vidareutvikling av eit system som eksisterte innanfor riket sine grenser. Her var det eit prinsipp at det var lokale varer som skulle sendast inn til hoffet.²⁷³ Om ein antar at dette var noko som blei overført til tributtsystemet så kan det ha vore ein måte å skaffe seg dei ressursane ein ynskja, for eksempel, jade frå Khotan. Dette er derimot noko ein verken kan bekrefte eller avkrefte

Gjennom dette så kan ein sjå at handel var noko, som definitivt skjedde og som nok viktig for at varer bevegde seg frå aust til vest, og motsett. Det er framleis usikkert om tributt var noko, som blei brukt til offentleg handel mellom riker, sjølv om det er dei som meiner dette. Det at tributt kan ha fungert som ein metode for Han-riket å skaffe seg ekstra ressursar er derimot noko som blir sett på som sannsynleg.

4.5 Tilrettelegging for handel og sikring av ressursar

Etter å ha sett på korleis Tarimbekkenet var av økonomisk interesse for Han-riket så er det vidare viktig å analysere kva Han-riket spesifikt gjorde for å sikre seg tilgang til dette. Om det viser seg at Han-riket gjorde noko spesifikt for å sikre seg ressursar som låg i Tarimbekkenet så viser det tydeleg at det låg ein økonomisk strategisk motivasjon bak det at Han-riket tok kontroll Tarimbekkenet. Det fyrste me skal undersøke er utbygging av forsvarsverk som strekte seg inn i Tarimbekkenet. I forgje kapittel var me innoom det at Han-riket fekk moglegheit til å bygge ut ein del av sine forsvarsverk, noko som gjorde det enklare å forsvara

²⁷³ Yü, 1986, 381-82

riket. I dette kapitlet skal me undersøke korleis denne utbygginga kan ha skjedd for å sikre tilgang til Tarimbekkenet og ressursane der.

I følgje *Shiji* så skjedde det ei utbygging av forsvarsverk vestover frå Dunhuang fram til det som blir omtala som ‘Salt Swamp’.²⁷⁴ Det er nok liten årsak til å tvile på det, som står angående dette i *Shiji*. For det første så er informasjonen ein får framstilt frå Qian skriven på ein slik måte at det virkar, som at det er tatt frå rapportar. For det andre så er det vanskeleg å tenke seg nokon årsak til kvifor han skulle fabrikkera desse opplysningane.

Det som her blir omtala som ‘Salt Swamp’ er mest sannsynleg den inntørka Lop sjøen eller Lop-ørkenen.²⁷⁵ Denne utbygginga kom, som eit resultat, av den militære ekspedisjonen til Dayuan, som me allereie har diskutert. Det at denne utbygginga skjer i samanheng med nettopp dette viser og tankemønsteret til Han-riket. Etter at dei hadde overvunne Dayuan, så var det viktig at ein oppretta ei trygg rute vestover, slik at ein enkelt kunne oppretthalde kommunikasjon, med dette området.

Vidare bevis for at forsvarsverka blei utvida finn ein og gjennom Aurel Stein sine ekspedisjonar og utforskingar av Tarimbekkenet. Stein gjorde under sine ekspedisjonar til Sentral-Asia blant anna ein undersøking av dei kinesiske forsvarsverka som strekte seg vestover mot Tarimbekkenet. I denne undersøkinga følgde han det han kalla for limer, forsvarsverk bygd av siv, leire og stein, frå det som blei sett på som den vestlegaste delen av den kinesiske mur.²⁷⁶ Gjennom sin undersøking klarar han å vise at desse grenseverka strakk seg så langt som Dunhuang.²⁷⁷

²⁷⁴ Qian, 1993, vol. 2, kap 123, 252

²⁷⁵ A. Stein, 1921, vol. 3, 728

²⁷⁶ Ibid, 632

²⁷⁷ Ibid, 722



Remains of ancient border wall, between low dunes, east of watch-tower, Dunhuang Limes, 1 April 1907. (Cat. Stein LHAS Photo 37.1.23)

The wall was built of layers of reed bundles, stiff clay and pebbles mixed with water, resulting in a strong defence structure.

http://dunhuang.mtak.hu/en/large-37_1_23.htm, 16.05.16

Han går og vidare med å samanlikne det han finn og den informasjonen han har tilgjengeleg gjennom *Shiji*. Her prøver han å fylgje skildringane han får derfrå for å finne forsvarsverka. Sjølv om han ikkje klarar å finne nokon rekke med vaktårn eller andre strukturar frå Han-perioden som strekker seg vestover så argumenterer han for at dei fysiske tilstandane som eksisterer i dette område kan forklare kvifor han ikkje klarar å finne rester etter slike strukturar.²⁷⁸ Det som derimot hjelper å underbygge påstanden om forsvarsverk som strekker seg vestover frå Dunhuang, er det at Stein oppdaga, det han meiner var, ein befesta leir, som var bygd i same stil og i same periode, som Dunhuang limane.²⁷⁹ Stein legg og fram det at Jadeporten var noko som flytta på seg ettersom at forsvarsverka strekte seg vestover. Han meiner derfor at rundt 102-101 fvt så låg det noko aust for Dunhuang medan det rundt 96 fvt hadde flytta seg vestanfor Dunhuang.²⁸⁰ Dette kan bety at Jadeporten blei plassert, så langt vest, som Han-riket sin direkte kontroll strekte seg. Dette gjer og meining når ein ser i dei kinesiske historiske verka at når ein skulle stenge av inngangen til Han-riket, så gjorde ein dette gjennom å stenge Jadeporten. Ein kan sjå dette gjennom informasjon som blir gitt i *Shiji*:

²⁷⁸ Ibid, 729-30

²⁷⁹ Ibid, 730

²⁸⁰ Ibid, 726-28

«When the emperor received word of this, he was enraged and sent an envoy with orders to close the pass at the Jade Gate»²⁸¹

Denne utbygginga av forsvarsverk kan ikkje ha hatt som funksjon å skytte om Han-rike sine kjerneområder slik dei me så på i tidlegare kapittel hadde. Dette ser ein gjennom at dei strekker seg for langt vestover til at dei kan ha fungert som dette. Samtidig ser ein at dei legg seg langs den sørlege ruta vestover og fungerer veldig godt som ei skytting av denne ruta vestover frå Dunhuang. Det at det blei bygd ut i samanheng med den vellykka militærekspedisjonen, sendt for å sikre seg hestar frå Dayuan, tyder vidare på at denne utbygginga hadde som funksjon å sikre den ruta som dei brukte for å komme seg dertil.²⁸² Det at Han-riket hadde forsvarsverk langs denne ruta gjorde det nok tryggare for både handelsmenn, diplomatar og andre ikkje-fiendtlege å bevege seg langs denne ruta. Det er og sannsynleg å tenke at slike forsvarsverk langs ruta kunne nyttast til både å få ny proviant og nye ridedyr. I alle fall for dei som reiste med offisielle segl frå Han-riket, noko som dei offisielle utsendingane frå Han-riket gjorde.

Langs denne ruta til Dayuan finn ein og Khotan, som me såg tidlegare var viktig på grunn av dei store førekomstane av jade som var i området, men og på grunn av at Khotan fungerte som knytestpunkt mellom statar. Det at Han-riket bygde ut forsvarsverk, ikkje for å skytte om riket, men for å sikre ruter som dei brukte for å skaffe viktige ressursar frå Tarimbekkenet, viser den store interessa dei må ha hatt i å sikre dette området. Det viser og at det ligg ein økonomisk-strategi bak det som dei gjorde. Når ein i tillegg må anta at det innebar ei ikkje ubetydeleg økonomisk investering frå Han-riket si side, ikkje berre i det å bygge desse forsvarsverka, men også i å vedlikehalde og bemanne dei så blir dette argumentet berre forsterka.

Det at Han-riket investerte i Tarimbekkenet, for å sikre tilgangen til ressursar, kjem og fram på andre måtar. I følge både *Shiji* og *Hanshu* finn ein eksempel på at Han-riket oppretta jordbrukskoloniar. Eit av desse eksempla finn ein i forbindelse med det som me har diskutert tidlegare, nemleg utbygginga av forsvarsverk etter militærekspedisjonen til Dayuan. Slik det står skrive i *Shiji* så blei fleire hundre jordbruksoldatar sendt for å sette opp ein garnison ved

²⁸¹ *Qian*, 1993, vol. 2, kap 123, 247

²⁸² I *Hanshu*, 96 A, 1B, står det at det var den nordlege ruta som blei brukt for å komme seg til Dayuan, men dette er sannsynleg etter at den nordlege ruta blei sikra og at ein i byrjinga nytta seg av den sørlege ruta som låg lenger unna Xiongnu-folket og nok difor var enklare og kontrollerte og tryggare. *Hanshu* er og skriven seinare enn *Shiji* og derfor sannsynleg at ruta ein reiste etter kan ha forandra seg.

Luntou.²⁸³ Det er mogleg at Loutou var det same som Kucha, ved den nordlege ruta, men dette er noko usikkert.²⁸⁴ I tillegg til dette så blir det og skrive noko om kva som var funksjonen til denne jordbrukskolonien. Saman med desse blei det og sendt med ein ambassadør som skulle sikre at jorda blei skytta og at forråda av korn blei brukt til å supplera utsendingane frå Han-riket som var på veg til andre land.²⁸⁵ Den same informasjonen finn ein og i *Hanshu*, noko som underbygger sikkerheita av informasjonen.²⁸⁶ I *Hanshu* står det og at etter at Xiongnu-folket var kraftig redusert så blei det oppretta slike jordbrukskoloniar i området rundt Chü-shih (Turfan). Dette skjedde i forbindelse med oppretting av embete Protektorat General, så rundt 59 fvt.²⁸⁷ Denne informasjonen som ein her finn i *Hanshu* er basert på rapporter, sannsynligvis frå Protektorat Generalen, så ein har liten årsak til å tvile på informasjonen, som blir presentert her i kjelda.

Fleire bevis for at slike jordbrukskoloniar blei oppretta finn ein og gjennom det arkeologiske arbeidet til Stein. I *Serindia* presenterer han nemleg eit dokument som inneheldt ei keisarleg ordre, gitt til ein guvernør, om å opprette ein militærkoloni. I samband med dette skal det og opprettast ein jordbrukskoloni i nærområde. Dette er vidare bevis for at jordbrukskoloniar blei oppretta av Han-riket i Tarimbekkenet. Stein meiner vidare at denne opprettinga av jordbrukskoloniar også heng saman med og forsterkar teorien om utvidinga av limane vestanfor Dunhuang.²⁸⁸

Slik me har sett tidlegare så hadde desse utsendingane blant anna den funksjonen at dei skulle hente ressursar som Han-riket var interessert i. Samtidig var det mange av desse som også brukte dei midlane dei hadde fått til å drive privat handel. Det at det blei oppretta jordbrukskoloniar for å sikre at desse får nok proviantar til å kunne reise til dei vestlege områda viser at Han-riket investerte midlar for å sikre at dei fekk tak i dei ressursane som dei var interessert i. Opprettinga av jordbrukskoloniar gjorde det nok og både lettare og tryggare sidan ein fekk nye proviantar undervegs.

Om Han-riket hadde interesse av å drive handel og liknande over Tarimbekkenet så er det naturleg å tenke seg at dei la til rette for slik handel. I tillegg til å sikre rutene vestover så kunne dette og gjerast gjennom å føre ein politikk som gjorde det ekstra attraktivt å drive med

²⁸³ *Qian*, 1993, vol. 2, kap 123, 252

²⁸⁴ M.C. Whiting, 2002, 167

²⁸⁵ *Qian*, 1993, vol. 2, kap 123, 252

²⁸⁶ *Gu*, 1979, 96 A, 2B

²⁸⁷ *Ibid*, 96 A, 3A

²⁸⁸ Stein, 1921, vol. 3, vol. 3, 740

handel. Nishijima legg i sin framstilling av den økonomiske historia til Han-riket fram noko som kan indikere at det faktisk låg spesielle førehald til rette for dette.²⁸⁹ Han legg fram at handelsmenn i Han-riket var delt inn i to hovudgrupper. Den eine var dei som selde varer i urbane marknadsplassar og den andre var dei som dreiv handel mellom byar og andre land. Den fyrste gruppa måtte registrerast som offisielle handelsmenn og betala ein kommersiell skatt. Dei som høyrde til den andre gruppa trengte ikkje å registrerast som handelsmenn, og han påstår og at desse som oftast var mykje rikare.²⁹⁰

Om det var slik at dei som flytta varer mellom byar og frå andre land var unntatt det å betale skatt, så kan dette tyde på at det var ført ein politikk som var meint å oppfordre til dette. Riktig nok påpeiker han at under keisar Wu (141-87 fvt), akkurat i den perioden der Han-riket ekspanderer vestover, så blir alle handelsmenn, uansett om dei er registrerte eller ikkje, skattlagt. Dette ser derimot ut til å bli satt i gang for å hindre at handelsmenna vaks seg for sterke og fekk for mykje innflytelse. Det verkar heller ikkje som om dette har så veldig stor effekt ettersom at makta deira berre vaks seg enda sterkare etter at dette blei innført.²⁹¹ Det kan dermed ha vore ein ide om å stanse eller i alle fall bremse den utviklinga som var i ferd med å skje. Det ser og ut til at denne restriksjonen gjekk mykje ut på å forhindre at rike handelsmenn fekk moglegheit til å kjøpe opp store landområder og dermed svekke bøndene i riket, som sjølvsgt var den aller største delen av befolkninga. Det at nettopp dei som dreiv med det som kan kallas langdistansehandel vakse seg sterke kan og indikere at det var svært lukrativt å drive det.

I *Shiji* finn ein og ei framstilling av at under Han-riket så var handel noko som blomstra. Det blir skriva at restriksjonar rundt både ferdsel og utnytting av ressursar blei lettare. Det blir og skildra at rike handelsmenn reiste rundt i heile riket og distribuerte varene sine.²⁹² Dette er indikatorar på at handel under Han-riket var noko som det blei oppmuntra til og at det var eit lukrativt yrke å drive med.

Problemet med framstillinga til Nishijima er at det ikkje er skilja mellom dei som driv handel innanfor riket sine grenser og dei som driv det utanfor desse grensene. Ein kan derfor ikkje vite om det er dei som nyttar seg av at ein lettare kunne utnytte ressursar innad i riket, som

²⁸⁹ Nishijima nyttar seg av kjeldemateriale i *Shiji* og *Hanshu* som eg ikkje har funne oversatt til vestlege språk. Her blir det derfor nytta et som blir lagt fram av han.

²⁹⁰ Sadao Nishijima, 1986, 576

²⁹¹ Ibid, 577

²⁹² *Qian*, 1993, vol. 2, kap 129, 440

blei rike eller om også dei som dreiv med handel utanfor riket sine grenser også gjorde dette. Nishijima poengterer derimot vidare at slike handelsmenn også dreiv handel utanfor Han-riket sine grenser og at dei blei i stor grad stimulert av den auka tilgangen til områda til vest.²⁹³ Det at slike handelsmenn vaks seg sterke nettopp i perioden der Han-riket opnar opp dei vestlege områda er kanskje ikkje ein tilfeldigheit. Om ein tenker at Han-riket i denne perioden får ein større tilgang på varer som ikkje var like tilgjengeleg før så er det ikkje vanskeleg å førestelle seg at slike varer var enkelt å gjere profitt på.

Det som ikkje blir tatt med i framstillinga til Nishijima, og som ein ikkje kan finne noko om i kjeldene frå samtida, er om ein måtte betale toll for å passere gjennom kvar by, provins, eller likande. Det at restriksjonar rundt ferdsel blei letta på, slik som blei vist over, kan vere noko som tyder på at tollavgifter blei senka. Dette er dessverre ikkje noko som kjem direkte fram av kjelda, og derfor ikkje sikkert. Noko som indikerer at det fantes stader der toll blei samla inn av Han-riket er Stein sine undersøkingar av Jadeporten. Der fann han ein diagonal vegg, som gjekk innanfor den originale veggen. Denne meiner Stein ikkje blei nytta til militært forsvar. Det er meir sannsynleg at til å kontrollere kven som kom og gjekk, og at den gjennom dette kunne nyttast til å samle inn toll.²⁹⁴

Han-riket gjekk og aktivt inn med militære midlar for å skytte sin utsendingar, og gjennom dette også sine interesser, i Tarimbekkenet. Når Han-riket byrja å sende ut utsendingar vestover så var det i følgje *Hanshu* vanleg at desse utsendingane blei forfølgd og rana av statar langs rutene, *Hanshu* nemner spesifikt Lou-lan og Ku-shih.²⁹⁵ Han-riket sin respons på dette var å sende militære styrker for å angripe desse statane. Det er derimot her eit spørsmål om Han-riket gjorde dette på grunn av at dei ville sikre at utsendingane dei sende hadde ein trygg ferdsel vestover eller om det var på grunn av at Han-riket sin prestisje og autoritet ikkje skulle kunne stillast spørsmål ved. Dette kjem ikkje fram i kjelda dessverre, og det er heller ikkje slik at den eine årsaka ekskluderer den andre. Det viser uansett at Han-riket var villig til å bruke militære ressursar for å skytte om sine interesser i Tarimbekkenet. Dette tyder igjen på at det var ein økonomisk motivasjon, som låg bak ekspansjonen. Dette viser igjen at Han-riket no dreiv ein aggressiv form for ekspansjon, i tråd med Harris sin teori.

²⁹³ Nishijima, 1986, 1986, 579

²⁹⁴ Stein, 1921, vol. 3, 693

²⁹⁵ *Gu*, 1979, 96A, 11B. Ku-shih har det ikkje lykkast med å plassere geografisk, Lou-lan er derimot å finne på karta over dei austlege delane av Tarimbekkenet.

4.6 Kapittelkonklusjon

Gjennom dette kapitlet har me sett, at det i Tarimbekkenet, var mange ressursar, av både høg verdi og av strategisk viktighet. Gjennom auka kontakt med området, fekk også Han-riket meir kunnskap om dette. Ein ser tidleg, at Han-riket viste interesse for dei blod-sveittande hestane frå Dayuan og at dei gjekk langt for å sikre seg tilgang til desse. Vidare ser ein at jade også var ei ressurs som Han-riket hadde ekstra stor interesse for. Dette var og ei ressurs som det var veldig mykje av i Tarimbekkenet, spesielt i området rundt Khotan. Det ser og ut til at Khotan var viktig for Han-riket av andre årsakar. Funn av store mengder wuzhu-mynter frå Han-riket sin periode tyder på at dette var eit område som Han-riket hadde store økonomiske interesser. Vidare så tyder funn av sino-karosthi-mynter, i Khotan og området rundt, på at det blei laga eit myntsystem som var tilpassa myntsystemet i Kushan og i Han-riket i Khotan. Dette tyder på at Khotan hadde ein viktig funksjon som eit bindeledd mellom spesielt desse statane. Det tyder og på at interaksjonen mellom dei skjedde i så stor grad at dette var nødvendig. Det kan og indikere at Khotan ikkje nødvendigvis berre var ein mellomstasjon, men at det var ei lokal stormakt. Alt dette indikerer at Han-riket hadde ein økonomisk motivasjon bak ekspansjonen og okkupasjonen av området.

Det som styrkar dette betrakteleg er at ein kan sjå at Han-riket starta mange tiltak for å sikre seg tilgang til det dei ynskja i Khotan. Gjennom å undersøke korleis forsvarsverk strekte seg inn i Tarimbekkenet, langs den sørlege ruta, fram til salt sjøen, som skapa ei naturelg barriere, så ser ein at Han-riket gjennom dette prøvde å skytte denne ruta vestover. I tillegg så ser ein at det er mogleg at Han-riket førte ein politikk, som kan ha gjort det enklare å drive med handel, me dette er ikkje noko som er sikkert. Det som derimot er sikkert er at Han-riket etablerte jordbrukskoloniar for å sikre at utsendingane dei sendte vestover hadde rikeleg med proviant på turen. Desse utsendingane fungerte ikkje berre som offentleg kontakt mellom Han-riket og andre statar. Dei hadde ofte også den funksjon at dei skulle skaffe Han-riket ressursar dei var interessert i. Slik det blei vist, så dreiv dei også med privat handel, som det er sannsynleg at styresmaktene viste om, men som dei ikkje gjorde noko med. Noko som igjen viser at dei hadde interesse av at denne handelen fortsette. I denne forma for ekspansjon som Han-riket her føretok seg så er det tydeleg at det var det var økonomisk vinning som var motivasjonen bak. I samanheng med teoriane rundt romersk imperialisme så kan ein sjå at Han-riket no dreiv med ein aggressiv form for imperialisme.

Kapittel 5. Konklusjon

I arbeid med tidlegare forskning så blei det oppdaga at ikkje hadde blitt gjort nokon form for fullstendig analyse av kvifor Han-riket hadde ekspandert inn i Tarimbekkenet. Det blei derfor gjort som hovudproblemstilling å analysere dei motiverande faktorane bak Han-riket sin ekspansjon og okkupasjon av Tarimbekkenet. I denne samanheng så blei det satt opp tre motiverande faktorar, som har blitt undersøkt. Dette var den forsvars-strategiske, verdsoppfatninga og ein økonomiske motivasjonen. Det å seie at ein av desse var meir forklarande til kvifor Han-riket ekspanderte inn i Tarimbekkenet er ikkje mogleg. Det er heller snakk om ulike faktorar, som saman forklarar motivasjonen til Han-riket.

Den forsvars-strategiske motivasjonen hang mykje saman med *ho-chi'in* politikken som Han-riket førte ovanfor Xiongnu-folket frå ca 198fvt til 133fvt. Denne politikken gjekk i all hovudsak ut på at Han-riket betalte ein viss sum i året til Xiongnu-folket, i form av gåver, for at dei ikkje skulle drive med plyndring inn i Han-riket sitt territorium. Eit underliggende mål for Han-riket var også å påverke Xiongnu-folket nok, gjennom gåver, giftemål og rådgjevarar, til at dei etter kvart underkasta seg Han-riket.

Slik som blei vist så skjedde ikkje dette. I staden så fekk opplevde Han-riket stadig at Xiongnu-folket dreiv med plyndringar av riket. I det lange løp så blei det derfor klart for dei at denne politikken ikkje fungerte. Xiongnu-folket var ein stadig trussel mot Han-riket sin sikkerheit, vist gjennom dei stadige plyndringane. Han-riket gjekk derfor over til å følgje ein meir aggressiv politikk mot Xiongnu-folket. Her ser ein at det var eit spørsmål angående sikkerheten til riket som gjorde at Han-riket skifta politikk. Slik det blei vist så var dette ein form for defensiv imperialisme, som Han-riket utførte.

I samanheng med konflikten med Xiongnu-folket, sendte Han-riket ein utsending, Zhang Qian, vestover, for å forme alliansar med Yueshi-folket, som dei tenkte hadde årsakar, til å ville kjempe mot Xiongnu-folket. For å komme seg til Yueshi-folket så måtte Qian reise gjennom Tarimbekkenet og Han-riket fekk gjennom han det fyrste offisielle innsynet til dette området. Dette oppdraget viser og at Han-riket i fyrste omgang hadde ei forsvars-strategisk interesse i Tarimbekkenet, gjennom å skaffe seg allierte mot Xiongnu-folket.

Oppdraget til Yueshi-folket var, slik me såg, misslykka, men på reisa si så opparbeida han seg mykje informasjon om Tarimbekkenet, som han tok med seg tilbake til Han-riket. Gjennom

denne informasjonen, og gjennom vidare ekspedisjonar som blei sendt til Tarimbekkenet så fekk Han-riket også vite om fleire potensielle allierte, og slik som blei vist i kapittel to, så søkte dei og aktivt desse, ofte gjennom bruk av store ressursar. Dette viser igjen strategiske interessa, som Han-riket hadde ovanfor Tarimbekkenet i byrjinga.

Når Han-riket så etablerte kontroll over Tarimbekkenet, vist gjennom opprettinga av Protektorat General embetet i 59fvt, så ser ein at dei også byrjar å nytte seg av militære styrkar frå statar i Tarimbekkenet. Slik det blei vist, så var det å bruke militære styrker frå andre statar, noko Han-riket også hadde gjort før ekspansjonen. Det at Han-riket, gjennom kontroll over Tarimbekkenet, fekk tilgang til fleire slike statar, kan ha vore ein årsak til at dei ekspanderte inn i Tarimbekkenet og oppretta kontroll over det.

Gjennom å ta kontroll over Tarimbekkenet så mista og Xiongnu-folket kontrollen der. Dette kan ha ført til at dei blei mykje svakare gjennom å miste tilgang til eit område som nok gav dei ein del ressursar. I tillegg så er det sannsynleg å tenke seg at Xiongnu-folket nytta seg av militære styrker frå statane i Tarimbekkenet på same måta som Han-riket seinare gjorde. Han-riket var også bekymra for at Xiongnu-folket skulle samarbeide med Qiang-stammen. Ved å ekspandere inn i Tarimbekkenet så blei det vanskelegare for desse to å kommunisera med einannan. Om dette var ein reell trussel, eller ikkje, kan ein ikkje finne noko, som tyder på, men det viser likevel at det låg ein motivasjon bak ekspansjonen, der sikkerheten til riket stod i fokus.

Ved å presse Xiongnu-folket tilbake og ekspandere inn i Tarimbekkenet så fekk Han-riket også mogleiken til å bygge ut sine forsvarsverk lenger unna sine kjerneområder, i tillegg til dette så blei det og satt opp varseltårn. Utbygginga av forsvarsverka førte til at dei kunne forsvare riket i fleire ledd. Det å sette opp varseltårn lengre unna sentrum av riket betydde at dei raskare fekk beskjed om fiendtlege styrker, noko som må ha vore viktig i kampen mot Xiongnu-folket.

Det var ikkje berre denne forsvars-strategiske motivasjonen, som låg bak Han-riket sin ekspansjon inn i Tarimbekkenet. *Ho-chi'in* politikken plasserte etter kvart Han-riket i ein posisjon der det blei meir og meir tydeleg at dei var underlegen Xiongnu-folket. Dette skjedde, blant anna, fordi gåvene, som Han-riket gav, eigentleg kunne bli sett på som tribut, betalt til Xiongnu-folket. Dette utfordra Han-riket sitt syn på seg sjølv som sentrum i verda, noko, som tydeleg kjem fram frå diskusjonar ved hoffet. *Ho-chi'in* politikken reflekterte på mange måtar prinsippa i konfutsianismen, som Mencius hadde lagt ned. Det er derfor ikkje

tilfeldig at ein ser at det skjedde ei forandring i denne ideologien i perioden der *ho-chi'in* politikken blei avslutta. Ein del av denne ideologien hadde som eit av hovudprinsippa at Han-riket skulle underlegge seg andre statar.

Dette ser ein og tydeleg påverka tilnærminga Han-riket hadde til ekspansjonen inn i Tarimbekkenet. I dette området så var det jo nemleg mange statar som Han-riket kunne underlegge seg. Slik som det blei vist i kapittel tre, så blei tributssystemet utvikla, for å innlemma statane i Tarimbekkenet i eit system der Han-riket fekk bekrefte sitt overherredøme. Slik me har sett, så var ekspansjonen inn i Tarimbekkenet også ein måte, for Han-riket å auke sin prestisje på, og var tydeleg ein motiverande faktor bak ekspansjonen. Det blei og viktig å oppretthalde denne prestisjen, og det var, noko av årsaka til at Han-riket fortsette konflikten med Dayuan. Vidare så blei det og viktig for Han-riket at andre statar viste dei den rette form for respekt.

Gjennom auka kontakt og innsyn i Tarimbekkenet så fekk og Han-riket meir kjennskap til ressursane som var å finne der. I kapittel fira blei det vist korleis Tarimbekkenet var ei kjelde til mange forskjellige ressursar som både var av strategisk viktighet, men og dei som var av særleg interesse for Han-riket. Her var det spesielt blod-sveittande hestar og jade som Han-riket hadde stor interesse av. Dette ekskluderer ikkje den interessa som det og må ha vore for ressursar som gull, sølv, tinn, jern og kobbar. Spesielt tinn og jern var det mange førekomstar av i Tarimbekkenet. Det ser og ut til at Han-riket hadde ei spesiell interesse i å sikre tilgangen til Khotan, som ser ut til å enten ha vore ein viktig mellomstasjon, eller eit slags større sentrum. Dette er derimot noko som trengs å undersøkast meir, men som ikkje kan bli gjort her. Vidare så blei det vist at Han-riket gjorde spesifikke tiltak for å sikre tilgang til ressursane i Tarimbekkenet. Det blei oppretta forsvarsverk som sikra rutene vestover slik at det blei tryggare for utsendingane å reise. Ein ser og at desse utsendingane ofte fungerte som handelsmenn, eller at dei hadde som ein del av oppdraget sitt å sikre ressursar. Det blei og oppretta jordbruks koloniar i Tarimbekkenet, som spesifikt skulle fungera som Det kan og sjå ut til at Han-riket førte ein politikk som oppmuntra til meir handel. Dette viser at det tydeleg låg ein økonomisk motivasjon bak ekspansjonen og okkupasjonen. Denne forma for imperialisme, der søken etter økonomisk vinning stod i sentrum, var ein form for aggressiv imperialisme utøvd av Han-riket.

Han-riket sin motivasjon for å ekspandere inn i og okkupere Tarimbekkenet kan bli sett på med forskjellige syn. På den eine sida så er det eit kronologisk aspekt som må diskuterast. I den tidlege fasen av Han-riket sin ekspansjon så er det tydeleg at det er det forsvars-

strategiske og sikkerheita til riket som står i fokus. I samband med dette så er det og behovet for Han-riket å restaurere si verdsoppfatning, som seg sjølv i sentrum, som motiverer dei til å ekspandere. Etter kvart som at Han-riket får meir kjennskap til Tarimbekkenet så ser det ut til at motiva til riket forandrar seg. Dette skjer og i samband med at dei andre måla med ekspansjonen har forsvunne noko. Han-riket viser etter dette ei enorm interesse i ressursane i Tarimbekkenet. Dette viser at motiva til Han-riket skifta, frå å vere grunna i det forsvarsstrategiske og verdsoppfatninga, til å vere grunna i det økonomiske. Når det kjem til teoriane om romersk imperialisme, så ser ein at Han-riket gjekk frå å ha ei defensiv tilnærming til imperialisme til ein meir aggressiv form for imperialisme.

Bibliografi

Kjelder

- Burrow, Thomas. "A Translation of the Kharosthi Documents from Chinese Turkestan." The Royal Asiatic Society of Great Britain and Ireland, <https://depts.washington.edu/silkroad/texts/niyadocts.html>.
- Gu, Ban, trans. Hulsewé, A.F.P. introd. Loewe, M. *China in Central Asia: The Early Stage: 125 Bc - Ad 23 ; an Annotated Transl. Of Chapters 61 and 96 of the History of the Former Han Dynasty. With an Introd. By M.A.N.Loewe*. Brill, 1979.
- Qian, Sima, trans Burton Watson. *Records of the Grand Historian: Han Dynasty*. vol. 1: Renditions-Columbia University Press, 1993.
- Qian, Sima, trans Burton Watson. *Records of the Grand Historian: Han Dynasty*. vol. 2: Renditions-Columbia University Press, 1993.
- Sims-Williams, Nicholas. "The Sogdian Ancient Letters." <https://depts.washington.edu/silkroad/texts/sogdlet.html>.
- Ye, Fan, trans. Hill, J.E. *Through the Jade Gate to Rome: A Study of the Silk Routes During the Later Han Dynasty 1st to 2nd Centuries Ce : An Annotated Translation of the Chronicle on the 'Western Regions' in the Hou Hanshu*. BookSurge Publishing, 2009.

Litteratur

- Bielenstein, H. *The Restoration of the Han Dynasty: With Prolegomena on the Historiography of the Hou Han Shu. The Government*. Östasiatiska mus., 1953.
- Boulnois, L., B. Mayhew, and A. Sheng. *Silk Road: Monks, Warriors & Merchants on the Silk Road*. Odyssey Books & Guides, 2012.
- Cashman, G. *What Causes War?: An Introduction to Theories of International Conflict*. Rowman & Littlefield Publishers, 2013.
- Champion, Craige B. *Roman Imperialism : Readings and Sources*. Interpreting Ancient History. Malden, Mass: Blackwell, 2004.
- Chang, C. *The Rise of the Chinese Empire*. University of Michigan Press, 2007.
- . *The Rise of the Chinese Empire: Nation, State, & Imperialism in Early China, Ca. 1600 B.C.-A.D. 8*. University of Michigan Press, 2007.
- Comso, Nicola Di. *Ancient City-States of the Tarim Basin. A Comparative Study of Thirty City-State Cultures: An Investigation*. Edited by M.H. Hansen: Kongelige Danske Videnskabernes Selskab, 2000.

- Cosmo, Nicola Di. *Ancient China and Its Enemies*. Cambridge, GB: Cambridge University Press, 2002.
- . "Han Frontiers: Toward an Integrated View." *Journal of the American Oriental Society* 129, no. 2 (2009): 199-214.
- Cribb, J. O. E. "The Sino-Kharosthi Coins of Khotan: Their Attribution and Relevance to Kushan Chronolog: Part 1." *The Numismatic Chronicle (1966-)* 144 (1984): 128-52.
- . "The Sino-Kharosthi Coins of Khotan: Their Attribution and Relevance to Kushan Chronology: Part 2." *The Numismatic Chronicle (1966-)* 145 (1985): 136-49.
- Durrant, Stephen W. *The Oxford History of Historical Writing: Volume 1: Beginnings to Ad 600*. Edited by A. Feldherr and G. Hardy: OUP Oxford, 2011.
- Hansen, Valerie. *The Silk Road : A New History*. New York: Oxford University Press, 2012.
- Hill, J.E. "The Western Regions According to Hou Hanshu." https://depts.washington.edu/silkroad/texts/hhshu/hou_han_shu.html, 2003.
- Hill, J.E. *Through the Jade Gate to Rome: A Study of the Silk Routes During the Later Han Dynasty 1st to 2nd Centuries Ce : An Annotated Translation of the Chronicle on the 'Western Regions' in the Hou Hanshu*. BookSurge Publishing, 2009.
- Høisæter, Tomas. "Beyond the White Dragon Mounds: The Politics of the Tarim Basin in the First Three Centuries Ce, Their Rise and Importance for Trade on the Silk Road Tomas." University of Bergen, 2013.
- Holcombe, C. *A History of East Asia: From the Origins of Civilization to the Twenty-First Century*. Cambridge University Press, 2011.
- Hulsewé, A.F.P., and M. Loewe. *China in Central Asia: The Early Stage: 125 Bc - Ad 23 ; an Annotated Transl. Of Chapters 61 and 96 of the History of the Former Han Dynasty. With an Introd. By M.A.N.Loewe*. Brill, 1979.
- Kang, David C. *East Asia before the West : Five Centuries of Trade and Tribute*. New York, NY, USA: Columbia University Press, 2010.
- Kao, Jeffrey, and Yang Zuosheng. "On Jade Suits and Han Archaeology." *Archaeology* 36, no. 6 (1983): 30-37.
- Liu, Xinru. *The Silk Road in World History*. The New Oxford World History. Oxford: University Press, 2010.
- Meyer, Jørgen Christian, I. Brandvik Mæhle, Tønnes Bekker-Nielsen, and Bjørn Alex Herrman. *Antikkens Historie : Høvdingdømme, Bystat, Imperium*. Oslo: Cappelen akademisk forl., 1998.

- Nienhauser, William H. *The Oxford History of Historical Writing: Volume 1: Beginnings to Ad 600*. Edited by A. Feldherr and G. Hardy: OUP Oxford, 2011.
- Nishijima, Sadao. *The Cambridge History of China: Volume 1, the Ch'in and Han Empires, 221 Bc-Ad 220*. Edited by D. Twitchett, J.K. Fairbank and M. Loewe: Cambridge University Press, 1986.
- Penhallurick, R. D. *Tin in Antiquity : Its Mining and Trade Throughout the Ancient World with Particular Reference to Cornwall*. Leeds, GBR: Maney Publishing, 2008.
- Psarras, Sophia-Karin. "Han and Xiongnu: A Reexamination of Cultural and Political Relations (I)." *Monumenta Serica* 51 (2003): 55-236.
- Rapp, George. *Archaeomineralogy. Natural Science in Archaeology*. 2nd ed. ed. Dordrecht: Springer, 2009.
- Raschke, M. G. *New Studies in Roman Commerce with the East, Aufstieg Und Niedergang Der Römischen Welt : Geschichte Und Kultur Roms Im Spiegel Der Neueren Forschung : 2 9 2 : Principat Politische Geschichte : (Provinzen Und Randvölker: Mesopotamien, Armenien, Iran, Südarabien, Rom Und Der Ferne Osten)*. Berlin: W. de Gruyter, 1978.
- Scott, D.A. *Ancient Metals: Microstructure and Metallurgy*. Conservation Science Press, 2011.
- Stein, A. *Serindia: Text*. 5 vols. vol. 3: Motilal Banarsidass, 1921.
- Stein, Aurel. *Ancient Khotan : Detailed Report of Archaeological Explorations in Chinese Turkestan*. New York: Hacker Art Books, 1975.
- Sun, W. *Chinese Seals: Carving Authority and Creating History*. Long River Press, 2004.
- Torday, L. *Mounted Archers: The Beginnings of Central Asian History*. Durham Academic Press, 1997.
- Wang, Helen. *Money on the Silk Road the Evidence from Eastern Central Asia to C. Ad 800* [in English]. London: British Museum Press, 2004.
- Wang, Q.E., F.L. Fillafer, and G.G. Iggers. *The Many Faces of Clio: Cross-Cultural Approaches to Historiography, Essays in Honor of Georg G. Iggers*. Berghahn Books, 2007.
- Whiting, M.C. *Imperial Chinese Military History: 8000 Bc-1912 Ad*. iUniverse, 2002.
- Yu, M. *Chinese Jade*. Cambridge University Press, 2011.
- Yü, Y. *The Cambridge History of China: Volume 1, the Ch'in and Han Empires, 221 Bc-Ad 220*. Edited by D. Twitchett, J.K. Fairbank and M. Loewe: Cambridge University Press, 1986.

———. *Trade and Expansion in Han China*. University of California Press, 1967.

Yutang, Ma Yong og Sun. *The Western Regions under the Hsiung-Nu and the Han*. History of Civilizations of Central Asia. Edited by Janos Harmatta: UNESCO Publishing, 1994.

Appendiks

Appendiks I. Tidstabell

Årstal	Hending
198fvt	Fyrste <i>ho-chi'in</i> avtale blir inngått mellom Han-riket og Xiongnu-folket
198-133fvt	Perioden der Han-riket følger <i>Ho-chi'in</i> politikken
133fvt	Han-riket bryt med politikken, konflikt med Xiongnu-folket
138-126fvt	Zhang Qian sin ekspedisjon til Yüeshi-folket. Han-riket fyrste offisielle innblikk i Tarimbekkenet
106fvt	Konflikt med Dayuan over hestar, Han-riket viser større interesse ovanfor Tarimbekkenet
59fvt	Opprettinga av embete Protektorat General over dei vestlege områda.
9-25evt	Borgarkrig i Han-riket, mellom periode der Wang Mang styrte. Dei trekker seg ut av Tarimbekkenet

73evt	Han-riket tar igjen kontroll over Tarimbekkenet
-------	---


Appendiks II. Kart

Tarimbekkenet




Oversikt over statar i Tarimbekkenet, dei i svart er bystatar, dei i gult er nomadiske folkegrupper og det i raudt er administrasjonssenter for Han-riket.


Nord-austlege del




Sør-austlege del



Sør-vestlege del




Nord-vest



Ressurskart




Raudt: Bly, Burgunder: Kobbar Svart: Jern Grøn: Jade Brun: Hestar Grå: Sølv Gul: Gull. Informasjonen her er henta frå *Hanshu*. Noko av informasjonen om tinn, er derimot henta frå Penhallurick, 2008



<http://www.messagetoeagle.com/limewatchtowstein.php#.Vrnmr-b51jg>, 16.05.16

Oversikt over Han-riket og Xiongnu-folket sine områder



http://www.allempires.com/article/index.php?q=The_Xiong_Nu_Empire, 16.05.16

Appendiks III: Mynter



Eksempel på wuzhu-mynter frå Han-perioden. http://primaltrek.com/charmcoins.html#wu_zhu_dots



Eksempel på sino-kharosthi-mynter. <http://idp.bl.uk/4DCGI/education/dialogue/coins.html>